

Temaplan

for

kulturminne

i



Nord-Aurdal

2021

DEL 1 BAKGRUNN OG FØREMÅL MED PLANEN	3
Innleiing	3
Bakgrunn og føremål	3
Aktuelle bruksområde for kulturminneplanen.....	3
Arbeidsprosess	3
Planens oppbygging.....	4
Verdisetjing av kulturminne	5
Verdiskaping, bruk og prioritering	5
Ansvar og roller innanfor kulturminnearbeidet	6
Program, prosjekt og registreringsoppgåver.....	8
Nasjonalt.....	8
På fylkesnivå	10
Lokalt	10
Nye registreringar.....	12
DEL 2 REGIONAL HISTORIKK OG PRIORITERINGAR	13
Historia i Valdres	13
Prioriterte område for Valdres.....	14
Stølsdrift	14
Ferdshistorie med vegar og skysstasjonar	16
Mellomalderkyrkjer	24
Varslingsvardane	27
DEL 3 HISTORIE OG BAKGRUNN I NORD-AURDAL.....	29
Historia i Nord-Aurdal	29
PROSESSEN I NORD-AURDAL.....	30
Tidlegare kartfesta registreringar i Nord-Aurdal.....	31
Definerte kulturminnegrupper.....	39
Stølsdrift	39
Ferdshistorie.....	40
Handel og tettstader	41
Reiseliv.....	42
Kyrkjehistorie og kyrkjestader.....	42
Vassdragsindustri	43
Krigsminne.....	44
DEL 4 PRIORITERTE LOKALITETAR I NORD-AURDAL	47
1 Gamle Fagernes	48
2 Aurdalsbyen.....	72
3 Frydenlund.....	82
4 GAMLE LEIRA	88
5 Ulnes mellomalderkyrkje.....	100
6 Stølsvidda	108
7 Kongevegen	119
8 Tungtvassruta	130
9 Valdresbanen.....	137
10 Faslefoss	152
11 Listeførte kyrkjer	157
12 Varslingsvardane på Ryeberget og Vardeberget.....	166
13 Tapptjedndalen og Skreolægeret	170
14 Aabjøra Mølle	175
15 Aurdal hjelpefengsel.....	179
16 Solabu	184
17 Døvre skule	193

18 Kyrkjesletta	198
19 Kulturlandskapet på Dalen - et pilotprosjekt for verdiskaping i stølsområde.....	201
DEL 5 OPPFØLGJING OG VIDARE ARBEID I NORD-AURDAL.....	205
Oppfølgingsområde.....	205
DEL 6 LOVVERK OG VERKEMIDLAR.....	206
Lovverk	206
Kulturminnelova	206
Plan- og bygningslova.....	206
Skogbrukslova.....	207
Listeføring.....	207
Omgrep.....	207
Tilskotordningar	209
Statlege tilskotordningar	209
Regionale tilskotsordningar.....	209
Kommunale tilskotsordningar	210
Private tilskotsordningar	210
DEL 7 VEDLEGG REGISTRERTE KULTURMINNE.....	211
KJELDER	211

DEL 1 BAKGRUNN OG FØREMÅL MED PLANEN

Innleiing

Bakgrunn og føremål

Alle kommunane i Noreg har vore invitert av Riksantikvaren til å søkje om midlar til å utarbeide kulturminneplanar. Valdres-kommunane har søkt om kr 100 000,- kvar til arbeidet i perioden 2013–2015, med ferdigstilling 31.12.2017. Arbeidet skal i hovudsak innehalde minne innanfor ansvarsområda til kommunane, det vil seie bygningsmasse og minne frå nyare tid. Hensikta med planane er ei meir målretta forvaltning og større ansvar for prioriterte kulturminne i kommunen. Denne planen kan nyttast av kommunane til å utarbeide kommunedelplan for kulturminne i sin kommune.

Aktuelle bruksområde for kulturminneplanen

Areal- og byggesaksbehandling, der planen kan brukast:

- til prioritering/retningslinjer for byggesaksbehandling.
- som grunnlag for utvikling av tettstader
- som grunngeving av omsynssone i juridisk bindande arealplan (kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar eller reguleringsplanar)
- som grunnlag for KU-krav, blant anna i kommuneplanen
- for å skape kjennskap til kulturminne i utbyggingsprosessar

Kopling til andre sektorar i kommunen, slik som folkehelse, oppvekst og utdanning, kultur og næringsutvikling, der planen kan brukast i samband med:

- kulturminne i undervisning eller som grunnlag for gode opplevingar
- tilrettelegging av turløyper
- engasjement i lokalsamfunn (velforeiningar, aktive eigarar osv.)
- grunnlag for lokalt næringsliv
- besøksattraktivitet
- merkevarebygging eller ramme for aktivitetar (kulturevenement, reiselivsattraksjonar osv.)
- auka lokal bevisstheit om kulturminne
- identitet og samhald

Aktiv tilskots- og økonomiforvaltning, der planen kan brukast:

- til prioritering av kulturminne ved tildeling av midlar
- som grunnlag for skattelette (reduert eigedomsskatt osv.)
- til prioritet ved tildeling av SMIL-midlar, søknad til kulturminnefond osv.
- til føreseieleg planlegging ved kopling til kommunens økonomiplan

Arbeidsprosess

Proessen i kvar kommune har vore lagt opp slik at kommunen involverer aktuelle lag og ressurspersonar til å kome med innspel. Gruppene har hatt møte etter initiativ frå prosjektleiar etter kvart under arbeidet. For alle kommunane har det vore eit møte før start i samband med søknad om finansiering frå Riksantikvaren (via Oppland fylkeskommune). I søknaden skulle det visast til prioriteringar i kvar kommune. I fleire kommunar har det vore nedsett arbeidsgrupper som har definert tema som er aktuelle å kartlegge, og det har vore laga arbeidskart med koordinatfesting og tekst om kulturminna. Alle arbeids-/manuskart er lagt inn i ein registreringstabell. Der har ein også forsøkt å legge inn minne som er registrert tidlegare.

Samstundes med at kulturminna er lagt inn i tabell, er det gjort ei verdivurdering der arbeidsgruppa og kommunen har vore med på å velje ut dei 20 viktigaste minna for kommunen. Dette er teke med i kulturminneplanen.

Stølsminne

I samband med stølsregistreringane i Valdres 2007–2010 vart det registrert om lag 1900 kulturminne i stølsområda. Dei fleste av desse er frå nyare tid. Dei er definert etter Riksantikvarens omgrep og importert inn i Innlandsgis.

Om registreringstabellen


Oppsettet av registreringstabellen er etter mal frå Riksantikvaren. Tabellen har førehandsdefinerte omgrep. I Valdres har det vore behov for nye omgrep, som til dømes leikeplassar, danseplassar osv., og vi har søkt Riksantikvaren om å få godkjent desse.

Valdres har også hatt behov for å lage ein søkbar kolonne for aktuell bruk av minnet eller informasjonen om minne. Det er gjeve kode for korleis minnet er eigna med tanke på «Lokal base 1 (kommuneplan), 2 (Outtt), 3 (skule), 4 (Temakart)».

Ferdige datasett blir importert i Innlandsgis http://geocortex2.innlandsgis.no/site_open. Arkeologiske minne som ikkje er registrert tidlegare, skal importerast til databasen *Askeladden* <https://askeladden.ra.no/Askeladden/Pages/LoginPage.aspx>

Kompetanseplan for kulturminne

Kompetanseplan for kulturminnearbeidet i Valdres vart utarbeidd i forkant av utarbeiding av kulturminneplanane. Kompetanseplanen definerer ansvarsområde for alle som er involvert eller har ei rolle i kulturminnearbeidet i Valdres, når det gjeld utførte oppgåver og pågåande oppgåver/prosjekt. Vidare tek planen opp tema som bør inn i ein kulturminneplan. Kompetanseplanen finn du på <https://www.valdres.no/valdres-natur-og-kulturpark/styringsdokument> og publikasjonar.



Planens oppbygging

Kvar kommune har fått sin eigen plan. Planen er delt opp i fem delar.

DEL 1: BAKGRUNN OG FØREMÅL MED PLANEN

Her er innleiande kapittel som fortel om bakgrunn, roller og arbeidet med planen

DEL 2: REGIONAL HISTORIKK OG PRIORITERINGAR

I dette kapittelet går vi gjennom dei regionale prioriteringane som gjeld for alle dei seks Valdreskommunane.

DEL 3: PROSESS OG HISTORIKK FOR KVAR EINSKILD KOMMUNE

Her går vi kort gjennom korleis kulturminnearbeidet har føregått i Nord-Aurdal

DEL 4: PRIORITERTE KULTURMINNE

I dette kapittelet tek vi for oss dei 20 viktigaste kulturminna med forslag til oppfølgingstiltak 18 for Nord-Aurdal).

DEL 5: OPPFØLGING OG VIDARE ARBEID

Nokre av kulturminna er større og omfattande område. Derfor har Nord-Aurdal vald ut 19 prioriterte minne, og ikkje 20, som dei andre Valdreskommunane. Det betyr at det er fleire minne og tema som ikkje er tekne med. I kapittel 5 er det ei kort skisse over dei som ikkje vart med no, og korleis ein kan arbeide vidare med desse.

DEL 6: VEDLEGG TABELLAR

Tabellvedlegg og kart.

Verdisetjing av kulturminne

Minna er verdsett frå 1 til 4 der 1 er høgast og 4 er lågast.


Verdiskaping, bruk og prioritering

Det er ikkje eit mål at alle minna skal vernast for bruk. Tvert om har mange minne godt av å bli nytta. Meir bruk, kjennskap og kunnskap kan føre til at alle blir meir bevisste om verdien av desse kulturminna. Vi har derfor lagt til ein kategori med kodar 1–4 for korleis minnet er eigna til ulike aktivitetar som turoppleving, undervisning, temakart og som saksgrunnlag for forvaltninga.



Figur 1. Stølsruta gjennom Stølsvidda har vore del av verdiskapingsprogrammet for kulturminne til Riksantikvaren

Ansvar og roller innanfor kulturminnearbeidet



Miljøverndepartementet

Kulturminneforvaltninga har Miljøverndepartementet som øvste forvaltningsorgan, med Statens kulturminneråd som rådgjevande organ. Riksantikvaren (RA) er også eit rådgjevande organ og fagleg sekretariat innanfor kulturminneforvaltninga. Vidare har han ansvar for å setje i verk den politikken som Stortinget og regjeringa måtte bestemme, og har forvaltningsansvaret for kyrkjer frå mellomalderen.

Riksantikvaren

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgjevar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har hovudansvaret for alle kulturminne og held ved like hovudregisteret for kulturminne (Askeladden og Kulturminnesøk).

NIKU

NINA/NIKU (Norsk institutt for naturforskning og kulturminneforskning) er eit uavhengig forskings- og kompetansmiljø for norske og internasjonale kulturminne. Instituttet har ansvaret for undersøkingar i mellomalderbyane og ved kyrkjestader frå mellomalderen.

Oppland fylkeskommune

Fageininga kulturarv er kulturminnemyndigheit i Oppland fylke og har forvaltningsansvar etter kulturminnelova. Eininga har særskilt ansvar for automatisk freda minne og vedtaksfreda bygningar.

Ho gjev uttaler i bygge- og plansaker og gjennomfører arkeologiske registreringar etter kulturminnelova § 9.

Dei arkeologiske forvaltningsmusea

Dei arkeologiske forvaltningsmusea (Universitetets kulturhistoriske museum, Oldsak-samlinga, Arkeologisk museum i Oslo, Historisk museum i Bergen, Vitskapsmuseet i Trondheim og Tromsø) har i tillegg til å oppbevare gjenstandar frå forhistorisk tid og mellomalder til oppgåve å behandle søknader om dispensasjon frå kulturminnelova og setje i verk utgravingar. Fram til 1990 vart alle arkeologiske registreringar arkivert på musea, men dette ansvaret vart då delegert til fylkeskommunen.

Kommunane

Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å ivareta kulturminneomsyn. Han har gjennom plan- og bygningslova ansvar for kulturminneomsyn i samband med bruk og utbygging av kommunen sitt areal.

Valdresmusea AS

Valdresmusea AS omfattar i dag Valdres Folkemuseum, Bautahaugen Samlinger, Bagn Bygdesamling og Gardbergfeltet. Museet er kompetansenav og formidlar av Valdres-historia og har som føremål å drive bevaring, dokumentasjon, forskning og formidling knytt til den lokale kulturarven. Valdresmusea forvaltar lokalhistoriske arkiv med blant anna folkemusikk, bilete og dokument. Museet har også ein instrumentverkstad og ein eigen bygningsvernrådsgjevar som også arbeider med rådgjeving for huseigarar i Valdres. Valdresmusea har i tillegg utarbeidd tilbod innanfor Den kulturelle skulesekken.

Norsk institutt for bunad og folkedrakt og eit statleg oppnemnt fagråd, Bunad- og folkedraktrådet, er lokalisert ved Valdres Folkemuseum.

Valdres Natur- og Kulturpark

Valdres Natur- og Kulturpark er ikkje eit ledd i forvaltinga, men koordiner ein del av kulturminnearbeidet i Valdres. Arbeidet er forankra i årlege og langsiktige handlingsplaner og skal bidra til at kulturarven er forankra i merkevarebygging og verdiskaping. Valdres Natur- og Kulturpark har tilsett ein kulturkonsulent som mellom anna har utarbeida kulturminneplanane for kommunane.

Visit Valdres

Visit Valdres er paraplyorganisasjonen for reiselivet i Valdres. Visit Valdres skal selje Valdres og marknadsføre Valdres gjennom historia og kulturminna.

Lag og foreiningar

Valdres har historielag i alle kommunar, og i nokre er det fleire lag. Valdres historielag er ikkje overordna lokallaga. Valdres historielag utgjev ei årbok med ulike tema, og dessutan ulike kartleggingsoppgåver og publikasjonar. Dei lokale historielaga har aktivitetar og temadagar, fotoarkiv og publikasjonar.


Skular

Skulane er den viktigaste formidlaren av kulturhistoria til born og unge.

Program, prosjekt og registreringsoppgåver

Nasjonalt

- **Arkeologiske og freda kulturminne.** Mange kulturminne er registrert i samband med Økonomisk kartverk og diverse tiltak og utbyggingsoppgåver. Desse er arkivert i databasa Askeladden på <https://askeladden.ra.no/>
- **Laserskanning frå fly (LiDAR)** er ein teknikk der ein bruker infraraudt laserlys frå fly til å måle avstandar til terreng og objekt. Teknikken kan syne spor under vegetasjonsdekke, og dermed er det enklare å lokalisere minne. Alle Valdres-kommunane har utført laserskanning i aktuelle utbyggingsområde. Prosjektet er ei samfinansiering mellom stat og kommune.




Figur 2. Kartet syner registrerte, freda kulturminne (raude punkt) og område for laserskanning (blå) i Oppland

- **KULA – kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse** er eit tiltak i Riksantikvaren sin regi der det skal veljast ut kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Valdres har spela inn ulike område til Oppland fylkeskommune, som skal ta eit utval frå heile Oppland. Oppland fylkeskommune hentar inn opplysningar frå relevante regionale og lokale aktørar. Innspela frå Valdres er gjevne frå Valdres kulturnettverk (kulturansvarleg i kvar kommune, Valdresmusea, Ung i Valdres og VNK). Forslaget frå Valdres omhandla følgjande:



Figur 3. Innspela frå Valdres. Desse vart redusert i den vidare prosessen i Oppland fylkeskommune. Kart over område som gjekk vidare frå Oppland, er vist på neste side.



Figur 4. Oppland fylkeskommune sitt kart over kulturhistoriske landskap med nasjonal interesse

- ✓ **Vassfaret og Vidalen, Sør-Aurdal** (kombinasjon fangst- og skogbrukskultur)
- ✓ **Kongevegen gjennom Valdres** (1793, norsk veghistorie)
- ✓ **Stølsvidda Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang** – levande stølskultur med rikt biologisk mangfold og mange kulturspor frå jernalder til nyare tid
- ✓ **Reinfangstanlegg oppunder Jotunheimens sørside i Vang** – større fangstanleggssystem frå vikingtid/mellomalder rundt Slettefjell
- ✓ **Stavkyrkjene Reinli, Høre og Lomen med tilhøyrande kulturlandskap** – i tillegg til å ha ein stor eigenverdi ligg kyrkjene i omgjevnader med mykje intakt bygningsmiljø og kulturlandskap
- ✓ **Eldre historie ved Vinstervatn** – frå steinalder til stølsdrift
- ✓ **Dei seks varslingsvardane (vetane)** – vetane er meir eller mindre restaurert og tilrettelagt som turmål
- ✓ **Øylo gjestgjevargard med tilhøyrande kulturlandskap** – ein av dei mest intakte skysstasjonar i Valdres
- **BARK – Bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne.** Målet til bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) er at eit representativt utval arkeologiske kulturminne og kulturmiljø skal sikrast gjennom skjøtsel og bli gjort tilgjengelege for publikum. Valdres-kommunane bortsett frå Sør-Aurdal har søkt og fått BARK-midlar frå Riksantikvaren gjennom Oppland fylkeskommune. Det er gjeve midlar til

Vang/Oppdalstølen og tilrettelegging av skålgropsteinar og jarnvinneanlegg, Gardbergfeltet i Vestre Slidre, Faslefos og bronsealderrøyser, jarnvinneanlegg i Øystre Slidre og steinalderbusetnader i Etnedal.


- **Verdiskapingsprogrammet for kulturminne** er eit program som starta i 2006 og vart avslutta i 2015. Hensikta var å bruke kulturarven som utgangspunkt for verdiskapinga. Valdres var ein av pilotane for Verdiskapingsprogrammet for kulturminne i 2006–2010 fordi vi var i ferd med å etablere ein regionalpark. Ei viktig årsak til at Valdres vart valt til pilot, var òg at regionen er det viktigaste stølsområdet i Nord-Europa, og at han har seks av dei 28 stavkyrkjene i Noreg.
- **Norsk kulturminnefond** er ein av dei viktigaste økonomiske bidragsytarane for å restaurere verdifulle bygningar og kulturlandskap. Desse har no knytt sine prioriteringar til dei kommunale kulturminneplanane.
- **Olavsrosa og Norsk Kulturarv**. Norsk Kulturarv har nokre kulturminne i kartløyninga si. Her finn vi nokre av stavkyrkjene, kulturminne som har Olavsrosa, Valdresmusea og dessutan nokre få, spesielle enkeltminne som Lundebraua og Vangssteinen.

På fylkesnivå


- **SEFRAK-registreringar (Sekretariatet for faste kulturminne)**. Alle kommunane fekk i perioden 1980–2000 støtte til å registrere bygningar frå før 1900. Desse er arkivert i SEFRAK-registeret, og ligg i GAB-registeret. Fleire bygningsmiljø er også registrert i samband med restaureringstiltak.
- **Verdiskaping og innovasjon i kulturarven (VINK)**. Dette er eit program som starta i 2012 og vart avslutta i 2015. Programmet var ei oppfølging av Riksantikvarens Verdiskapingsprogram for kulturminne. I Valdres fell sykkelruta Mjølkevegen og strekninga Kongevegen over Filefjell innanfor programmet.
- **Fagmelding for kulturminne i Oppland** skal utarbeidast i 2017. Fagmeldinga skal peike ut regionalt verdifulle kulturminne og kulturmiljø og blir eit prioriteringsverktøy for vidare arbeid.
- **Kartlegging av kulturminne, beite og reksler i Valdres**. VNK og stølslag har saman med Valdres-kommunane registrert kulturminne, reksler og beiter i stølsområda. Til saman er 1869 minne registrert. Det vart berre registrert minne hos stølseigarar som sjølv deltok aktivt, og stølar i drift vart prioritert.

Lokalt

- **Kommunale registreringar**. Fleire kommunar har gjennom fleire år registrert kulturminne. Vang kommune har digitalisert minne frå Økonomisk kartverk (2000) og registrert /digitalisert minne frå nyare tid. I Vestre Slidre skjedde ei oppdatering av fortidsminne i Vestre Slidre med utgjevinga *Minne om fortida – Fortidsminne i Vestre Slidre* (2006). Etnedal har digitalisert stignett frå historiske kart og utarbeidd temakart for kulturminne, og Øystre Slidre har mellom anna registrert spesielle bygningsmiljø. Nord-Aurdal kommune har mellom anna registrert bygningsmiljø i tettstader.
- **Gamal byggeskikk i kommunane**. Kvar kommune har gjeve ut eit hefte om byggeskikken i sin kommune etter SEFRAK-registreringane. Desse har sortert alle registrerte bygg (alle frå før 1900) etter gards- og bruksnummer bak i heftet.
- **Kartlegging av kulturminne, beite og reksler i stølsområde**. I perioden 2007–2011 vart det registrert kulturminne, beite og reksler i stølsområda. Arbeidet vart gjennomført av stølslaga i samarbeid med kommunane i regi av Valdres Natur- og Kulturpark. I utgangspunktet prioriterte ein stølslaga der det var drift. Til saman 1869 kulturminne vart registrert.



Figur 5. Registrerte beite og kulturminne i stølsområda



Figur 6. Stølsregistreringar kulturminne i Valdreskommunane (med unntak av Øystre Slidre) ligg no i Inlandsgis.no



Figur 7. Menkasteinen i stølslaget Menka, Stølsvidda. Foto: Ulf Ullring

- **Historielaga** har registrert, men ikkje alle koordinatfesta, mange ulike kulturminne som husmannsplassar, heimstølar, bufarsveggar, bureisingsbruk, fiskesløer, milesteinar o.a. Historielaga har også gjeve ut ei rekkje bøker.
- **Fagernes handelsstand** har gjeve ut bøker om Fagernes
- **Appen Outtt Valdres** skildrar kulturminne som er eigna for tilrettelegging i samband med turar og andre opplevingar.

Nye registreringar

Etter ei samla vurdering er mykje kartlagt, og det var lite behov for nye registreringar. Det var derimot eit stort behov for å samle, tolke og systematisere eksisterande registreringar i ein samledatabase. Arbeidet er gjort saman med historielag, lokalkjende og kommune, der det er halde informasjons- og arbeidsmøte. Det er teikna på kart, gjeve referansar og tilvisingar som er systematisert i ein samledatabase for import i Inlandsgis. Type temakart er bureisingsbruk, husmannsplassar, kraftverk, møller, reiselivsstadar, kyrkjestader, gamle vegar, danseplassar og andre tema historielag og kommune ynskte å ha med. Kulturminna er gjevne ein verdi 1–4 der 1 er høgast. Inntil 20–25 kulturminne med verdi 1 og 2 er tekne med vidare i kulturminneplanen i kvar kommune. For kvart minne er det gjeve informasjon om minnet, grunngeving for verdisetjinga med forslag til tiltak og ansvarsfordeling. Kulturminneplanen kan derfor gje grunnlag for ein eigen delplan for kulturminne dersom kommunen ynskjer det.

DEL 2 REGIONAL HISTORIKK OG PRIORITERINGAR

Historia i Valdres

Frå jeger til bonde

Dei eldste dokumenterte spora etter folk i Valdres er frå eldre steinalder. Ved Sulevatn i Vang er det registrert kol frå groper i bakken som er datert 8000 år attende. I 2015 vart det gjort nye registreringar ved Vinstervassdraget. Der er det gjort funn frå omtrent same periode, med kontinuerleg busetjing gjennom fleire 1000 år. På den tida var valdrisane veidefolk som levde av jakt og fangst. Dei eldste spora etter husdyrbruk og landbruk er om lag 4000 år gamle og er dokumentert gjennom analysar av beitepollen ved Gardbergfeltet på Slidreåsen mellom Vestre og Øystre Slidre. I Gardbergfeltet er det registrert skålgroper som blir rekna for å vere frå bronsealder, og mange gravminne frå eldre og yngre jernalder. Funn av eit romersk sverd vitnar om kontakt med kontinentet lenger sør. I myrfunn frå Jylland i Danmark (Illerup) er det funne gjenstandar frå Sør- og Vest-Noreg frå slutten av romartida. Funna i Danmark er truleg krigsbytteofringar etter tokt mot germanarane som opererte mot grensa til Romarriket (Illekjær, Jørgen 2000).

Den faste busetjinga i Valdres synest å ha vore omfattande allereie i yngre romartid. Både stadnamn, gravfunn og oldfunn fortel om ekspansjon gjennom jernalderen, inn i mellomalder og fram til svartedauden.


Frå rikdom til svartedauden

Frå jarn-mellomalder er det mange spor etter jarnutvinning i form av slagghaugar, kolgroper og jarnvinner. Det har vore særst mange stavkyrkjer i Valdres, og desse saman med dei tre steinkyrkjene Ulnes, Slidredomen og Mo kan tyde på at Valdres hadde opparbeidd seg ein viss velstand. Til saman skal det ha vore 18 stavkyrkjer og tre steinkyrkjjer i Valdres. Svartedauden i 1347 tok mange liv, og folketalet vart redusert til om lag det halve av den smittsame pesten. Mange gardar vart lagt aude.

Nyare tid

Nyare tid blir rekna frå slutten av mellomalderen, etter reformasjonen i 1537. Etter svartedauden tok folketalet seg langsamt opp, og frå 1600-talet byrjar det å dukke opp fleire støljar. Dei fleste gardane i Valdres er små i europeisk samanheng, og dei var derfor avhengige av å nytte beite utanfor dei dyrkbare områda. Til garden hørde gjerne både ein og fleire haust- og vårstøljar, og ein langstøl.

På 1700–1800-talet vaks folketalet kraftig, og på 1700-talet vart husmannsvesenet vanleg. Etter store folkevandringar frå Noreg til USA på midten av 1800-talet gjekk folketalet ned, og frå 1928 fekk husmennene lovfesta rett til å løyse inn husmannsplassane sine og få dei matrikulert.



Frå garden og heile vegen frå gard til fjell er det spor etter hausting. Fôret vart slått i alle bakkar og lier, lauv, ris og mose vart hausta og drege heim. Mange stader der det no er tett skog, kan du finne enkle steinleggingar etter løetuffer eller stakkstøer.

Då folketalet var på sitt høgaste, vart det også stor etterspørsel etter brensel, og vedskogen strakk ikkje til. Trerøtene stabiliserer jorda og kan dempe jordutglidingar. Der det var hard hogst, vart jorda meir utsett for erosjon og jordutglidingar, som vi hadde fleire stader i Valdres på 1800-talet. Mange stader vart myrtorv nytta som brensel, og spor etter dette finst mange stader i Valdres.

Frå sjølvberging til råvareleverandør

Livet vart enklare for bonden under «det store hamskiftet», som industrialiseringa også blir kalla. Vi fekk dampmotor, tog, felles sagbruk og møller, og ikkje minst Fellesmeieriet. Gardane vart meir effektive og kunne produsere meir mat. Då meieria kom, slapp bonden foredle mjølka sjølv, med alt arbeid dette førte med seg. Samstundes med industrialiseringa byrja dei fyrste teikna til attgroing.

Opp mot vår tid har det skjedd endå fleire endringar. Noreg og Valdres har vorte meir avhengige av tilhøve og marknad i resten av verda. Små og brattlendte bruk er tungdrivne, og med auka krav til effektivisering og samstundes låge prisar på importert kraftfôr har bruken av utmark til matproduksjon gått kraftig ned. Mindre hausting har gjeve oss det landskapet vi i dag opplever som attgrodd.

Reiselivet

På 1800-talet kom den spede starten på eit reiseliv i Valdres. Fjellklatring vart «vanleg» på 1800-talet. Briten William Cecil Slingsby (1849–1928), «norsk tindesports far», vitja Jotunheimen fleire gonger. Den Norske Turistforening vart etablert i 1866, og den fyrste hytta i Valdres og Jotunheimen vart sett opp i 1870 på Tvindehaugen ved Tyinvatnet i Vang. Med Valdresbanen i 1906 opna det seg fleire moglegheiter for folk til å kome til fjells – og dermed vart det også grunnlag for fleire høg fjellshotell.

Mange stader, som til dømes på Beitostølen, byrja besøksturismen i samband med stølsdrift. Allereie frå 1930-talet var det reiselivsaktivitet knytt til stølsdrift, og i 1947 kom den fyrste turisthytta på Beitostølen. I 1957 kom *Turistheimen* og i 1965 *Beitostølen Resort*. I dag er det til saman 4000 sengeplassar på Beitostølen i tillegg til 2000 private fritidsbustader.

Ei anna form for reiseliv, eller helseopphald og rekreasjon, var sanatorium. Desse vart nytta i behandlinga av tuberkulose og av nervøse lidningar (nervesanatorium). I Valdres var det fleire sanatorium på 1900-talet, mellom anna på Fossheim seter i Vestre Slidre.

Prioriterte område for Valdres

I desse avsnitta har vi teke for oss tema som er prioritert for alle dei seks Valdres-kommunane, om enn i nokon ulik grad.

Stølsdrift

For om lag 100 år sidan brukte gardane alt som var av beiteressursar, til husdyrbeiting. Ved kysten vart dyr frakta til øyer, og i fjelldalar vart dyra flytta til fjells. Med både heimstølar og langstølar kan mellom 50 000 og 100 000 stølar ha vore i drift. I 2017 er det om lag 1000. Om lag ein fjerdedel av desse ligg i Valdres. Dette betyr at Valdres er den viktigaste stølsregionen i Noreg og Nord-Europa. Ein viktig grunn til at vi har så mange stølar i drift, er at dei er rike og lett tilgjengelege. Mange stølslag fekk tidleg stølsveg, og på den måten kunne mjølka leverast til Fellesmeieriet også frå stølen, medan stølar utan veg oftast vart nedlagt.

Valdres har viktige stølsområde i alle kommunane, men Nord-Aurdal, Vestre og Øystre Slidre er kjerneområde for stølsdrifta. Derfor har både Fylkesmannen i Oppland, kulturvernavingdelinga i Oppland fylkeskommune og Valdres-kommunane foreslått stølsområda Nord-Aurdal og Vestre Slidre som utvalt, nasjonalt verdifullt kulturlandskap. I 1988 kom stølsvidda i Nord-Aurdal innanfor Nordisk biotopvern mellom anna på grunn av dei rike våtmarksområda og fuglelivet der.

Stølsområda inneheld mange ulike verdiar. Det viktigaste er utgangspunktet for bruken: beiteressursane. I tillegg er det faste kulturminne som kjøleanlegg, murar, tufter, reksler, danseplassar, lokkarsteinar og anna. På nokre stølar er det også skålgropsteinar, ein type ristningar, som knyter seg til den fyrste jordbrukskulturen for om lag 2000–500 år før vår tidsrekning. I utkanten av stølsområda kan vi finne andre spor som torvuttak og stakkstøer. Mange stader finn vi tufter, steinlegningar, slagghaugar og kolgroper i stølsområda.

Historia i seg sjølv og kunnskapen om bruken er også ein viktig del av historia knytt til stølsområda. Om stølsdrifta forsvinn, mister vi også mykje av kunnskapen om alt som knyter seg til denne haustingskulturen. Sjølv om musea har gjenstandar, musikk, bilete og litteratur om stølsdrift, kan ikkje det erstatte kunnskapen som er oppbygd gjennom generasjonar.


I Noreg og store delar av verda forsvinn mange artar kvart år. Til beitelandskapet knyter det seg artar som har tilpassa seg denne ekstensive bruken gjennom fleire tusen år. Når beitedyra forsvinn, endrar artssamansetnaden seg. Ubeita gras som blir liggjande, endrar både næringstilgang og pH i jorda, og skogen får snart godt feste. Lyselskande beiteplanter blir bytt ut med skogbotn.



Figur 8. Bakkesøte treng ope kulturlandskap. Foto: Katharina Sparstad

I Valdres har bøndene sjølv og kommunane kartlagt biologisk mangfald. Fleire utryddingstruga planter og vegetasjonstypar er registrert i stølsområda.

Sjølve stølshistoria har også ein eigen verdi for vår identitet. Mange som bur i Valdres, har ei eller anna stølsoppleving. Om stølsdrifta forsvinn som driftsform, mister vi ikkje berre beiteressursar, biologiske minne og kulturminne, men også ein del av vår eigen kultur. Kultur har dei seinare åra fått ei mykje sterkare kopling til reiselivet, og det vil derfor også svekke Valdres som besøksregion dersom stølsdrifta forsvinn frå Valdres.



Figur 9. Registrerte stølsminne (rosa prikkar) i samband med stølskartlegginga i Valdres

Det blir no arbeid med eit utvida stølsområde som eit utvalt kulturlandskap (Fylkesmannen) og som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (Riksantikvaren og OFK). Avgrensinga er ikkje avklart, men det er aktuelt å vurdere om stølsområde i Vestre Slidre og Vang også skal bli inkludert.

Ferdslehistorie med vegar og skystasjonar

Den eldste veghistoria er frå tida før både hest og kjerre kom til Noreg. Dei eldste vegane kan kjennast att ved at dei etter kvart danna holveg (grave seg ned i terrenget). Desse kunne bli så djupe at ein etter kvart laga eit nytt spor som vart ein ny og parallell holveg.

Hesten kom ein gong i det fyrste tusenåret før vår tidsrekning. I byrjinga vart han nytta til kløv- og ridedyr, og vegane var dermed kløv- og rideveg. Før kjerrevegane kom, vart hesten også nytta til å trekke dragslep.

Saltvegen

Filefjell er det lågaste fjellpasset mellom Aust- og Vestlandet, og ligg under skoggrensa. Det er mindre vêrhardt der enn på enn andre fjelloverganger. Derfor har vegen Lærdal–Filefjell–Valdres gjennom uminnelege tider vore hovudvegen mellom aust og vest. Her har det vore frakta varer som skinn, horn og jarnbarrar vestover, og salt og andre varer vart frakta hit frå vest.


Når folk drog etter salt, var det oftast fleire i lag, og folk slo seg saman på samlingspunkt undervegs før dei drog saman over fjellovergangane. Det var òg ein del gudbrandsdølar frå nedre Gudbrandsdalen som drog gjennom Valdres etter salt.

Ifølgje Knut Hermundstad gjekk saltvegen frå Begnadalen på plataået mellom Hallingdal og Valdres nordover til Reinli og vidare til Vestringsbygde. Derfrå gjekk vegen vidare til Flyoset ved Storfjorden mellom Vestre Slidre og Hemsedal. Her samla det seg fleire saltvegar vidare vestover til Grunke, Hydalen og Mørkedalen før vegen kom til Maristova i Lærdal. Det gjekk også ein saltveg lenger aust, frå Fossheim forbi Semeleng, Dingladn, og vidare vest langs Syndisvatna og over Skakadalen, forbi Sulefjell før det bar nedover Lærdal (Hvattum, 1993). Ei rute skal ha gått vidare gjennom Valdresdalen i Lærdal og ned Ljøsndalen.

I 2009 vart det i samband med etableringa av ny trasé til E16 avdekt ein handels- og handverksstad (kaupang) frå 800–1000 på Bjørkum (Bosheim, upubl.). Her er det avdekt om lag 30 hustuffer i tillegg til spor etter teltplassar og buer. Det vart mellom anna funne store mengder halvfabrikata av bein og gevir. Staden ligg ikkje så langt nedanfor der Ljøsndalen kjem ut, og kan ha ein samanheng med transport over fjellet (Bjørkum, 2009). Lenger oppe i dalen, ovanfor Maristova, er det også gjort funn som kan tyde på at det vart utveksla varer på staden.

Frå Vennis skal det ha gått ein saltveg til Årdal. Etnedal og Øystre Slidre skal ha hatt fleire saltvegar. Frå nord i Etnedal gjekk vegen over fjellet og vidare i Øystre Slidre. I Øystre Slidre gjekk det fleire saltvegar. Frå Lykkjegrenda gjekk vegen over Slettefjell. Frå Ukshøvd og Heggebygde gjekk vegen frå Ukshøvdbrue, gjennom Øyangslie, over Ulvhildsete og opp nordaust i Einebuåsen. Frå lenger sør gjekk vegen over Raneisethøvda og nordover Einebuåsen. Etnedølane hadde fleire saltvegar, og dei som budde nørdest i dalen, kom seg over fjellet til Øystre Slidre og følgde vidare same lei. Dei som budde synst i Etnedal, drog over til Sør-Aurdal og følgde vegen derifrå (Hvattum, 1993).

Nord for Tyinkrysset på Filefjell er det også registrert ein stubb av ein jarnalderveg som truleg vart nytta til å transportere jarnbarrar vestover.



Figur 10. Saltvegar/saltmannavegar slik dei kan ha gått frå Valdres og vestover. Rosa linje er meir nøyaktig, raud linje er teikna etter tekst og ikkje faktisk sti. Dei gule linjene i Vang, Lærdal og Årdal er andre gamle vegfar.

Pilegrimsvegen

I mellomalderen gjekk også ei pilegrimsrute frå sør og Hedalen stavkyrkje til pilegrimskyrkja St. Thomas kyrkje på Filefjell. Ei «modifisert» rute vart tilrettelagt 2005: Den nye ruta går frå kyrkje til kyrkje etter skogs-bygde og stølsveger, medan den opphavslege Pilegrimsvegen truleg etter dåtidas hovudveg gjennom bygda.



Figur 11. Kartet syner Den Bergenske Kongevegen frå Kristiania til Bergen frå 1793 (blå linje) og Pilegrimsvegen Hedalen–Kyrkjestølen, rekonstruert rute (rosa strek). Den historiske vegen (Kongevegen) frå Hedalen til Aurdal er markert med lilla.

Bispevegen

Fram til 1125 var Valdres ein del av Selje/Bjørgvin bispedøme. Frå 1125 og fram til 1631 låg Valdres og Hallingdal under Stavanger bispedøme. Etter 1631 vart dei to dalføra overført til Christiania stift. Stavangerbispem måtte besøke bispedømet sitt innimellom. Skriftlege kjelder fortel at han drog via Nordmannslepa på Hardangervidda og vidare til Ustedalen ved Geilo. Ut ifrå gamle kart som kan vere knytt til Bispevegen, kan han ha kome til Gol og vidare inn i Valdres via Hemsedal, Grøndalen, forbi Vavatnet, ned Hydalen til omtrent ved Vabakkadn eller Grunke, opp Smådalen og forbi Helin ned til Vang. Ei gamal reisehandbok omtalar stien forbi Vabakkadn som eit «eldgammelt slæp». Om det berre har vore biskop Scavenius som drog den vegen, eller om dette var ei opparbeidd ferdslerute, veit vi ikkje. Vi kan derfor ikkje sikkert seie at denne vegen var innarbeidd «bispeveg».



Figur 12. Kart frå om lag 1660 teikna av Johan Blaeu.

Sorenskrivar og fut

Sorenskrivarembetet vart oppretta i 1591. Fram til 1688 høyrde Valdres til under sorenskrivaren for Hadeland, Land og Valdres. Futeordninga kom i 1639, og her vart vi ein del av Hadeland og Valdres futedøme. Dette skapte naturleg nok meir ferdslle mellom desse områda. Frå 1786 vart Valdres eige futedøme (Hvattum 1993).

Dei fyrste kjerrevegane

Den fyrste køyrevegen for hjultransport i Noreg vart bygd rundt 1630. Seinare vart *kongeveg* ei felles nemning for gjennomgåande hovudvegar som var anlagt av statlege myndigheiter.

Kongeveg nemninga er direkte knytt til tida då Noreg låg under Danmark, og til åra med eineveldig konge (1600–1800). I Noreg er det seks (mogleg sju) vegar der det er dokumentert at dei vart anlagt på kongeleg forordning: Den Bergenske Kongevegen, Den Trondheimske Kongevegen, Den Frederikshaldske Kongevegen, Den Wingerske Kongevegen, Den Sørlandske Kongevegen og Sølvvegen mellom Kongsberg og Hokksund. Det er også mogleg at Den Østerdalske Kongevegen vart anlagt på kongeleg forordning, altså at den også var ein kongeveg.

Prestegjeld

Organiseringa av prestegjelda hadde naturleg nok også mykje å seie for ferdsla. Fram til 1805 var det tre prestegjeld: Aurdal, Slidre og Vang prestegjeld. I 1848 vart Slidre delt i Øystre og Vestre Slidre. Før den tid drog presten med hesteskys på prestevegen over åsen frå Volbu til Vollen i Slidre for å halde messe. Også Kvamsvegen i Vestre Slidre kan ha fungert som kyrkjeveg fram til delinga i 1848. Den siste delinga skjedde i 1893 då Bruflat sokn i Sør-Aurdal tinglag og Nord-Etnedal sokn vart slått saman til Etnedal tinglag (Hvattum 1993).

Postvegen

Det norske Postverket, med faste postruter, vart organisert i 1647. Hovudruta for post mellom Oslo og Bergen gjekk der. Posten kom med båt over Randsfjorden til Odnæs og vart frakta vidare derfrå med hesteskys over Tonsåsen, gjennom Aurdal, Vestre Slidre og Vang, før fjellovergangen over Filefjell til Lærdal–Gudvangen–Voss–Bergen. Med posten kjem det også eigne postgardar i Valdres. Der vart posten sortert og frakta vidare til neste postgard. Den øvste postgarden før fjellovergangen var Opdal (Uvdal). Kjerstein i Øye var også postgard, og Opdal og Kjerstein hadde kvar si postveke (Hvattum 1993). Det var to postvegar, ein frå Kjerstein opp den merkte Postvegen opp Rødalen, og ein frå Opdal gjekk vestover forbi Tyinkryset/Opdalstølen. Filefjell-overgangen vart rekna for å vere den tyngste og vanskelegaste i landet, og derfor fekk dei øvste postgardane i Vang og Lærdal fritak frå militærplikt.



Figur 13. Milestein frå slutten av 1600-talet ved Hermundstad i Vang. Til høgre milestein frå Tonsåsen

Langs postruta vart det også sett opp milesteinar. Dei eldste kjende milesteinane i Noreg er frå 1687, berre sju av desse er registrert. Tre av dei finst i Valdres, ein ved Hermundstad i Vang, ein ved Reie i Vestre Slidre og ein i Aurdal (Kathrine Thorstensen, 2010).

For meir om postgardane, les *På gamle vegar i Valdres* av Harald Hvattum.

Seinare vart det sett opp milesteinar med jarnplater mellom Odnæs og Filefjell for å vise avstanden for postkøyrarane. Det var to slags skilt med plater av støypejarn. For kvar 10 kilometer stod eit skilt med riksvåpen, posthorn og innskrifta «---- kilometer fra Odnæs». For kvar mellomliggende fem kilometer stod «5 kilometer» med riksvåpen og posthorn. Det er bevart i alt 20 milesteinar mellom Dokka og Filefjell. Tre av desse er på museum, av to finst berre murfoten.

Den Bergenske Kongevegen

Frå Kristiania til Bergen vart Den Bergenske Kongevegen anlagt i 1973. Med veglova frå 1824 skifta kongevegane status til hovudveg, og denne skifta namn til Den Bergenske Hovudvegen (Poulsrud, PM). Den fyrste kjerrevegen gjennom Hedalen vart bygd på 1830-talet, og kan ha vore ein tilførsleveg til Den Bergenske Hovudvegen. Vegen kom inn til Bruflat frå Dokka og gjekk vidare over Tonsåsen, Bjørgo og Aurdal.

Strekninga Kristiania til fylkesgrensa til Sogn og Fjordane låg under Akershus Amt. I 1819 vart heile kongevestrekninga frå Kristiania til stiftsstøtta på Filefjell teikna av Carl Christian Buchholz (1787–1849).



Kart over kongevegen forbi Fagernes teikna i 1819

Strekninga frå Bruflat til Tonsåsen er framleis i bruk som vandreveg. I Nord-Aurdal ligg mykje av vegen under det som no er E16. Også i Vestre Slidre er mange strekningar enten under E16 eller dyrka opp. I Vang er fleire strekningar uendra, i Høre, Kvamskleive og over Filefjell.

Kongevegen over Filefjell som verdiskapingsprosjekt

Delar av Den Bergenske Kongevegen i Vang og Lærdal (Kyrkjestølen–Maristuen, Vindhella og Galdane) vart underlagt vern i Nasjonal transportplan. I 2010 vart det etablert eit samarbeidsprosjekt mellom Statens vegvesen, fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Oppland, Vang og Lærdal kommunar, Valdres Natur- og Kulturpark, Valdresmusea, Musea i Sogn og Fjordane og reiselivet i Lærdal og Vang. Samarbeidet gjekk ut på å restaurere og legge til rette strekninga Vang sentrum – Lærdalsøyri til gangbar tilstand. Statens vegvesen finansierte restaureringa innanfor verna strekningar, medan Sparebankstiftelsen DNB, Riksantikvaren, kommunane og fylkeskommunane gav støtte til resten av tiltaket med skjøtsel, skilting, restaurering og tilrettelegging.

Skysstasjonar

Langs dei viktigaste fjellovergangane i Sør-Noreg har det frå kring 1000-talet vore fjellstover der ferdafolk kunne søkje ly og overnatte. Fjellstover frå 1600–1700-talet vart etter kvart avløyst av gjestgjevargardar og skysstasjonar. I 1685 var det sju kjende gjestgjevargardar i Valdres. Desse låg i Bagn i Sør-Aurdal, på Onstad og Svenes i Nord-Aurdal, på Reie og Lis-Lome i Vestre Slidre og på Kvie og Eltun i Vang (Hvattum, 1993). Skysstasjonar har vore flytta mange gonger, alt etter korleis behovet og kapasiteten var. Skysstasjonane fekk etter kvart statleg støtte. I fylkesarkivet over skysstasjonsbøker finn vi 13 slike dagbøker frå Valdres:

- sju frå Vang (fire frå *Skogstad* i perioden mellom 1819–1903, to frå *Nystøga* i periodane 1856–1867, 1896–1897, éi frå *Øylo* som dekkjer åra 1877–1879)
- fire frå Øystre Slidre (éi frå Beito 1892–93, éi frå Jotunheimen hotell 1899–1901, éi frå *Rogne* 1889–1892, éi frå *Skammestein* 1891–1897)
- to frå Nord-Aurdal (éi frå Strønd 1818–1826, éi frå *Fagerlund* 1877–1879)

I Etnedal fanst det ein statsstøtta stasjon i Bruflat sokn, Bruflat (*Blåflat*) tidleg på 1800-talet då heile Bruflat var eitt skysslag. Frå byrjinga av var det tilsegnsskyss, men i 1858 vart bøndene einige om å gå over til fast stasjon. Frå Bruflat skysstasjon vart det skyssa til Bagn i Sør-Aurdal, *Frydenlund* i Nord-Aurdal og til *Tomlevoll* i Nordre Land. Skysstasjonen vart flytta til *Molandsven* 6. februar 1860, men på grunn av utbygginga av den nye vegen over Tonsåsen vart stasjonen flytta til *Gravadalen*. Etter få år vart dette sanatorium, og stasjonen flytta på nytt midt i 1870-åra, denne gongen til *Sven*, der han vart verande ut 1800-talet.

Ut ifrå skysstrekningsplanar til veginspektørar i 1820-åra kan det ha vore skysstasjonar også i Sør-Aurdal på den tida. Det er då registrert at det vart skifta hestar på gardar som seinare vart skysstasjonar: *Garthus*, *Iljarnstad*, *Bagnsøydgarden*, *Sørum* og *Vøll*. I 1859 blir det nemnt andre skysstasjonar i Sør-Aurdal tinglag. Det var blant anna stasjon på *Kre Kremmarmoen* fram til 1870-årene då Voll overtok. Rundt 1885 vart stasjonen igjen flytta, denne gongen til Fjeldheim. Skysstasjonen på *Garthus* vart flytta til *Tronhus* i 1864. Stasjonen vart flytta vidare til *Storsvee* i slutten av 1860-åra og attende til *Garthus* i 1893. I 1870-åra skal det også ha vore oppretta ein skysstasjon mellom *Storsvee* og *Sørum* på garden *Lindheie*. *Dokke* vikarierte for denne garden frå 1882 og i fire år framover. *Sørum* heldt fram til rundt 1900.

I Nord-Aurdal var det fleire skyss-stader. Mest kjend er Frydenlund og Petersborg. Otto Stuve opna den fyrste skysstasjonen på Fagernes. Både handelsverksemda og skysstasjonen gjekk så godt at staden utvikla seg til det som i dag er Fagernes. Det hadde også vore skysstasjon på *Strønd*, og i nokre få år i siste halvdel av 1800-talet vikarierte Strønd for Fagernes som skysstasjon. I Nord-Aurdal var det også skysstasjon på *Skrautvoll* ein kort periode midt i 1860-åra. Denne vart nedlagt då stasjonen *Rogne* i Øystre Slidre vart oppretta. I Øystre Slidre er elles følgjande stader nemnt i samband med skysskifte i 1859: *Berger*, *Nordtorp* og *Veningstad*. Det er usikkert om desse var faste, organiserte skysstasjonar. *Rogne* gard vart fast skysstasjon om lag 1860. Lengst nord i Øystre Slidre har det også vore ein skysstasjon på *Skammestein* (1880), *Beito* (1882) og *Kjøk* (om lag 1885).

I Vestre Slidre var det i andre halvdel av 1800-talet to skystasjoner samstundes, og begge låg langs Den Bergenske Hovedveg, ein mot sør og ein mot nord. Mot sør var det skystad på *Reie*. Denne vart etter kvart flytta til *Hande* og vidare til *Fossheim*. I nord var skystaden i 1851 på *Stee*, så flytta til *Ølken*, for så å bli flytta tilbake til *Stee* i 1861/62 og så vidare til *Løkji* i 1880.



Figur 14. Frydenlund skystasjon rundt 1900. Fotograf: Telegrafstyrar Aune i Aurdal



Figur 15: Midtre Rogne skystasjon i Øystre Slidre

I Vang langs Den Bergenske Hovedveg var det skystasjon på *Øylo* gjennom heile 1800-talet. Vidare var det stasjon på *Tune*, som seinare vart flytta til *Grindaheim* Hotell, på *Kvame* (seinare flytta til Skogstad) og på *Nystøga*. Den sistnemnda var i bruk gjennom heile andre halvparten av 1800-talet. På Skogstad i Vang var det fast stasjon frå 1823

Av protokollane kan ein sjå at trafikken auka i siste halvdel av 1800-talet. Årsaka til dette var at turistane byrja kome til Valdres (kjelde: Fylkesarkivet i Oppland).

Det skal også ha vore ein skysstasjon på *Nystøga* ved Otrøvatn på Filefjell på 1600-talet. Eldste bygningen frå Nystøga, som er frå 1760-åra, står no på Valdres Folkemuseum. «På Nystøgun har det i rekkjefølgje vore fjellstove, gjestgjevarstad, skysstasjon og hotell frå midten av 1600-talet og fram til i dag» (Hvattum 2001). Dei andre husa på Nystøga brann ned i 1958. På den andre sida av Otrøvatn ligg tufta etter *Gamlestøga*.



Figur 16. Skysstasjonen på Nystøga i om lag 1900. Fotograf: Knut Knutsen

I 1735 var det ti fleire gjestgjevargarder i Valdres langs leia mellom Aust- og Vestlandet. I Vestre Slidre var det ein periode skysstasjon på *Stor-Kvåle*, og i Vang var det gjestgjevargarden på *Lerhol* og *Skogstad*. Med Den Bergenske Kongevegen auka trafikken mellom aust og vest, og det kom endå fleire skysstasjonar. Kartet viser kartlagde skysstasjonar og overnattingsstader.



Figur 17. Eksisterande bygningar som har vore skysstasjon (raude prikkar), og stader der det før har stått bygningar som har vore skysstasjon (lyseblå). Lokalisering på kartet av stader der det har vore skysstasjonar, er ikkje komplett. Ein del skysstasjonar var kortvarige og vart flytta.

Mellomalderkyrkjer

Det er 28 stavkyrkjer i Noreg. Seks av desse ligg i Valdres. I tillegg til dei 28 norske stavkyrkjene er det ei stavkyrkje i Hedared i Sverige, restar etter ei i Greensted-juxta-Ongar i Essex, England, og Vang stavkyrkje i Polen. Vang stavkyrkje vart kjøpt opp av kong Friedrich Wilhelm IV av Prøysen og sett opp i dåverande Tyskland, no Polen, i 1842. Dette set Valdres i ei særstilling. I Sør-Aurdal ligg Hedalen stavkirke (1163) og Reinli stavkyrkje (1326), i Vestre Slidre ligg Lomen stavkyrkje (1192), i Øystre ligg Hegge stavkyrkje (1216), og i Vang ligg Høre stavkyrkje (1179) og Øye stavkyrkje (sist på 1100-talet). I tillegg er det to steinkyrkjer, Slidredomen frå 1268 og Ulnes kyrkje frå om lag 1265, og ein ruin etter ei steinkyrkje på Mo ved Einangsundet i Vestre Slidre. Dateringa av Mo er uviss. Ved fleire av tomtene er det sett opp minnesmerke, men framleis er mange av kyrkjetomtene er ukjende for folk flest. Det bør derfor vere eit mål å både friske opp/halde ved like markeringane, leggje betre til rette for besøk ved tomtene (etter avtale med grunneigar) og marknadsføre tomtene betre.



Figur 18. Vang stavkyrkje teikna i 1841 av Franz Wilhelm Schiertz

I mellomalderen var det minst 22 kyrkjer i Valdres, tre av desse steinkyrkjer. Dette er uvanleg mange samanlikna med nabolandfjøret vårt Hallingdal, der det var åtte stavkyrkjer og ingen steinkyrkjer, medan det i Gudbrandsdalen var 11 stavkyrkjer. Vi kan ikkje seie kvifor Valdres var så rik på kyrkjer, men ein teori er at Valdres hadde bygd seg opp ein velstand som følgje av omfattande jarnutvinning og eksport av jarnbarrar.



Figur 19. Eksisterande mellomalderkyrkjer (raude krossar) og andre kjende kyrkjestader frå mellomalderen (grå krossar)

For di folketalet hadde auka kraftig, var det naudsynt å utvide plassen til kyrkjelyden. Kyrkjelova frå 1851 bestemte at soknekyrkja skulle ha plass til minst tre tiandedelar av befolkninga. I samband med dette vart mange kyrkjer rivne, eller forlengt eller gjevne korsarmar. Derfor er det svært få mellomalderkyrkjer som har fått stå uendra. Dei opphavlege stavkyrkjene var enkle, og meir like teikninga av Vang kyrkje ovanfor enn den utsjånaden mange stavkyrkjer har i dag. I Valdres er to av kyrkjene relativt uendra, Reinli og Øye. Det vil seie, Øye kyrkje var også riven, men vart attfunnen då kyrkjegolviet i den nye kyrkja skulle reparerast i 1930-åra. Under golviet låg materialane til den gamle stavkyrkja. Øye stavkyrkje vart sett opp att og vigsla i 1965. I mellomalderen vart kyrkjene vigsla med 12 andreaskrossar (krossar forma som ein X). Reinli stavkyrkje er den einaste kyrkja i landet som har alle krossane i behald. Krossteknikken blir også nytta som ein del av konstruksjonen som avstiving.



Figur 20. Andreaskross i Reinli stavkyrkje. Foto: Nina Aldin Thune


Dei stavkyrkjene vi ser i dag, er heller ikkje dei eldste. Dei fleste stader stod det ei eldre stavkyrkje. Dei fyrste kyrkjene vart sett rett i jorda, utan steinrekke under. Dette gjorde at dei etter 100–200 år rotna og vart skifta ut. Mange av dagens stavkyrkjer er sett saman av delar av dei eldre kyrkjene. Dette gjeld også Reinli stavkyrkje, som truleg er sett saman av to ulike kyrkjer.

Frå katolsk til protestantisk kyrkje

Stavkyrkjene vart sett opp i katolsk tid. Etter reformasjonen i 1537 var mykje av det katolske inventaret fjerna, og vegg- og takmåleri vart dekt over med måling. Nytt utstyr som preikestol og benkar vart sett inn. Dei fleste kyrkjene har fått behalde treskurd og jarnbeslag frå mellomalderen. Hedalen stavkirke skil seg ut som ei av stavkyrkjene i Noreg som har mest bevart inventar frå mellomalderen. Særleg spesielt er det at kyrkja har den originale madonnafiguren, ein kyrkjemodell, relikvieskrin og båra til skrinet.

Ulik byggeskikk i stavkyrkjene i Valdres

Hegge, Lomen og Høre er søylestavkyrkjer med frittstående søyler i kyrkjerommet, medan Hedalen og Reinli er einskipa stavkyrkjer med søyler i hjørna. Søylestavkyrkja Hegge skil seg frå Lomen og Høre ved å ha åtte frittstående søyler i kyrkjerommet, fire på kvar side, medan Lome og Høre har fire søyler. Hegge er i form noko mellom dei mangesøyla stavkyrkjene i Sogn og dei firesøyla i øvre Valdres.



Figur 21. Til venstre: Hedalen og Reinli er einskipa stavkyrkjer med ei søyle i kvart hjørne. Til høgre: Hegge, Lome, Høre og Øye er søylekyrkjer med frittstående søyler i kyrkjerommet. Frå Håkon Christie: «Middelalderen bygger i tre», 1974.

Tre av kyrkjene, Hegge, Lomen og Høre, har utskorne masker øvst på stavane oppunder loftet. Det er uvisst kva maskene skal symbolisere, men særleg den eine maska i Hegge stavkyrkje liknar umiskjenneleg på einøygde Odin.



Figur 22. Figurmaske i Hegge stavkyrkje. Foto O.J. Liodden. Dei to andre maskene er frå Høre stavkyrkje. Foto Katharina Sparstad

Spesielt er det også at både stavkyrkjene i Hedalen, Hegge, Lomen og Slidredomen har kyrkjeklokker frå mellomalderen. Alle stavkyrkjene er istandsett i seinare tid gjennom Riksantikvarens bevaringsprogram for stavkyrkjer (2001–2015).

Ein skulle tru at det var mykje enklare å setje opp ei stavkyrkje enn ei steinkyrkje i mellomalderen. Ein kan derfor spørje seg kvifor det var heile tre steinkyrkjer her, Ulnes, Slidredomen og Mo, som no er ruin. Slidredomen og Ulnes er frå siste halvdel av 1200-talet, medan dateringa av Mo er uviss.

Slidredomen var Mariakyrkje og hovudkyrkje i Valdres. Her residerte prosten, biskopens fremste representant, medan biskopen sjølv var i Stavanger. Veggmåleria vart ikkje øydelagt etter reformasjonen, og på veggane er der fleire symbol frå mellomalderen. På austveggen i koret er det eit stort kalkmåleri frå 1400-talet, og i takhimlingen er det eit måleri frå rundt 1250.



Figur 23. Motiv frå veggmåleriet. Foto: Riksantikvaren

Slidredomen skal ha hatt heile 12 kyrkjeklokker. No har kyrkja fire klokker frå mellomalderen. *Ulnes kyrkje* var i svært dårleg forfatning på 1600-talet, og i 1675 var det planar om å rive kyrkja for ei ny tømmerkyrkje. I byrjinga av 1700-talet var kyrkja ute av bruk. I 1737 vart kyrkja sett i stand og teken i bruk att. I Ulnes er det mellom anna funne ein mariafigur frå 1200–1300-talet. *Mo kyrkje* var brukt av gardane Reien og Hande ofl. Truleg vart ho ikkje lenger brukt etter reformasjonen, og kyrkja forfall. I dag er ruinen teken hand om av Riksantikvarens program for ruinar, og sikra. Ved utgraving av Mo kyrkjeruin vart det funne mellom anna skelett av fem yngre kvinner og ei bjørneklo. I Ulnes er det funne ein bjørnelabb, medan det i Hedalen kirke er funne eit skinn av bjørn. For meir informasjon, les *Middelalderkirker i Valdres* av Jahn Børe Jahnsen.

Varslingsvardane

I Valdres er det seks kjende varslingsvardar, eller vetar. Ordet *vete* kjem av det norrøne ordet *viti*, som tyder teikn, merke eller varde. Vi skil mellom vetar og vardar, der vardar er eit merkesystem av stein langs ferdseisveggar og på fjelltopper, medan vetar av tre var eit varslingsystem som var ein del av det norske forsvarssystemet i mellomalderen. Då danske embetsmenn omsette dei gamalnorske lovene på 1600-talet, vart ordet *vitavodr* (vetevakt) omsett med *vedvarde*. Slik vart ordet *vete* gradvis erstatta av ordet *varde*.

I Noreg knyter historikarane den fyrste bruken av varslingsvardar/*vetar* til Håkon den gode si kongsmakt rundt 950 e.Kr. Vetane kan likevel ha vore i bruk allereie i eldre bronsealder. Når ein vete vart tent, var dette signal om angrep utanfrå, og meldinga vart sendt vidare til neste vete. Det tok eldvarselet sju netter å gå frå sør til nord i Noreg. Angrep kom oftast frå kystsida, og kvart kystdistrikt var inndelt i skipreider som skulle stille skip, mannskap og proviant. Varslingsvardane var i bruk gjennom mellomalderen og etter reformasjonen fram til 1814. Ut ifrå vetepunkt, stadnamn og tradisjon veit vi om om lag 770 varslingsvardar.

Til Valdres kom varselet om krig og ufred frå vete til vete over Hadeland, Toten og gjennom Landbygdene. Siste veten i Land var Vealøysa ved garden Stuve. Herfrå gjekk varselet til Langeberg på Reinli i Valdres. Derfrå gjekk elden til Vardeberget, Ryeberget og Olberg, der varselet delte seg til

Kvithøvd og Hugakøllen og gjekk vidare vestover over Filefjell og Skørnsøse, der det også skal ha vore ein varslingsvarde. Avstanden frå Hugakøllen til Skørnsøse er lang, og truleg var det fleire varslingsvardar mellom dei punkta. Ut ifrå namnet Vardhovdtinden kan det ha vore ein varslingsvarde der også. Derfrå går siktlinja til Jonskør og Brønin (Bosheim, upubl.)

I Magnus Lagabøtes Landslov frå 1274 står det at det skulle byggast vetar på dei gamle varslingsstadane. Det skulle også vere vakthus med tak og fire dører. Vetevakta skulle vere på plass innan fem dagar etter at bodstikka hadde gått. Forsømming vart straffa med bøter.



Figur 24. Eksisterande varslingsvardar og ei skisse for korleis varderekka kan ha gått gjennom Valdres. Kjelde: Odkjell Bosheim (upubl.)

I Valdres har det dei siste 20 åra vore arrangert vardevandring i regi av Jahn Børe Jahnsen ved Valdres Folkemuseum, seinare Valdresmusea, og Valdres Destinasjon, seinare Visit Valdres. Ved kvar varde er det eit stempel og ei gjestebok. Valdres Natur- og Kulturpark har sett opp tavler og skilt i samarbeid med historielaga med støtte frå Sparebankstiftelsen DNB.

DEL 3 HISTORIE OG BAKGRUNN I NORD-AURDAL

Historia i Nord-Aurdal

I fleire tusen år har fjella vore nytta, og dei eldste spora etter folk er knytt til ein fangskultur i steinalderen. Nord-Aurdal har rike fjellbeiteområde med næringsrikt fjell både nord i Skrautvål sameige og på Stølsvidda. Desse områda har vore viktige både som fangstområde og etter kvart også til jernutvinning. Ved Etnesenn er det registrert fleire buplassar frå steinalderen. I same område ligg det både fangstgroper, kolgroper og slagghaugar. Registreringane er ikkje systematiske, og det har truleg vore mykje meir aktivitet enn det som er knytt til dei registrerte minna. På Stølsvidda er det også registrert mange kolgroper og slagghaugar med jernvinneanlegg. Å produsere kol til jernutvinning vart vanleg i vikingtida, og i vikingtid/mellomalder vart jernutvinning nærmast ein storindustri i Valdres. Kor jernet i Nord-Aurdal tok vegen, er uvisst, men mykje valdresjern vart kløvja vestover over Filefjell og selt sørover i Europa. Noko jern vart kanskje også frakta austover, der det vart smidd til reiskap og utstyr.

Nord-Aurdal har vore ein viktig stølskommune, og på Fløten ligg eit av Nord-Europas største støslag med 44 stølar. I dag er det berre ein av desse som er i drift. Kor lenge det har vore stølsdrift i Noreg, slik vi kjenner det i dag, veit vi ikkje. Vi veit at dei fyrste jordbruketane kom til Noreg i yngre steinalder. Etter dei finn vi beitepollen og kulturminne som skålgroper (helleristningar) i Valdresfjella. Det er mellom anna registrert ein skålgropstein på Bjørgo. Vi veit elles lite om korleis drifta var. Dei eldste skriftlege kjeldene om seterdrift i Noreg er i eldre Gulatingslov frå siste halvdel av år 1000. Allereie då var det referert til seterdrift i gamal tid. Under svartedauden vart mange stølar aude, og mange av dagens stølar er frå 1600-talet, då drifta vart teken opp att.

Nord-Aurdal er eit knutepunkt, og her har truleg vore mykje ferdsle i lang tid. Her møtest dalane frå Øystre Slidre / Gudbrandsdalen og Vestre Slidre / Lærdal. Lenger sør går vegen vidare over åsen til Gol, over Bjørgo til Hadeland, ned Begnadalen til Hedalen og til Ringerike. Knutepunkta har gjeve grunnlag for tettstadene Aurdalsbyen og Fagernes.

Aurdal var gjennom hundreåra etter reformasjonen det administrative senteret i Valdres, og Aurdalsbyen var den fyrste bygdebyen i Valdres. Her budde prosten, lensmannen, sorenskrivaren, futen og distriktslækjaren. Her var skyss-stasjonar, motebutikk og landhandlarar. I Aurdal utvikla det seg eit rikt kulturliv der mellom andre Knut Hamsun søkte inspirasjon.

Etter at jernbanen kom til Nes, vart Fagernes hovudstaden i Valdres. Det starta med ein driftig handelsmann, Otto Larsen Stuve frå Biri, som i 1857 fekk løyve frå Indredepartementet til å drive landhandel i Svenes anneks i Nord-Aurdal prestegjeld. Han sette opp eit hotell som vart kalla Stuvanes, men han endra sjølv namnet til Fagernes. Seinare kom Valdres Folkemuseum (1901) og Valdresbanen til Fagernes i 1903. Langs elva utvikla det seg småindustri, og Fagernes tok etter kvart over som administrasjonssenter. I 2007 fekk Fagernes bystatus. Valdresbanen vart nedlagt i 1988, og hovudtrafikken til Valdres går i dag på E16. I 1987 fekk Valdres sin eigen flyplass på Leirin. Den vart nedlagt i 2018.

Den [29. november](#) 1805 vart [Aurdal prestegjeld](#) delt i to, [Nord-Aurdal prestegjeld](#) og [Sør-Aurdal prestegjeld](#). Aurdal hadde omfatta fleire sokn sidan [mellomalderen](#). For Nord-Aurdal prestegjeld vart [Aurdal kyrke](#) hovudkyrkje. Då Noreg i 1837 vart delt i [kommunar](#), vart kommunegrensene identiske med prestegjeldsgrensene.

[1. januar 1894](#) vart [Etnedal](#) skilt frå som eige prestegjeld og kommune, då dei to tidlegare sokna [Bruflat](#) i Sør-Aurdal og [Nord-Etnedal](#) i Nord-Aurdal vart skilt ut.

Prosessen i Nord-Aurdal

Før arbeidet med Temaplan for kulturminne starta, vart hovudoppgåvene og vektleggingane definert av kulturansvarleg i kommunen saman med Valdresmusea med VNK som prosjektleiar. Grappa vurderte at det er lite behov for nye registreringar, men eit stort behov for å samle, tolke og systematisere utførte registreringar. Tettstadene blei peika ut som spesielt viktige for kommunen. Det er også halde innspelmøte med historielaget og frivillige i samarbeid med TurApp Valdres (no Outtt) i forkant. Undervegs i arbeidet har vi samarbeidd tett med kommunen og kontaktpersonen for arbeidet, Renate Remme Øverset, historielaga Skrautvål og Aurdal, og Fortidsminneforeninga/ VerneVøla og Valdresmusea.

Arbeidet vart samordna med Kommunedelplan for kultur hausten 2017. Tettstadene Fagernes og Aurdal er samordna med tidlegare tettstadsanalyser og andre planer for tettstadene. I tillegg er det halde møte med planavdelinga, natur- og miljøavdelinga i kommunen og AsplanViak som arbeider med å følgje opp Nord-Aurdal som SEFRAK-kommune. SEFRAK-kommune vil seie at bygg eldre enn 1900 får oppfølgjande registrering kvart 5. år i prosjektet «Status for verneverdige kulturminner i utvalgte kommuner» (sjå neste side).

I arbeidet er det samla og registrert kulturminne i eigen registreringsmal frå Riksantikvaren. Denne skal supplerast kontinuerleg. I Temaplan for kulturminne har kommunen prioritert tettstader, bygningsmiljø og kulturmiljø, og det er gjort eit utval på 18 prioriterte kulturminne. Det er for at planen skal vere mogleg å realisere i komande tidsperiode. Temaplanen i Nord-Aurdal har fleire større område som inkluderer mange minne. Dette gjeld mellom anna Fagernes, Aurdal og Stølsvidda. Dei tre listeførde kyrkjene er også samla i eitt kapittel. tillegg er det valt ut nokre enkeltminne av særleg interesse. Minna er gjevne prioritet frå 1–4, der 1 er høgast og 4 er lågast. I temaplanen er det til saman åtte minne med verdi 1 (nasjonalt verdifullt) og 12 minne med verdi 2 (regionalt verdifullt).

Temaplanen skal syne tema og tiltak som betyr mykje for innbyggjarane og som det bør arbeidast vidare med seinare. Alle minne i denne planen er tekne med med eigars samtykke.

Mange har gjeve viktige bidrag til temaplanen. Historielaga og VereVøla har gjort ein stor innsats i å skaffe dokumentasjon, registrere og kvalitetssikre. Vidare har Bjørn Karsrud bidrege med innhald i kapitla om Leira og Valdresbanen. Tekstane er korrekturlest av Aud Søyland som også har bidrege både i høve til formuleringar, språkleg forståing og fagleg innhald.

Alle bidraga har vore uvurderlege for at dette dokumentet skal kunne ha ein reell, fagleg verdi. Ein stor takk rettast til alle som har bidrege!




Figur 25. Eldsjeler i arbeidet i gang på skysstasjonen Frydenlund. Frå venstre: Erna Jordet frå Aurdal historielag, Nina Espeseth Grønbrekk frå fortidsminneforeninga VerneVøla, Odd Arne Rudi frå Valdresmusea og Elisabeth Kværne frå Aurdal historielag

Tidlegare kartfesta registreringar i Nord-Aurdal

I dette kapittelet har vi freista å gje ei oversikt over alle koordinatfesta, digitale oppgåver over kulturminne i Nord-Aurdal.

- **Arkeologiske kulturminne arkivert i Askeladden**

I denne databasen ligg alle registrerte, arkeologiske kulturminne, freda bygningar og SEFRAK-registrerte bygningar. Databasen blir administrert av fylkeskommunen og Riksantikvaren. Askeladden er kopla til andre nettbaserte innsynskartverktøy. Det er desse datalaga du får opp som kulturminne i mellom anna valdreskart.no og naturbase.no



Figur 26. Registreringar i Riksantikvarens database «Askeladden»

- **SEFRAK-registrering av bygningar eldre enn 1900**

SEFRAK er eit landsdekkande register over eldre bygningar og andre kulturminne i Noreg. Namnet er ei forkorting for SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminner. På midten av 1980-talet vart det gjennomført registreringar av bygningar som er frå før 1900 i Valdres. Registreringane i Nord-

Aurdal er vart samla i heftet *Gamal byggjeskikk i Nord-Aurdal*. Rapport frå registreringa av hus bygde før 1900. Ragnhild Dietrichson, 1996.

Dataa er knytt til det digitale GAB-registeret og ligg tilgjengelege med alle opplysningar i databasen *Askeladden* hos Riksantikvaren. Nord-Aurdal er også ein av ein av 16 utvalde SEFRAK-kommunar. I desse kommunane blir kulturminna blir tilstandsregistrert kvart femte år. Registreringane er publisert i heftet *«Fortidens minner i dagens landskap»*.

- **Kulturminnesøk**


Dette er ein database som er administrert av Riksantikvaren, men der alle kan gå og legge inn sine kulturminne. Basen har ingen import-/eksportfunksjon, og minna som blir lagt her, er ikkje tilgjengelege på andre digitale plattformer. For Nord-Aurdal ligg det 60 kulturminne i kulturminnesøk.



Figur 28. Det ligg 60 kulturminne i Kulturminnesøk for Nord-Aurdal

- **Biologiske kulturminne/kulturlandskap i naturbase.no**


På Miljødirektoratet sine sider kan du finne Naturbase, som er ei digital kartløyning over mellom anna registrert biologisk mangfald, naturtypar og enkeltartar i kommunen.



Figur 29. Naturtypar av nasjonal interesse (oransje prikk), omsynssone (oransje skravur) og registrert kulturlandskap (grøn skravur) i Nord-Aurdal

- **Stølsviddeprosjektet 2003–2006**


I stølsviddeprosjektet registrerte stølseigarane sjølv det biologiske mangfaldet i beiteområda.



Figur 30. Stølsbrukarane på Stølsvidda kartla dei biologiske kulturminna, det vil seie planter knytt til fleire hundre år med beitepåverknad

- **Vasskjelder på Stølsvidda**


I samband med registreringane i Stølsviddeprosjektet vart det også kartlagt vasskjelder.



Figur 31. Kjelderkartlegging i eit av stølsлага. Kjelder er markert med blå prikkar

- **Beitekartlegging i Skrautvål sameige**


Stølseigarane i Skrautvål sameige har sjølv organisert kartlegging av slåttemark og beite i stølsområdet.



Figur 32. Skrautvål sameige har kartlagt beite og slåtteeinger i sitt stølsområde. Kartet er digitalisert av VNK


- **Stølsregistreringar i Valdres 2007–2010**

VNK og stølslag har saman med dei andre Valdres-kommunane registrert og digitalisert kulturminne, reksler og beite i stølsområda. Av dei 1868 registrerte minna er 675 i Vestre Slidre. Stølsbrukarar har markert reksler og gode beite for ku, sau og geit før og no. Kulturminna er tilgjengelege digitalt i inlandsgis.no.



Figur 33. Registrerte beite og reksler på Stølsvidda i 2007–2010


Figur 34.
Kulturminne i
stølsområda. Frå
Innlandsgis.no



Figur 35. Rydningsrøys på stølen Sellanrå, Stølsvidda. Foto: Ulf Ullring

Lidar-skanning

Alle Valdres-kommunane har utført Lidar-skanning i aktuelle utbyggingsområde. Dette er ein type laserfotografering som kan syne spor under vegetasjonsdekket, og dermed blir det enklare å lokalisere kulturminne. Minne som blir synlege, kan vektoriserast.



Figur 36. Område som er skanna med Lidar-fotografering i Nord-Aurdal

- **Kulturminne i outtt**

I 2014 har også TURapp Valdres, som har bytt namn til Outtt, eit eige temaval på kulturminne der det ligg 23 minne i tilknytning til turmål i Valdres. Der er seks kulturminne registrert i Nord-Aurdal: Ulnes kyrkje, kjempehaugen på Strønd, Valdres Folkemuseum, kultursti ved Fasleføssen, Vardeberget og Kongevegen gjennom Aurdalsbyen.



Figur 37. Kulturminne som er registrert i outtt.com i Nord-Aurdal

- **Norsk kulturarv**


På heimesidene til Norsk kulturarv finn ein kulturminne som har fått Olavsrosa eller er medlemmer i Norsk kulturarv. Valdresmusea er medlem i Norsk kulturarv. I tillegg er fjellstua Nythun medlem i Norsk kulturarv og synleg på kartet.



Figur 38. To kulturminne er registrert på nettsidene til Norsk kulturarv

- **Biologisk mangfald og verdifulle kulturlandskap i naturbase.no**

Det er registrert verdifulle kulturlandskap og truga og sjeldne planter og vegetasjonstypar. Dei grøne områda er registrerte naturtypar, dei oransje prikkane er utvalde naturtypar. Område med oransje skravur er verdifullt kulturlandskap. Skravuren på Stølsvidda viser at det er ei omsynssone for kulturvern, og eit større område med stølsvidda i Nord-Aurdal har fått status som Nasjonalt verdifullt kulturlandskap (LMD) og Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (Riksantikvaren).



Figur 39. Kart over registrerte kulturlandskap og naturtypar. Frå naturbase.no

Publikasjoner og ikkje kartfesta registreringar

- Dietrichson, Ragnhild (1996). *Gamal byggeskikk i Nord-Aurdal. Rapport frå registreringa av hus bygde før 1900*. Fagernes: Valdres Folkemuseum og Nord-Aurdal kommune
- Riksantikvaren (2005). *Gamle hus da og nå 2000–2005. Status for SEFRAK-registrerte bygninger. Nord-Aurdal kommune 2005. 2. omverv*. Oslo: Riksantikvaren
- Damman, Åse (2015). *Status for verneverdige kulturminner i utvalgte kommuner*. Riksantikvarens miljøovervåkingsprogram 2015–2019, Nord-Aurdal kommune og Oppland fylke. NIKU rapport 84
- Tettstedsanalyse Aurdal sentrum
- Tettstadanalyse Fagernes
- Kulturlandskap og byggeskikk – Nord-Aurdal, Valdres
- Areal- og transportstrategi for Fagernes og Leira
- Fleire bygningsmiljø er også dokumentert i samband med restaureringstiltak
- Valdres historielag har registrert viktige kulturminne, fiskesløer og arbeider med å registrere milesteinar
- Kvissel, Ingrid (1992). *Prosjekt Stølsvidda – framtid for stølslivet?* Fagernes: Valdres Folkemuseum
- Ødegaard, Nils Tor, og Bergljot Strand (red.) (2006). *Stølsvidda : ei bok om Ulnes og Svennes sameier*. Utg. Stølsviddeprosjektet i Valdres.
- *Valdres bygdebok. Gard og bygd i Nord-Aurdal*. Valdres Bygdeboks forlag.
- Kulturminneregistreringar frå Valdres historielag, <http://www.valdreshistorielag.no/kulmna.pdf>
- Fiskeplassar, historielaget ved Arne Nilsen

Definerte kulturminnegrupper

Stølsdrift

Jordbruk har fram til 1900-talet vore den viktigaste næringa i Nord-Aurdal. Offentleg sektor og tenesteytande næringar er no dei viktigaste, men primærnæringane spelar framleis ei sentral rolle. Både jordsmonnet rundt gardane og fjellbeita er næringsrikt, og ingen område har vore urørt av menneskeleg påverknad i form av hausting, dyrking eller dyremular. Innmarka vart i hovudsak nytta til åkerland og vinterfôr, medan dyra fann beita i utgard og utmark. Fram til industrialiseringa på 1800-talet hadde dei fleste langt på veg naturalhushald, i kombinasjon med jakt, fangst og hausting av det naturen i Nord-Aurdal kan by på.

Straks det vart grønt, vart dyra flytta oppover til vårstølen, og når det var farbart til beita i fjellet, vart dyra flytta til langstølen. Går du litt opp i liene ovanfor garden, finn du snøgt restar etter løer og heimstølar.

Langstølane ligg på begge sider av dalføret, i Skrautvål sameige og på Stølsvidda. Her er det framleis stølsdrift, men talet er kraftig redusert dei seinare åra. I 2005 var det 55 enkeltstølar og tre fellesstølar i drift i Nord-Aurdal. I 2017 var det 37 enkeltstølar og tre fellesstølar i drift. På Fløten på Stølsvidda ligg truleg Nord-Europas største støslag med 44 stølar. I dag er det berre éin som er i drift. Trenden er stort sett den same over heile landet, med unntak for Trøndelag, som har hatt forsterka stølstilskot.

For di fjellet er svært rikt og lett tilgjengeleg, har heile stripa frå gard til fjell vore nytta av husdyr. På stølen vart det laga kvitost, brunost, pultost og smør. Det meste av dette vart frakta ned og lagra til vinterfôrråd. Der det var vatn, vart det også fiska, det meste som matauk til budeia. Kulturlandskapet kring langstølane var ofte trefritt, sjølv om det ligg i øvre tregrense. Beiting var ei viktig årsak, men ved til ysting og brunostkoking var kanskje ein vel så viktig grunn til at skogen forsvann. Der skogen var borte, vart det frakta opp med hest. Det vart også tørka torv til brensel. Torva vart stukne i terningar og lagt på ei tørke før dei vart frakta til stølen. Det er mange døme på dette i Nord-Aurdal og resten av Valdres.

På stølen vart det ysta og kinna fram til dei fyrste fellesmeieria vart etablert. Etter 1850 byrja industrialiseringa, og i 1856 kom det fyrste andelsmeieriet. Frå 1870 vart gards- og setersmør samla i smørslag/foreiningar, og i 1881 vart småsamvirka samla i Den Norske Meieriforeining og seinare til Fellesmeieriet. Dei flate viddene i stølsområda i Nord-Aurdal gjorde det mogleg å bygge stølsvegar, og no vart mjølka henta av mjølkebilan.


Dyremulane i beitelandskapet har gjennom fleire hundre år utvikla eit heilt spesielt artsmangfald. Her veks planter som treng det opne landskapet, litt tråkk og litt tilfeldig gjødsling. Der dyra forsvinn, gror landskapet att – og mangfaldet. Stølsvidda har også mange våtmarksområde, og mange av artane trivst best nettopp i kombinasjon med opne kulturlandskap og litt næringsrike tilhøve. Både på Stølsvidda og i Skrautvål sameige er det registrert verdifulle biologiske område. Stølsviddene i Nord-Aurdal og Vestre Slidre har no fått status både som Nasjonalt verdifullt kulturlandskap og Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (sjå kart figur 38). Også kommunen har lagt ei omsynssone kring stølsområda på Stølsvidda. Innanfor desse er det gode moglegheiter til å ta vare på og utvikle stølsområda med alle verdiane knytt til området.

Det har vore mange tiltak for å ta vare på Stølsvidda, og i 1988 kom området under Nordisk biotopvern. I 1992 hadde Valdres Folkemuseum eit eige prosjekt på Stølsvidda, og i tida 1994–2007 var Stølsvidde-prosjektet eit satsingsområde for Fylkesmannen i Oppland. I perioden 2007–2010 vart det gjennom VNK kartlagt 45 kulturminne i stølsområda, dei fleste frå nyare tid og knytt til stølsdrifta.

Ferdslshistorie

Heilt frå dei fyrste menneska kom til Nord-Aurdal, har det vore vegfar. I eldre tid gjekk ferdselen til fots eller til hest. Føremålet skapte vegen. Nokre vegar vart bygd for å flytte krøtter, nokre for å frakte varer med kløv, nokre for å køyre tømmer – og då ofte på vinterstid. Nokre var hovudsambandsveggar, medan andre batt grender og dalføre saman. Dei fyrste sambandsvegane vart nytta av føter, hovar og klauver over lang tid og danna holveggar (stiger som har grave seg ned i terrenget). På 1600-talet kom dei fyrste kjerrevegane til Valdres. Som nemnt i kapittelet om historikk i Nord-Aurdal ligg Nord-Aurdal som eit knutepunkt i Valdres.

Før kjerredoningar kom i bruk i Valdres, gjekk trafikken til fots eller til hest. Frå Aurdal går ein veg kalla Kongevegen over åsen til Hedalen. Denne er truleg ein eldre kløvveg enn dei seinare kongevegane som vart bygd etter kongeleg forordning. Den bergenske kongevegen er ein av dei seks vegane i Noreg som vart bygd etter kongeleg forordning. Den vart ferdig i 1793 og går frå Oslo (Kristiania) til Bergen gjennom Hadeland, over Bruflat og ned Tonsåsen. På den tida var hest og kjerre vanleg i bruk. Kart syner at Den bergenske kongevegen var fyrste kjerreveg. På kartet frå 1828 ser vi vegen sørover gjennom Begnadalen, og i 1864 er også vegen over Skrautvål med. Vedlikehaldet av kjerrevegane vart organisert i roder. I 1858 vart det laga ein ny hovudveg Leira–Fagernes som gjekk langs fjorden.



Figur 40. Kart frå 1789, 1828 og 1864. Karta lengst til venstre og høgre er kart over rodeinndelinga. Frå Hvattum, Harald, 1999.

Det Norske Postverket, med faste postruter, vart organisert i 1647. Då kom posten kom med båt over Randsfjorden til Odnos og vart frakta vidare derfrå med hesteskys over Tonsåsen, gjennom Aurdal til Diserud, vidare til Skaveldadn eller Måno og vidare til Midstrønd. Derifrå gjekk han vidare til Røn vidare vestover. Sørover gjekk posten til Juvkam postgard.

I samband med utbygging Randsfjordbanen vart det etablert ferjesamband over Sperillen frå Hen (i Ringerike) til Sørums. Hen stasjon vart seinare nedlagt. Ei perioden vart banen utvida med sidespor frå Hen (Sperillbanen frå 1926- 1933) til Sperillen, slik at ferja gjekk derfrå. Med den nye ruta vart det no ein viktig kjerreveg frå Sørums og vidare opp Begnadalen. I 1828 var det ifølgje C.H.P Lunds vegkart to køyreveggruter, Den bergenske kongevegen over Hadeland og vegen frå Sørums. Vegen opp Skrautvål kom i 1864.

Delar av Den bergenske kongevegen er framleis synlege, og strekninga Leira–Fagernes er lagt til rette som turveg (sjå eige kapittel).

Då Valdresbanen med Fagernes som endestasjon kom i 1906 opna det seg nye moglegheiter for Valdres (sjå eige kapittel).

Skysstasjonar

Med auka ferdsle vart det også naudsynt med skysstasjonar og gjestgjevargardar. Gjestgjevargardane var i privat regi, medan skysstasjonane hadde statleg avtale med driftsstøtte. Då den nye skysstova kom i 1816, var det to skysstasjonar i bruk i Nord-Aurdal: Bø og Nes. Strønd avløyste Nes i 1820-åra. Frydenlund skysstasjon tok over etter Bø i 1840. Strønd hadde då vore postgard i alle fall sidan 1689. I 1863 tok det nybygde huset til Fagernes-grunnleggaren Otto Stuve over som skysstasjonen på Strønd. Fagernes skysstasjon låg der Fagernes hotell ligg i dag (Hvattum, Trond 1999)



Figur 41. Frydenlund kring 19xx. Foto: xx

Handel og tettstader

Då embetsstanden med sorenskrivar, lensmann, prest og lege vaks fram, var Aurdalsbyen eit naturleg sentrum med godt samband sør- og austover til Kristiania. Her budde presten/prosten, lensmannen, legen, skrivaren og futen. Her var skysstasjon, motebutikkar, landhandleri og ikkje minst Aurdalsskyrkja frå midten av 1700-talet, som òg var hovudkyrkje i Nord-Aurdal.

Sidan det var samla så mykje embetsfolk på ein liten stad, vart Aurdalsbyen ein smeltedigel for kulturelt mangfald. Embetsfolket hadde med seg sine vanar, kulturar, ideologiar og ikkje minst lærdom. Knut Hamsun budde her i periodar, og her vart boka *Victoria* skriven. Tettstaden utvikla seg i ein akse rundt den bergenske kongevegen med Frydenlund skysstasjon sentralt i området.

Då toget kom fram til Hønefoss og Nes, vart det samband vidare opp Begnadalen samtidig med at Fagernes byrja overta som handelsstad. Då Valdresbanen kom i 1903, var Fagernes ein naturleg endestasjon.

Leira var eit naturleg knutepunkt mot Hallingdal. Leira var kommunesenter med folkehøgskule, framhaldsskule og etter kvart jordbruksskule. Leira har i det seinare utvikla seg til ein viktig handelsstad med storsenter, medan det er lite att av det gamle bygdesenteret.

Reiseliv

Reiseliv har vore ei viktig næring i Nord-Aurdal. Tal reisande vaks kraftig med Den bergenske kongevegen, og då toget kom vart det enno meir fart i reiselivet. I Nord-Aurdal vart det skysstasjonar og etter kvart fleire hotell og pensjonat. Det vart òg vanleg med reine serveringsstader/selskapslokale og kafear, spesielt knytt til tettstadene. Det var også fjellturisme i Nord-Aurdal, mellom anna på Danebu Kongsgaard (1947–50), Nythun Høyfjellshotell (1954) og Sanderstølen.



Figur 42. Sanderstølen i byrjinga av 1900-talet. Foto: Gol bygdearkiv

I dag er det fleire hotell, motell, pensjonat og campingplassar. Fagernes har størstedelen av omsettinga si frå folk som er busett utanfor kommunen.

Kyrkjehistorie og kyrkjestader

Nord-Aurdal har ei rik kyrkjehistorie. Frå mellomalderen er det kjende kyrkjesokn i Aurdal, Skrautvål, Svenes og Ulnes innanfor dagens prestegjeld. I eit diplom frå 1358 inngår «Suenes kirkiu sokn a sydra luta a Valdrese», og i eit anna diplom frå 1380 heiter det at det vart inngått eit forlik «j Skrutuals kirkiu sokn a sydera lotta a Valdrese». I 1404 vart det nedteikna eit brev «j Vlfnsnes kirkiu sokn». Opplysningar om «Vinea kirkiu sokn» frå 1372 og «Winner kirkiu sokn a Waldrese» frå 1374–75 blir tolka som ei anna mogleg beskriving på Ulnes sokn.

I mellomalderen var det i alle fall fem kyrkjer: fire stavkyrkjer og ei steinkyrkje. På Svennes, i Skrautvål, i Ranheimsbygda og i Aurdal var det stavkyrkjer, medan steinkyrkja stod – og står framleis – på Ulnes.



Figur 43. Kyrkjer i mellomalderen er merkt med krossar. Kyrkjer merkt med grå krossar er fjerna, medan raud kross viser at det er ei eksisterande kyrkje.

Etter reformasjonen vart Nord-Aurdal delt i fleire kyrkjesokn. Aurdal kyrkje var hovudkyrkje med Hedalen, Reinli, Bruflat, Skrautvål, Strand og Ulnes som annekssokn. I samband med kyrkjesalet vart både hovudkyrkja og annekskyrkjene selt i 1722. Kring 1735 synest kyrkjene å ha kome i kyrkjelydane si eige. Då Bagn kyrkje vart vigsla i 1736, gjekk ho inn i Reinli annekssokn. I Bings beskriving av Noreg frå 1796 heiter det at «Ourdals Præstegjeld og Tinglaug i Valdres Fogd., Toten og Valdres Provstie, Christians Amt, bestaar af [...] Ourdals Hovedsogn og Annexerne Svennes, Udnæs eller Ulnæs, Reenlie, Hedalen, Skroutvold og Brustad eller Etnedal, hvilke alle haver behagelige Situationer, især Udnæs og Svennes Sogne».

I 1805 vart prestegjeldet delt i Nord-Aurdal og Sør-Aurdal prestegjeld. Aurdal kyrkje vart hovudkyrkje for Nord-Aurdal prestegjeld med Svenes, Ulnes og Skrautvål som annekssokn. I Sør-Aurdal prestegjeld vart Bagn hovudkyrkje. I 1854 vart Bruflat kyrkje skilt frå og vart hovudkyrkje i det nye Etnedal prestegjeld.

Tisleidalen kirke vart vigsla i 1958 som kapelldistrikt under Aurdal kirke. Etter at omgrepet «kapelldistrikt» vart avskaffa i 1995, vart det sett fram forslag om å slå Tisleidalen saman med Aurdal kyrkjesokn. Forslaget vart avvist, og Tisleidalen er framleis eige kyrkjesokn. Då Tingnes kirke vart vigsla i 1972, vart det oppretta eit eige kapelldistrikt under Skrautvål sokn. Tingnes har vore eige kyrkjesokn frå 1998. Det er no seks kyrkjesokn i Nord-Aurdal. I tillegg til Ulnes kyrkje, Aurdal kirke, Strand kyrkje og Skrautvål kyrkje er det Tingnes kirke på Fagernes og Tisleidalen kirke. På Aurdalsåsen ligg Aurdal fjellkirke, som vart vigsla i 1966, og som er ei eiga stifting.



Figur 44. Strand kirke er listeført. Foto: Katharina Sparstad

Alle kyrkjer frå mellom 1650 og 1850 blir rekna som verneverdige og er derfor listeført. Nord-Aurdal har tre listeførte kyrkjer: Strand kirke, Aurdal kirke og Skrautvål kyrkje, som alle er frå 1700-talet.

Vassdragsindustri

Også i Nord-Aurdal var vassdraget viktig som energikjelde for småindustri. Fossestryk vart mellom anna nytta til bekkekvener, møller, sagbruk, frøskiljeverk, vadmålsstamper og elektrisitet. På austsida av Kvitvella kom Fagerlund Sagbruk & Høvleri i 1875. Fagerlund Meieri kom i 1897, men vart nedlagt etter fem år. I 1923 vart det atter drift i meieriet, til det i 1938 vart selt til Fossheim Ysteri i Røn. Anna industriverksemd langs Neselve var mølle med kvern og frøskiljeverk. På den andre sida av elva låg eit fargeri.



Figur 45. Sagbruket ved Neselve. Meieriet er synleg i bakgrunnen. Foto: Valdresmusea / Paul Neste

Aabjøra Mølle frå 1910 var den største mølla i Nord-Aurdal og svært moderne for si tid då ho vart oppført. Tre kverner vart drivne via turbin med vasskraft frå elva Åbjøra, som gav stor kapasitet. Mølla var i bruk fram til 1969, då ho vart avvikla i samband med at elva Åbjøra vart tørrlagt.

Det er fleire kraftstasjonar i Nord-Aurdal. Kvitvella fossen vart tidleg regulert. Den fyrste kraftstasjonen var i drift frå 1911 til 1980. Den gamle kraftstasjonen er no riven. I 2014 opna eit nytt kraftverk i Kvitvella. Det utnyttar eit fall på 15 meter og har ein produksjon på 5 GWh. I 1916 vart det kraftverk i Faslefoss og på Nordåk. Kraftverket på Nordåk vart lagt ned i 1969, men vatnet blir no nytta til fiskeoppdrett. I Faslefoss vart det bygd nytt kraftverk i 1979. Dette er framleis i drift. I 1935 vart det fløytemeieri på Leira, og i 1963 vart det etablert iskremfabrikk, som i 2\1938 vart Jotun-Is.


Krigsminne

Dagane 18.–20 og 23.–27. april 1940 skil seg ut frå alle andre dagar i Valdres si historie. Dagane blir omtala som «helvetesdagar» i Noregs krigshistorie. Dagane etter at det tyske overfallet starta 9. april 1940, pøste tyskarane på med forsterkingar. For tyskarane handla det om å hærta Austlandet og snøggast mogleg forsterke tyske styrkar i Bergen og Trondheim. Gruppe Adloch rykte fram 13. april, i fyrste omgang mot Hønefoss. I midten av april bestemte Hærens overkommando at det meste av dei norske styrkane på Vestlandet skulle setjast inn i Aurdal og søke framover mot Dokka for å samarbeide med norske troppar mellom Mjøsa og Randsfjorden. Frå den 17. april kom det om lag 4800 soldatar med tog til Gol. Dei hørde til 4. brigade med IR 9 og IR 10 og var stasjonert på Bømoen på Voss. Nokre av troppane gjekk eller vart køyrt til Leira. Soldatane kom i kamp både sør i Hallingdal og i Valdres frå den 19. april, fram til dei norske styrkane overgav seg ved Slidredomen.

Høljerast og Bagn

I Valdres møtte tyskarane uventa stor motstand. Den største motstanden møtte tyskarane på Høljerast og i Bagn. På Høljerast starta kampene 24. april. Der vart tyske styrkar forsterka med to tyske bataljonar. Dei vart nedkjempa ved hjelp av norske kanonar og dynamittladningar i bruer og stikkrenner under vegane, og berre fem panservogner kom attende til Oslo.


I Bagn møtte infanteriregiment nr. 6 (IR 6) med 4. og eit ekstra frivillig kompani på 139 mann for å stoppe tyskarane. Saman med ei norsk artilleriavdeling med tre kanonar og eit mitraljøs kompani med fem norske coltmitraljøs (som vart forsterka til åtte under kampane) laga dei store problem for tyskarane. Ved Hjelle er det skilta ei mitraljøsstilling.



Figur 46. Mitraljøsstilling på Hjelle i Aurdal. Den gongen var det god utsikt ned til bygda herifrå

Kampane i Nord-Aurdal

Den norske motstanden heldt fram i Nord-Aurdal. På begge sider av Aurdalsfjorden var det samanhengande front. Det var sett opp sperrestillingar fleire stader i Nord-Aurdal, mellom anna ved Aurdal kyrkje, ved Hjelle, ved Aurdal fengsel, i Fagernes, langs Strøndafjorden og i Ulnes.



4. brigades operasjonar.

Figur 47. Kart over norske stillingar i Valdres. Kjelde: Lindbäck-Larsen 1971

Eitt kompani (II/I.R.10) skulle avløyse eit anna (II/I.R.9) ved Strøndafjorden om morgonen 30. april. Før avløysinga nådde fram, gjekk tyskarane til artilleriførebuing, og dei norske styrkane trekte seg ut av stillinga i Ulnes etter harde kampar, der tre norske soldatar frå Vestlandet fall. Same dag overgav dei norske styrkane seg ved Slidredomen, og på Gol overgav dei seg 1. mai.

I løpet av kampdagane i Valdres mista over 300 soldatar livet. 46 av dei var norske. Godt over 400 norske og tyske soldatar vart skadde. Ved sida av Narvik er Valdres det området i landet der tyskarane opplevde størst tap i bakkekampar. I alt fall det 23 frå Valdres under krigen (1940-45). Det er reist krigsminnesmerke på Valdres Folkemuseum.

Dei tyske styrkane

Den tyske 163. infanteridivisjon bestod av to bataljonar på om lag 1600 soldatar og nokre norske 75 mm kanonar som tyskarane hadde stole på Akershus festning. Dei hadde då tvinga dei norske transportørane i Oslo til å køyre kanonane til Bagn saman med to panservogner. Til saman hadde tyskarane tolv panservogner, ti i Etnedal og to i Bagn. Dei hadde også med ingeniørsoldatar som skulle byggje opp bruer og vegar som var øydelagt av norske styrkar. Kartet på førre side syner kvar det var operasjonar. (Kjelde: Lindbäck-Larsen, Odd. 1971.)



Figur 48. Tyske soldatar i kamp i Valdres. Foto: Valdresmusea

I Nord-Aurdal var det også fleire flyslepp under krigen: på Timannsstølen, Tveitastølen og på Skardåsen, nærmare bestemt Knaltreset. Desse er markert med tavler av Nord-Aurdal HV-område. På Karihuskampen var det ein utkikkspost.

Motstandsørsla og flyslepp


Det var fleire basar for motstandsørsla i Valdres, både under Milorg og Komorg (NKP) . I Nord-Aurdal låg dei i Svarthamar, Skreolægeret, Tapptjedndalen, Håvrudbygde og Breisetstølen. Siste vinteren låg dei også på Liaåsen (Framnes, Anne Marit pers med.).



Figur 49. Kart over basar for motstandsørsla. Kjelde: Ingeborg Solbrekken

Det er sett opp krigsminnesmerke i Aurdal, Valdres Folkemuseum og ved Ulnes skule.

DEL 4 PRIORITERTE LOKALITETAR I NORD-AURDAL



1 Gamle Fagernes

Fagernes er regionsenteret i Valdres. Fagernes ligg sentralt både i Nord-Aurdal kommune og som regionsenter for dei seks kommunane som utgjer Valdres-regionen. Tettstaden har endra seg etter behov i omgjevnadene, bygningar har skifta funksjon, og nye bygningar har vakse fram. I 2007 fekk Fagernes bystatus. Midt igjennom Fagernes går stamvegen E16. I dette kapittelet skal vi kort presentere historia om Fagernes, og så avgrense temaet til den eldre delen, det gamle Fagernes.

Brukshistoria

Fagernes-området var i gamal tid eit «vegkryss» mellom eldgamle ferdselsårer frå fleire kantar, omgjeve av jord- og skogbruk på dei tre gardane Nes, Tveit og Håvelsrud. Historia startar med Otto Larsen Stuve (1825–1871).

Handelsbyen veks fram

9. september 1857 fekk Otto Larsen Stuve frå Biri løyve frå Indredepartementet til å drive landhandel i Svenes annekst i Nord-Aurdal prestegjeld. Han forplikta seg til å halde gjestgiveri og skysstasjon, men fekk ikkje rett til å skjenke brennevin eller annan drikk blanda med brennevin. I årleg avgift til statskassa måtte han betale 10 spesidalar. Han leigde rom for verksemda på Øvre Nes gard.

I 1861 fekk Stuve kjøpt ei tomt frå Tveit gard og sette opp ein toetasjes bygning som vart det fyrste Fagernes Hotell. Folk tok til å kalle staden for «Stuvenes», men Stuve sjølv likte ikkje dette og kalla staden Fagernes. Slik fekk den seinare bygdebyen namnet sitt. Den fyrste handelsbygningen vaks fram på Skarpsno.

Lovendringar fører til auke i handelen

Tre lovendringar førte til framveksten av fleire butikkar i Bygde-Noreg på 1800-talet. Handelslova i 1842 gav alle nordmenn rett til å selje eit utval innanlandsproduserte varer. Ny lov i 1860 gjorde at utanriksproduserte varer som sukker, kaffi, krydder og fargestoff vart frie for sal. I 1868 fekk kremmarar selje alle slags varer, også importerte varer frå utlandet.

I 1920 var det 379 innbyggjarar på Fagernes. Det var særleg etter 1900 at Fagernes voks som handelssenter. Og det var på vestsida av Neselve ein fann det næringsmessige tyngdepunktet på Fagernes. Nikolai Lundstein frå Etnedal bygde opp eit av dei fyrste handelshusa på austsida av Neselva i 1912. I 1920 var det hotell (Bang Hospits) og landhandleri her. Erik Frenning kjøpte bygget i 1924. I 1932 selde han midtpartiet til familien Engen, som moderniserte hotellet. Bang Hospits brann i 1984. I 1907 kjøpte gullsmid Lars Gullhagen frå Hallingdal tomt mellom Neselve og Elvely Hotell. Her bygde han opp ein stor forretningsgard og dreiv i mange år gullsmidforretning. I 1920 etablerte han Fagernes Sportsforretning, som framleis er eigd av familien.

Etter kvart vart det både slaktar, blomsterbutikk, urmakar, jernvarehandel, fotograf, postkontor, telefonsentral, møbelforhandlar, smed, frukt- og tobakksforretning, skomakar, bilverkstad, bensinstasjon, elektrisitetsforretning, glas- og steintøyforretning og meir til på Fagernes.

Vegane

Endå viktigare for utviklinga var det at vegen vart lagt om i 1857. Den bergenske kongevegen frå slutten av 1700-talet var enno i 1828 den einaste køyrbare kjerrevegen i Valdres. Den gongen var det berre to hovudvegar ut av Fagernes, vegen mot Aurdal–Oslo og vegen mot Filefjell–Bergen. Aust-vest-sambandet har no blitt E16-stamveg mellom Oslo og Bergen og går framleis midt gjennom sentrum.

Den eldste vegen mot Skrautvål og Øystre Slidre gjekk frå Leira gjennom Ranheimsbygde. Fyrst i 1860-åra vart Skrautvålsvegen mellom Fagernes og Skrautvål utbygd. I 1912 vart det samanhengande køyrbare kjerrevege mellom Leira og Etnedal. Vegen mellom Fagernes og Rogne vart ikkje bygd før

langt ut på 1900-talet. Også denne vegen har vorte sterkt trafikkert, ikkje minst når vegen over Valdresflye er open.


Då den nye vegen kom mellom Fagernes og Leira, endra han strukturen i Fagernes. Fram til då gjekk vegen lenger oppe, frå 1857 gjekk vegen nærare vatnet. Den nye vegen gjorde at landskapet endra seg, og infrastrukturen. Samstundes vart vegen betre og trafikken auka. No tok utviklinga av tettstaden fart. Som historikar Knut Hermundstad skriv: «Kjøpmenn grunnla ofte eit bygdesamfunn når dei tok til med landhandleriet sitt. Det var så lettvindt å bu nær landhandlaren. Difor var det bygging rundt krambui hans. Ofte sette det seg ned forretningsdrivande av ymse slag, såleis snikkarar, smedar, skreddarar, skomakarar, andre arbeidarar osb. Jamt vart det og bygd hotell nære ved. Så var snart bygdesamfunnet der» (Knut Hermundstad 1954).

Det meste skjedde likevel etter 1900. Valdresbanen bidrog også sterkt til dette.


Valdresbanen og offentleg kommunikasjon

Valdresbanen stod ferdig i 1906, og på endestasjonen Fagernes vart det reist ei mengd hus og bygningar i tilknytning til den nye jernbanen: stasjonsbygning, damplokstall, vasstårn, Narvesen-kiosk og lagerbygningar for skifer og landbruksvarer. Hus for jernbanefolk ligg enno langsmed traseen sør for Fagernes. Viktige transportvarer fyrste tida var skifermjøl, olje og tømmer. Valdresbanen var òg svært viktig for persontrafikken til Valdres fram til nedlegginga i 1988 (sjå eige kapittel om Jernbanehistorie).

Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap AS tok etter kvart over større delar av persontrafikken, og i 1969 fekk charterbussene sitt gjennombrot. Fagernes lufthamn, Leirin stod ferdig for rutetraffikk og charterflyging i 1987 og opna dørene for ei ny og utfordrande reiselivsframtid.




Figur 51. Fagernes 1920. Kart: Nord-Aurdal kommune / Nina Espeseth Grønbrekk, *Snev av urbanitet*, masteroppgåve 2009



Figur 52. Fagernes 1945. Kart: Nord-Aurdal kommune / Nina Espeseth Grønbrekk, *Snev av urbanitet*, masteroppgåve 2009

Bruer over Neselve

Det har vore fleire bruer over Neselve. Adjutant Wilhelm Maximilian Carpelan (1787–1830) laga i 1819 ei teikning av eit landskap som truleg er Neselve ved Fagernes, då han var på synfaring av Den bergenske kongevegen. På teikninga kan det sjå ut som at brua låg eit godt stykke lenger opp enn ho gjer i dag. Truleg var det her Den bergenske kongevegen kryssa elva.



Figur 53. Bru over Neselve teikna av Wilhelm Maximilian Carpelan kring 1819. Motivet viser ei trebru med utsikt nordover mot fossen, mølla og Hylle-gardane.

Når fyrste brua over Neselve vart bygd, er uvisst, men truleg var det bru her då Den bergenske kongevegen stod ferdig i 1793. Eit foto av Fagernes frå 1890-åra viser ei trebru her.

Dei tidlegaste fotografia av Fagernes er frå 1890-åra. Då er det framleis trebru over Neselve. Same brua er fotografert i 1916, men ho brann i 1920 og vart erstatta av ei jernbru.



Figur 54. Brua brann i 1920. Foto Valdresmusea/ukjend

Eitt av spenn i den gamle jernbrua er framleis i bruk, i Torpe bru i Vang. Dagens bru er frå 1958. Ved Kvitvellaafossen er det sett opp ei gangbru i 1992. Ein gangbru er også sett opp lenger nede ved elveosen.

Fleire bankar kjem til

Fagernes Sparebank vart grunnlagt i 1931 og var lenge den einaste banken på Fagernes. Stor byggeaktivitet i etterkrigsåra skapte auka behov for kapital, og mange ynskte lån frå andre bankar enn Fagernes Sparebank. Dette førte til at det vart etablert fleire nye forretningsbankar på 60- og 70-talet.

Dei siste 40 åra

Utover på 1970- og 80-talet var det sterk vekst i handelen på Fagernes. Dei største endringane såg ein fyrst og fremst innanfor daglegvarehandelen med konsentrasjon omkring færre og større forretningar. Kjøpesenteret som ramme for konsum vart introdusert med opninga av Gjensidigegarden i 1985. I 2000 opna Fagernes Kjøpesenter i dei gamle lokala til Felleskjøpet, og i 2008 er senteret ytterlegare utvida. Dette førte til fleire tomme butikklokale i den gamle bydelen.

Valdresskifer

Frå skiferbrotet i Øystre Slidre vart det frakta store mengder takskifer. På Fagernes stasjon var det ei eiga avdeling for Valdres Skiferbrudd. Her vart skiferen samla før han vart frakta vidare med Valdresbanen.

Neselve og småindustri

Neselve, som renn gjennom Fagernes, danna i førre hundreår grunnlaget for den fyrste konsentrerte industrialiseringa i Valdres. Her hadde det vore både kvern og tømmerfløyting i gamal tid. Spesielt på austsida låg det godt til rette for småindustri, og her vart Fagernes Sagbruk & Mølle og frøskiljeverk grunnlagt 1875. I 1897 vart Fagerlund Meieri etablert på austsida av Neselve. Meieriet vart lagt ned etter berre fem år, men kom i drift att i 1923. Då vart det ysta goudaost her, medan mysa vart sendt tilbake til leverandørane. Departementet sitt krav om godkjent pasteuriseringsapparat og årleg produksjon på éin million liter sette derimot ein stoppar for vidare drift. 1. januar 1938 vart meieriet kjøpt opp av Fosheim Ysteri i Røn.

På andre sida av elva låg eit fargereri. På vestsida ligg også gamle Fagernes skole, seinare framhaldsskole og ungdomsklubb, no losjebygning.

Kvitvella kraftstasjon

Kvitvellaføssen vart tidleg regulert. Den fyrste kraftstasjonen var i drift 1911–1980. Ny kraftverksbygning vart reist på vestsida i 1922, men er no riven. I 2014 opna eit nytt el-kraftverk i Kvitvellaføssen. Dette utnyttar eit fall på 15 meter og har ein årsproduksjon på 5 GWh.



Figur 55. Kraftstasjon (nedst) og gangbru (øvt)

Strøndafjorden

Strøndafjorden ligg om lag 357 meter over havet og er no regulert. Ei steinstøtte i parken på Fagernes viser kor høgt storflaumane gjekk i forskjellige år tilbake til Storofsen i 1789 og Tressflaumen i 1860. Strøndafjorden har vore ei ferdselsåre i lang tid. Heilag-Olav brukte båtar nedover fjorden då han kristna Valdres i 1023, og på Tingnes, sør for Fagernes, møtte Heilag-Olav dei lokale bøndene.

Med Valdresbanen auka turiststraumen til Fagernes og Valdres. Til Fosheim Hotell i nordenden av Strøndafjorden var båttransport einaste alternativ utanom hest og vogn. I 1906 kjøpte Valdresrutens Baatlag «Falken». Båten, utstyrt med to bensinmotorar (2 x 6 hk), hadde plass til 41 passasjerar og korresponderte med Valdresbanen.

På isen på Strøndafjorden har det vore billøp og flyplass, og framleis er det seglflytreff her i påska og flystripe for modellfly.

Fiske

Utløpet av Neselve har alltid vore ein god fiskeplass. I eldre tid var det ei fiskesløe ved utløpet, det vil seie ei innretning der fisken sym inn, men ikkje kan come ut. Sløene var effektive fiskereiskapar og måtte tømmast regelmessig.

Hotell og reiseliv

Historia om Fagernes startar gjerne med Otto Stuve, som starta skysstasjon og handelsverksemd på Øvre Nes gard i 1857.



Figur 56. Otto Stuve fekk kjøpt tomt frå Tveit gard i 1861 for å bygge hotell. Hotellet låg omtrent der Fagernes hotell liaa i daa

Fagernes var mest ein landleg idyll med hotell og landhandel dei fyrste 40 åra. Fagerlund Hotell vart grunnlagt av familien Jonsrud i 1875. Seinare vart verksemda flytta til området der Fagernes Hotell i ligg i dag. Innbyggjartalet var på dette tidspunktet cirka 100.

Gründeren Lage Fossheim (1859–1947) renoverte Fagernes Hotell rett før 1900. Det stod ferdig i god tid før Valdresbanen var ferdig utbygd. Hotellet vart rehabilitert i ny-klassisistisk stil i 1916. I 1946 brann hotellet ned til grunnen.

Hans Martinsen, ein gründer frå Odnes, skjønnte at dampskipstrafikken på Randsfjorden ville ta slutt når Valdresbanen var ferdig utbygd. Martinsen kjøpte derfor skysstasjonsgarasjen på Odnes, og materialane i garasjen frakta han til Fagernes. Her sette han opp Elvely Hotell, som vart utbygd som jernbanehotell i 1906.

Hotella Fagernes, Fagerlund og Elvely representerer en viktig del av Fagernes' historie i perioden 1857–1982. Av mindre overnattingsstader som ikkje lenger finst, var Næss Pensjonat, Skarpsno Hotell, Bagn Hospits, Bagges Hotell, Fagernes Ungdomsherberge og turistheimane Solhaug og Sælid. Fagernes Camping har også blitt eit flott overnattingstilbod, med hytter og leilegheiter.

Valdres Folkemuseum

Valdres Folkemuseum vart stifta 10. mars 1901, i den nasjonale rusen i byrjinga av førre hundreåret. I 1905 kjøpte museet Handeloftet frå Ole Halvorsen Hande i Vestre Slidre. Det vart sett opp på Valdreshaugen, ei tomt bak Skarpsno, i 1906. I 1917 selde museet Valdreshaugen og kjøpte i staden 18,5 dekar ute på Storøye, der Valdres Folkemuseum held til i dag.

Valdres Folkemuseum er i dag eit av dei største friluftsmusea i Noreg. Det er til saman 96 hus og anlegg innanfor skigarden på museumsområdet. Samlingane på Valdres Folkemuseum tel 20 000 gjenstandar frå heile Valdres. Valdres Folkemuseum har det eldste lokale folkemusikkarkivet i landet med over 9 000 enkeltspor med musikk og song. Museet sitt fotoarkiv tel 64 000 bilete. Opplandsarkivet har òg ei avdeling her med om lag 480 forskjellige papirarkiv. Valdres Folkemuseum har eige studiesenter og ein instrumentverkstad som produserer langeleikar og hardingfeler, og som reparerer ulike instrument og produserer strenger. Det statlege Institutt for bunad og folkedrakt er frå og med 2008 ein seksjon som administrativt er underlagt Valdresmusea AS.

Administrasjonsbygningen på Valdres Folkemuseum stod ferdig i 1967. Hausten 2008 startar bygginga av ein ny administrasjonsbygning for Valdresmusea AS. Den stod ferdig i 2010.

Avisa Valdres

Avisa Valdres er lokalavisa for Valdres og vart stifta 9. april 1903.



Figur 57. Det fyrste avishuset. Frå *Ei minnebok om Fagernes*, Ingolf Iversen

Første ordinære nummer kom to dagar før, 7. april. Dei fyrste åra heldt avisa til i dei nedlagde meierilokala til Fagerlund Meieri på austsida av Neselve. Sidan har avisa kome ut jamt og trutt, frå 1978 fire dagar i veka, men frå 1.1.2015 tre dagar i veka, som tidlegare.

I 1917 kjøpte avisa bygningen «Sole». På 1940-talet var det planar for utviding av denne bygningen. Teikningar utført av arkitekt Panaggi i 1947 syner modernistiske fasadar, valmtak og smale, horisontale glasband. Sidan har bygningen vorte utbygd fleire gonger, i 1967, 1981 og i 1996.

I 2009 vart avisa Valdres kjøpt av Tun Media AS. I 2010 skifta Valdres-konsernet namn til Valdres Media AS, og i 2012 vart avisselskapet selt vidare til Gudbrandsdølen Dagingen AS på Lillehammer. Trykkeriet, Valdres Trykk AS, var eit dotterselskap av Valdres Media AS, men vart selt til dei tilsette. I 2018 vart trykkeriet nedlagt. Avisa Valdres har eit opplag på i underkant av 9 000.

Bustadområda veks fram

Etter kvart som tettstaden vaks fram, utvikla det seg ein ny embets- og handelsstand. Litt i utkanten av handelsstaden etablerte det seg enkelståande villaer med eit visst preg av velstand. Fagernes fekk ein ny bustadstruktur med bustadområda i Vika, langs Garlivegen og i Moaskogen. Det gamle gymnaset og ungdomsskulen ligg i dette området saman med Valdreshallen.

På vestsida av Neselve vaks det også fram bustadhus. Her var den fyrste skulen, og her vart det forsamlingshus, fargeri og skreddar. I enden av Kvitvellaavegen er det bustadhus i jugendstil frå 1920-åra.



Figur 58. Den fyrste skulen på Fagernes

Byggjeskikken

Sveitserstilen

I perioden 1860–1920 vart det reist ei mengd sveitserhus på Fagernes. Kjenneteikna er rik ornamentikk i listverk, bjelkeendar og rekkverk, etasjeband, veranda og store takutspring. Annekset (1885) og

Skarpsno (1906) er gode døme på stilen, sjølv om bygningane er endra sidan den gong. Knut G. Jonsrud (1843–1932) reiste Fagerlund Hotell i 1875. I 1936 brann hotellbygningen, men vart gjenreist i 1939 i modernistisk byggjestyling. Til hotellet høyrde Annekset, bygd i 1885. Annekset er av dei eldste husa på Fagernes i dag. Bygningen er noko ombygd, men har framleis svalgang med originale, ornamenterte bogar.

Innslag av jugendstil og nybarokk

Tiåra etter hundreårsskiftet var prega av store sosiale motsetningar. Som motvekt utvikla arkitekturen seg til fasadar utan referansar til gamle sosiale skilje. Dette er noko av bakgrunnen for framveksten av jugendstilen. Fleire hus på Fagernes vart bygde i denne stilen, gjerne i kombinasjon med sveitserstil, drakestil og klassisistiske stilar. Dei fremste kjenneteikna er bølgjande utskjering og småruta glasruter øvst i vindauga. Bjørkheim på Nesjordet er døme på representativ villaarkitektur i jugendstil, med referansar til storslått nybarokk. Bjerknes, som er ein nybarokk bygning i to etasjar, er òg eit døme på denne tradisjonen. Huset er krona med eit monumentalt mansardtak. Slike tak var vanlege også på hus i jugendstil.



Figur 59. Tynvegen med Skarpsno i enden. Sveitserstilen dominerer.



Figur 60. Same strekning i 2020

Urbane fasadar

I fyrste halvdel av 1800-talet vart det moderne med murhus, mellom anna på grunn av impulsar frå Europa. Ved at huset vart pussa med leire og kalk, gav det inntrykk av å vere mur. Dette vart gjort innvendig – og utvendig. Utvendig var det enklare å pusse vegger med reisverk. Reisverkshusa vart merir vanleg etter 1900. Veggene vart dekt med papp, halm og hønsenetting under kalkmørtelen. I Fagernes er det seks slike hus langs Neselve, fem på vestsida og eitt på austsida i nærleiken av sagbruket. Taka var dekt med skifer. Nokre av dei vart bygd som leilegheitsbygg for utleige. Ein bygning langs Tynvegen frå 1934 skal vere det eldste toetasjes leilegheitsbygget på Fagernes.



Figur 61. Hjørne frå nord ved Skarpsno. Fremst ser vi ein bygning med utvendig rappeteknikk.



Figur 62. Rappa hus i Fagernes

Modernismen

Modernistisk arkitektur vart vanleg på Fagernes frå slutten av 1930-talet. Arbeidarrørsla var veksende, folk trong hus, og butilhøva skulle jamne ut dei sosiale skilja. Modernismen skulle vere nyskapande og reinska for overklassesymbolikk. Nye byggjemateriale og ynsket om å setje funksjon føre dekorelement vart viktige kjenneteikn for modernistisk arkitektur. Fagerlund Hotell, Kreditkassen, Rådhuset og Handelsbygningen er døme på variantar av modernistisk arkitektur.



Figur 63. Bilete teke frå lufta i 1988, eit halvt år før Valdresbanen vart lagt ned. Her har hotellet ei anna fasasade..
Foto: Bjørn Karsrud



Figur 64. Rådhuset på Fagernes har ein modernistisk arkitektur. Arkitekten Bjart Faye Mohr har teikna fleire liknande bygningar rundt om i landet.

Nostalgisk uttrykk

På 1980-talet skjedde det store endringar i byggjeskikken på Fagernes. Interessa for gamal byggjeskikk førte til ei dreining vekk frå modernistisk formspråk. Fagernes Hotell føretok eit hamskifte på 1990-talet. Utvendig fekk hotellet preg av sveitserstil med raust, tårnmotiv og småruta vindauge.



Figur 65. Fagernes Hotell fekk ny utvendig fasade på 1990-talet. Til venstre ser vi leilegheitsbygg i fire etasjar frå 2000-talet.

Også den nye bygningen til DnB NOR (i dag DNB) fekk fasade i sveitserstil.



Figur 66. Bygningen til DnB NOR med fasade i sveitserstil

Korleis skilje ut gamle Fagernes i dag?

Fagernes er som dei fleste andre småbyar prega av eldre og moderne tid. Byen har vakse fram i takt med utviklinga. Mykje er endra, både i byggjeskikk og gatebilette.

Dagens sentrum har eit sterkt todelt arkitektonisk uttrykk. Bygningane i det historiske sentrumsområdet kring Gullsmedvegen varierer i form, farge, arkitektur og skala, i motsetnad til bygningane som har blitt etablert dei siste 30 åra. Kjøpesenteret er til dømes eit populært reisemål,

men bygnaden bidreg ikkje til å styrke karakteren til *gamle Fagernes*. Det gjer derimot Gullsmedvegen.



Figur 67. Gullsmedvegen har element av fasade mot gata og av kvadraturprinsippet.

Fyrst på 1900-talet skjedde mykje som gav Fagernes meir sentrumspreg. Her vart det ei rekke enkelståande bygningar i fleire etasjar med fasaden mot gata, noko som danna ein karakteristisk romstruktur og eit ope gatebilete.



Figur 68. Det «moderne» Fagernes sett frå lufta på byrjinga av 2000-talet

For å definere karakteren til det historiske sentrum er det viktig å analysere og studere eigenskapane og strukturen i den historiske delen samanlikna med dagens utvikling. På den måten er det lettare å sjå typiske trekk i utforming og byggjestil i den eldre delen av Fagernes.

Samanlikna med den nyare arkitekturen kan vi sjå at den eldre delen definerer romstrukturen med ein fasade mot det offentlege rommet, det vil seie gata. Dette finn vi ikkje att hos nyare bygningar som kjøpesenter og blokker langs vatnet.

I dei eldste delane av sentrum finn vi også separate kvartalstrukturar. I denne opne kvartalstrukturen finn vi hagar og parkeringsanlegg og som på Briskeby, ein terrasse. Til samanlikning ligg dei nyare bygningane sentralt på tomte og bryt kvartalstrukturen. Strukturar saman med det varierte gatebildet gjer at vi kan definere *det gamle Fagernes*

Døme på enkeltbygningar som kan trekkast fram:



1. Gamle Fagernes skole
2. Heggelundgården
3. Skarpsno
4. Skreddarhuset
5. Strømsnes
6. Central hotell
7. Røedgården
8. Frenninggården
9. Gullhagengården
10. Briskeby
11. Tidlegare bakeri
12. Sveitserhus
13. Sykkelverkstad
14. Stallane
15. Saga
16. Misjonshuset
17. Bilstadhuset
18. Fagernes Zoo
19. Bjerknes
20. Fyrste leilegheitsbygg

Frenninggården

Nedst i Gullsmedvegen på høgre side ligg Frenninggården. Her har det vore hotell, jernvarehandel og landhandleri. Nikolai Lundstein frå Etnedal bygde opp eit av dei fyrste handelshusa på denne sida av

Neselve i 1912. Frenninggården var opphavleg ein gamal sveitserbygning og del av eit stortilt, tredelt bygningskompleks. I 1920 var det hotell (Bagges Hotell, seinare Bangs Hotell og Bangs Hospits) og landhandleri her. Erik Frenning kjøpte garden i 1924. I 1932 selde han midtpartiet til Anna Engen, som moderniserte hotellet. Bangs hospits brann i 1984.

Gran/Briskeby

Ivar O. Hippe (1894–1966) etablerte firmaet I. O. Hippe i 1920. I 1930 flytte firmaet til «Gran» på Fagernes. Det var byggmeister Hagaseth frå Etnedal som i 1920 reiste bygningen i plankelaft – på stolpar. Då Ivar O. Hippe overtok, vart det støypt grunnmur, og huset vart kledd med panel. Hippe dreiv bakeri og kafé i kjellaren dei fyrste åra. Kolonialforretning opna i 1938. Sonen Bjørn Einar Hippe (f. 1929) overtok i 1966 og dreiv forretninga fram til 1994. På 1950-talet var det kafé her, og i 1983–1994 var det Fagernes konditori som stod for kafédrifta. Briskeby kafé opna 15. juni i 2001.



Figur 69. Briskeby kafé ligg i «Gran»-bygningen

Gullhagengården

Nedst i Gullsmedvegen ligg Gullhagengården. I 1904 etablerte gullsmed Lars Gullhagen (1884–1951) frå Ål i Hallingdal gullsmedforretning på Leira. I 1907 kjøpte han tomt mellom Neselve og Elvely Hotell. Her reiste Lars Gullhagen «Fredheim», kombinert bustad og forretningsgard, og dreiv sylv- og gullsmedforretning. I 1920 etablerte han Fagernes Sportsforretning her. Gullhagen vart godkjent som Ford-forhandlar i 1924. Forretninga er framleis i eiga til familien.

Lykstad / Central Hotell

Ved siden av Røedgården langs E 16 ligg Lykstad, bygd i 1906. Opphavleg var det Central Hotell frå 1924 som heldt til i Lykstad-bygningen, men no er det forretningsgard. Dette var skysstasjon for lasskøyrarar som kom med skiferstein. Glasverandaen mot veggen var tidlegare open.

Røedgården

Den representative arkitekturen fekk ei viktig rolle ved framveksten av næringslivet på byrjinga av 1900-talet. Imponerende fasadar skulle kommunisere soliditet og truverde. I denne samanhengen vart det klassisistiske formspråket nytta heilt medvite.



Figur 70. Røedgården

Den antikke arkitekturen har sidan 1500-talet hatt stor gjennomslagskraft, og gjennom tida vart det utvikla nye stilar basert på denne slektskapen, særleg under nyrenessansen (1800-talet) og nyklassisismen (1900-talet). Røedgården, bygd i 1922, er døme på ein bygning som i form og detaljar peikar mot ein klassisistisk arkitekturtradisjon: symmetriske fasadar, framskote midtparti, mursteinsimitasjon, pilastrar, valmtak og lukka gesims.

Olav Røed (1878–1942) og Amalie Leirah (1887–1962) etablerte firma her i 1922: manufakturforretning, hatteforretning («Frk. Leirah»), bensinstasjon og agentur for øl og mineralvatn. Det er framleis familien som eig huset.



Figur 71. Gamle Gran

Skarpsno

Det var på vestsida av Neselve ein fann det næringsmessige tyngdepunktet då Fagernes vaks fram. På Skarpsno var det både landhandel frå 1913 og hotell. Hotellbygningen på nedsida av vegen vart reist i 1903. Denne brann i 1982. Tårnbygningen står enno og vart bygd i 1906. Frå 1911 var det skreddarverkstad her, frå 1914 manufakturforretning. Brød og kaker fekk ein kjøpt av bakar Erling Nyhus. I 1910 var det moteforretning, og frå 1922 bokhandel.



Figur 72. Skarpsno sett frå gata (til venstre) og frå bakgården (til høgre)

Andre hus i Gullsmedvegen

Nedover i Gullsmedvegen ligg bustadhuset Bilstad og Misjonshuset, bygd før 1920. Øystadhuset er reist i 1920-åra.

Bjerknes

Bjerknes er ein murpussa bygning i rappeteknikk frå kring 1910–15 med detaljar i nybarokk stil. Tvers over gata enda en murpuss hus frå same periode, men i enklare stil (Zoo). Litt lenger vest ligg Strømsnes-villaen frå 1901.



Figur 73. På bildet ser vi Bjerknes med rappeteknikk på høgre side av gata, og Strømsnes-villaen like framfor.

Heggelundgården

Heggelundgården vart bygd i blanda nybarokk- og funksisstil. Der heldt Aslaug Heggelunds dameklær og hatter til i tida 1910–1998. Valdres Installasjon, tidligare Valdres Elektriske, vart grunnlagt i 1940.

Skreddarhuset

På vestsida av elva ved Fagernes bru ligg Skreddarhuset frå kring 1920. Ola Håvelsrud starta skreddarverkstad i 1911 og eiga manufakturforretning i 1914.



Figur 74. Skreddarhuset

Stallane

Stallane til all hestetrafikken inn og ut til mølle og sag ligg her enno. Her venta hestane medan arbeidet stod på.



Figur 75. Stallane står enno

Smia

Inst i Industrivegen låg den kjende Johansen-smia. Ho var i drift frå 1937 til 1991.

Objekt til kart

Nedanfor er det vist forslag til avgrensing av omsynssone kring det gamle Fagernes gjennom kommunens eige planverktøy.



Figur 76. Forslag til avgrensing av omsynssone C kulturvern gjennom plan- og bygningslova

Prioritet

Gamle Fagernes er gjeve prioritet 1.

Grunngeving for prioritering

Fagernes er ein tettstad forma av det moderne samfunnet (1850-talet og framover) og er derfor også prega av kontrastar og variasjon. Dette gjev Fagernes noko av særpreget sitt. Fagernes representerer såleis ein type tettstader som det finst mange av i Noreg.


Det som var det fyrste tettbygde området, området nærmast elva og brua, har i stor grad behalde ein struktur og ein målestokk som få andre slike bygdebyar har. Her er historia lesbar og kan skape ei ramme rundt vidare utvikling. Enkelthusa er viktige, fordi dei samla utgjer eit unikt bygningsmiljø med stort potensial for næring, kultur og sosialt liv. Frå den fyrste handelstida er det også att nok til at det framleis set sitt preg på bydelen, både i form av enkeltbygg og sjølv kvadraturstrukturen. Denne delen er viktig for å forstå historia i Fagernes, og småbyens karakter og identitet.

Historia langs elva er særleg viktig. Her var det stor aktivitet. Råstoff vart frakta inn, foredla og selt vidare. Småindustrien pressa fram ny infrastruktur. Element av denne tida er framleis bevart, som stallane, smia og mølla, som no er modernisert.

Dei fleste som bur i Valdres, har eit forhold til Fagernes, både innbyggjarar og fritidsbebuarar. Det er derfor viktig for identiteten og for vidare utviklinga av Fagernes som regionsenter og by. Byen har framleis eit stor potensial når det gjeld å «syne seg fram». Fagernes er i ei rivande utvikling, og då er det spesielt viktig å trekke fram og ta vare på områda som har spesielle kvalitetar.

Forslag til forvaltning

I 1998 vart det utarbeidd ein tettstadanalyse for Fagernes (Feste AS Lillehammer Landskapsarkitektar LMNA). Den definerer område med spesiell historisk verdi.



Figur 77. Frå tettstadanalysen i 1998. Analysen viser både bygningar som er verna gjennom reguleringsplan, og bygningar som kommunen bør vurdere å verne gjennom reguleringsplan

Ut frå denne analyse kan vi sjå at det er sju bygningar som er verna gjennom plan- og bygningslova. Det vil seie at det er kommunen si oppgåve å følgje opp vedtaket om vern i eige lovverk. Ut ifrå reguleringsplanen er også enkelte bygningar i Fagernes allereie regulert til bevaring:

25/64, 25/65 Kampengården
25/14 Østensviggården (Sparebank 1)
25/38 Røedgården (Khalles Corner)
25/7 Fagernes Sportsforretning (Intersport)
25/8 privat bustad
25/270 Annekset
25/268 Fagernes stasjon

Vidare er det peikt ut tre viktige område med tanke på kulturhistorie. Dette samsvarer langt på veg med forslaget i denne planen, med unntak av området frå stasjonsbygningen og austover. I mellomtida er også dette området endra og utbygd. Dette har derfor mindre historisk verdi i dag.

Frå tettstadanalysen i 1998 blir det med tanke på E16 og kulturminnevern også konkludert med at det er naudsynt med ei nærmare utgreiing. Det er formulert slik: «en utredningsoppgave som kan igangsettes uavhengig av en konsekvensutredning og som eventuelt kan danne et grunnlag for denne, er en vidare vurdering av kulturminnevernet i sentrum. Dette vil være et godt grunnlag for neste revisjon av sentrumsplanen uansett valg av vegalternativ». I 2019 vart det vedteke eit fortettingsstudie; <https://www.nord-aurdal.kommune.no/tjenester/plan-bygg-og-eiendom/planer/overordnede-planer-og-temaplaner/byutvikling/fortettingsstudie/>. Fagernes har stort potensiale for fortetting, men ein bør være bevisst kva for deler av byen som er egna i høve til historisk verdi og andre kvalitetar som er viktige.

I samband med nye E16 og tettstadutvikling av Fagernes–Leira har det vore ein lengre prosess knytt til ein areal- og transportstrategi for regionsenteret Leira–Fagernes (SATS). Denne vart ferdig signert i 2015 med fem års varigheit. Eit av måla var å skape eit attraktivt regionsenter. Gamle Fagernes bør derfor sjåast i samanheng med den totale utviklinga av Fagernes–Leira. I strategien blir mellom anna kvartalstrukturen i gamle Fagernes trekt fram som ein kvalitet.



Figur 78. Gullmedvegen

Vidare blir dei historiske bygningane trekt fram, og det blir peikt på at ein med desse kan byggje identitet. Vasslina og Neselve blir også viktige element som det bør takast omsyn til i vidare planlegging, både med tanke på folkehelse og friluftsliv og med tanke på historie som knyter seg til elva. Valdresmusea og Fagernes handelsstand har arrangert byvandringar, og dette kan utnyttast endå betre med ein god plan for restaurering, bruk og tilrettelegging.

Ei utfordring for det gamle Fagernes er at butikkane flytter over til kjøpesentera. Fagernes handelsstand arbeider aktivt for å fylle lokala med ny aktivitet. Samstundes er Fagernes og områda i nærleiken pressområde for utbygging/bruksendring og omdisponering.

For å hindre at den historiske delen av Fagernes blir borte, bør det derfor leggast omsynssone kring gamle Fagernes med føringar som sikrar at det blir teke vare på kvalitetane i områda. Vidare er det ei moglegheit å tilby ordningar som stimulerer til at bygningane blir brukt til næringsverksemd. For å kunne definere kvalitetane i det gamle Fagernes bør det utarbeidast ein DIVE-analyse (kulturhistorisk stadanalyse) på dette området. Det vil gje ei mest mogleg objektiv vurdering av kvalitetane og kan vere ein god reiskap for god forvaltning og bruk.



Figur 79. Gullsmedvegen med Iversen-huset (Bilstad) og Briskeby kafé

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på den opphavlege identiteten til Fagernes som handelstad. Til dette er det som er att av gamle Fagernes, spesielt viktig å ta vare på visuelt og teknisk. Samstundes er det ei stor utfordring for Fagernes at mange butikkar flyttar til kjøpesentera. Dette kan til ein viss grad styrast med planlegging og tilrettelegging frå kommune og næringsliv.

Sidan E16 går gjennom Fagernes, er trafikken også ei utfordring. Mykje trafikk, til dels mykje tungtrafikk, gjev eit stressande gatebilette.



Figur 80. E16 går gjennom Fagernes sentrum

Fagernes har òg behov for byggjeareal. Det har derfor vore fleire utspel om fortetting i området. I dette området vil det endre den opphavlege karakteren til det gamle Fagernes.

Det er ein kostnad for eigar å sette i stand bygningar som er ute av bruk, som til dømes stallane. Det er derfor fare for at bygningar som ikkje er i bruk, forfell. Likevel er det spesielt viktig å ta vare på desse bygningane for å få ei logisk forståing av Fagernes si historie. Det same gjeld areala kring desse bygningane.

Bygningane innanfor den føreslåtte omsynssona i kommuneplanen bør få stå i fred. Det er viktig at det blir teke omsyn til både enkeltbygg med spesiell verdi, bygningsstruktur og miljø. Fagernes har vore ein «skiferby», noko som er markert med Skiferplassen og skulpturen av lasskøyrar og hest. Dette bør også kunne gå fram av taka på bygningsmassen.



Figur 81. Hus i Skrautvålsvegen med fasade i rappeteknikk og skifertak

Området langs elva har endra karakter etter at elva vart regulert. Det er lagt til rette for kulturstig langs elva der historia blir fortalt på tavler. Fleire eldre bygningar står framleis, slik at historia lever vidare for oss som bruker området. Også områda langs elva er foreslått fortetta. Dette vil gje dramatiske endringar i dei historiske linene, og opplevinga av den gamle industristaden vil forsvinne.

Bruk: Gamle Fagernes skal takast vare på og primært nyttast som handelsstad – med utgangspunkt i dagens bygningsmasse. Bustadområda er innarbeidd, og området langs Neselve er allereie lagt til rette som kulturstig og fungerer godt som rundtur. Stigen er godt merkt og har merking til andre turmål som Kviteberg, Vesleøye og Valdres Folkemuseum. Går du frå startpunktet ved E16 og brua over Neselva går du over brua i retning E16. På den andre sida følger grusvegen opp langs Neselve. Oppe ved fossen går stigen over Neselve, og så følger du grusvegen ned langs elva tilbake til startpunktet. Heile runden er om lag 1 km lang og tilrettelagt med universell utforming. Det gamle Fagernes har framleis et stort, uutnytta potensial, og det bør utarbeidast ein DIVE-analyse for å få belyst verdiane, og potensial for framtidig bruk. Det gamle Fagernes har eit stort, uutnytta potensial for kulturvandring og gode opplevingar. Det er allereie tilbod om gode byvandringar, men dette kan utviklast endå meir med små tavler eller gjennom mobilapplikasjon, til dømes KulturIT.

Gjennomgåande biltrafikk bør leggst utanom Fagernes.

Hovudmål: Vidareutvikle Fagernes som eit attraktivt regionsenter. Som ein del av dette skal kvartalstrukturen i gamle Fagernes, området knytt til Neselve og dei historiske bygningane takast vare på og nyttast utan at dei mistar kulturhistorisk verdi.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Målretta utvikling	Betre oversikt	Utarbeide DIVE-analyse	Kommunen	Kommunen
Ta vare på bystrukturen	Etablere ei omsynssone	Eigne retningsliner	Kommunen	Kommunen
Ta vare på bygningane	Utarbeide tilstandsrapport	Restaurere	Eigar Kommunen	Eigar Norsk kulturminnefond
Ta vare på kunnskapen	Få oversikt over kva som finst	Ta vare på og samle informasjon	Eigar Valdresmusea Historielag Fagernes Handelsstand	Alle
Formidle historia	Plan for formidling	Tavler eller app Kulturløype DKS	Valdresmusea Fagernes Handelsstand	Valdresmusea Fagernes Handelsstand
Legge til rette for gode opplevingar	Plan for vedlikehald av bygningar og omgjevnader	Restaurere og rydde	Kommunen Eigarar	Kommunen Eigarar Stiftelsen UNI Sparebankstiftelsen

Oppfølgingsansvar

Eigarar, Fagernes Handelsstand og Nord-Aurdal kommune



Figur 82. Sykkelverkstaden

Kjelder i dette kapittelet har vore heftet *Fagernes* og artiklar utarbeidd av Valdresmusea ved Jahn Børe Jahnsen og Ole Aastad Bråten i samband med omvising i Fagernes. Masteroppgåva *Snev av urbanitet* ved Nina Espeseth Grønbrekk (2009) er òg brukt, i tillegg til *Fagernes – en minnebok* av Ingolf Iversen (1986) og tettstadsanalyse for Fagernes frå 1998, Feste AS Lillehammer Landskapsarkitektar LMNA.

2 Aurdalsbyen

Brukshistorikk

Aurdal er den fyrste tettstaden i Nord-Aurdal når du kjem frå sør. På mange måtar er Aurdal eit naturleg knutepunkt. På Sørskogen møtest vegane frå Hadeland og Begnadalen, og litt lenger vest kjem vegen over Tisleidslen frå Hallingdal. Vidare mot vest går vegen mot Fagernes der vegen deler seg mot Vestre Slidre/Filefjell og Øystre Slidre/Valdresflye. Det var derfor naturleg at Aurdal utvikla seg til å bli det administrative senteret i Valdres fram til midten av 1900-talet. Her budde prosten, lensmannen, legen, skrivaren og futen. Her var skysstasjonar, motebutikkar, landhandleri, ja stort sett alt som trngst i ein «småby» som Aurdalsbyen var. I 1905–1906 var Aurdal også endestasjon for Valdresbanen. Etter at jernbana vart ført fram til Fagernes i 1906, vaks Fagernes gradvis fram og overtok funksjonane som embetsstad.



Figur 83. Bilete av Aurdalsbyen i 1880–1890. På biletet ser vi Skysstasjonen Frydenlund til venstre og prestegarden til høgre. Kyrkja ligg heilt til høgre i biletet. Nedanfor ligg garden Juven. Foto: Nasjonalmuseet / Axel Lindahl

Sidan det var samla så mykje embetsfolk på ein liten stad, vart Aurdalsbyen ein smeltedigel for kulturelt mangfald. Embetsfolket hadde med seg sine vanar, kulturar, ideologiar og ikkje minst kunnskap. På bakgrunn av dette kom nye stilretningar innanfor mote, musikk, dans og byggeskikk til å prege Aurdalsbyen. Her gjekk fattige husmannsfolk rundt i slitne og velbrukte klede og spelte og dansa springar og laus i festlege lag. Men her gjekk òg embetsfruene rundt i sine «krinolineskjørt og reisehatt og flor» og dansa lancers, fransese og fandango når dei kondisjonerte hadde sine ball.



Figur 84. Aurdalsbyen kring 1920–30. Frydenlund skysstasjon ligg lengst til venstre i biletet, medan kyrkja kan skimtast til høgre. Foto: Valdresmusea / Olav Neste

Selskapelegheiter i Aurdalsbyen

I kapittelet om Frydenlund skysstasjon får vi eit lite innblikk i kulturlivet i Aurdalsbyen der blant andre Knut Hamsun og fleire andre kjende kunstnarar ofte heldt til. Kanskje var det det aktive selskapslivet som gjorde Aurdalsbyen tiltrekkande? Her var det i alle fall mange som bidrog til eit aktivt kulturliv. Eivind Kristoffersen Bolleng frå Fluberg kom til Aurdal som den fyrste amtsdyrlegen i Valdres i 1854. Han hadde studert i Stockholm og drog med seg nye trendar i selskapslivet. Han var av dei få som hadde omgang med både husmannsfolket og dei kondisjonerte. Han hadde òg ei skarp tunge, og her følgjer to vers av ei vise han dikta om livet i Aurdalsbyen:

*Om Pigerne i Aurdal jeg og vil si et ord.
Jeg nevner ikke Navnet ei heller hvor de bor.
De strir af alle Kræfter at ligne Storfolk efter,
med Krinoline Skiørter og med Reisehat og flor.*

*Jeg noget og vil sige om den simple Bondedræng.
Han fjaser og han klær sig efter Kondisjonerte slæng.
Med Trøje utaf Klæde, om Halsen Sølvkeriæde,
og endnu meget mere som jeg ej beskrive kan.*

Hornmusikken frå bygdene i Land og kring Mjøsa var ofte i Aurdal og spelte på ball på storgardane. Elles var det felespelaren [Ulrik i Jensestogun](#) som spelte til bryllaup, gravferd, til dans og fest. Ulrik sjølv var notekunnig og skreiv ned ein del melodiar som var populære i andre halvdel av 1800-talet. Mange av dei arrangerte han sjølv for kor, og vi veit at både han og Knut Hamsun song i lag i Aurdal kyrkjekor.

Amalie Sofie Bekkevold, som tidlegare var gift med Henrik Wergeland, var prestefrue i Aurdal i tida 1864–1884. Ho trakterte pianoet og spelte for dei kondisjonerte. Ulrik i Jensestogun (1850–1919), ein av dei beste spelemenn Valdres har fostra, var frå Aurdal. I tillegg til å vere ein svært god felespelar var han ein god songar og ein meister på bukkehorn og fløyte. Komponisten og folkemusikksammlaren [Catharinus Elling](#) skreiv ned salmetonen «Et hjerteligt farvel jeg eder nu byder»

etter Ulrik, og ein ung svensk biologistudent og fiolinist var i Aurdal for godt og vel 100 år sidan og festa over 50 låttar etter Ulrik til notepapiret

Spelemannen [Olav Moe](#) (1872–1969), opphavleg frå Vestre Slidre, var busett i Aurdal i heile sitt vaksne liv og betydde svært mykje for Aurdal og for Valdres. Han heldt ei mengd konsertar i inn- og utland. Han var også politisk aktiv og stortingsrepresentant for Det radikale folkepartiet, og han vart heidra med Kongens fortенestemedalje i gull. Det lyt òg nemnast at Olav Moe var ein nær ven av Edvard Grieg. Truleg har han inspirert Grieg, for i mange av Griegs komposisjonar kan vi finne att låttar frå Aurdal.



Figur 85. Olav Moe i 1907. Han var frå Vestre Slidre, men budde i Aurdal heile sitt vaksne liv. Foto: Frå avisa Warren Sheaf, Minnesota. Fotograf ukjent

Ein av Noregs store kyrkjemusikarar gjennom tidene, [Ludvig Mathias Lindeman](#), fór gjennom Valdres på midten av 1800-talet. Han fekk i oppdrag av regjeringa å samle religiøse folkemelodiar til den nye koralboka som skulle gjevast ut. Takka vere han kan mellom anna musikken frå Aurdal strøyme mot oss i det store utlandet gjennom musikken til Grieg, Stravinskij, Tsjajkovskij, Johan Halvorsen, Johan Svendsen og i nyare tid Arne Norheim (kjelde: Aurdal sokneråd).

Utvikling av bygningsmiljøet i Aurdalsbyen

Bygningsmiljøet i Aurdalsbyen knyter seg til tida då Aurdal var embetsstad. Langs Den bergenske kongevegen kom det fleire butikkar og tenestefunksjonar, og etter kvart vaks det fram flotte bustader langs hovudvegen litt lenger opp. Her ligg også Sorenkrivargarden.



Figur 86. Sorenkrivargarden

Litt lenger nede, i tilknytning til Den bergenske kongevegen, låg mellom anna tre landhandleri: Frydenlund, Vestre Sofienlund og Fjelltun. Litt lenger nord låg Fjelltun. Bokhandel (1891) og apotek (1893) kom etter kvart langs nyvegen frå 1865 – det som i dag er E16.

På garden Frydenlund var det alt i 1805 bygd hus som høvde til kremmarverksemd, og kring 1800-talet vart det òg skystasjon og hotell der. Skystasjonen Frydenlund hadde fleire funksjonar. Her vart det mellom anna opna «statstelefonstation» i 1886. Frydenlund skystasjon er i dag eigd av Stiftinga Frydenlund og er omtala i eige kapittel 2.


Prestegarden ligg nedanfor kyrkja. Det var også ein skystasjon på Petersborg litt nordvest for sentrum.



Figur 87. Lundberg (t.v.) og Villa Fjelltun (t.h.) ligg begge langs Den bergenske kongevegen. Foto til høgre: Erna Jordet



Figur 88. Til venstre: Stabburet på Sofienlund. Til høgre: Løkken/Lykkja/Rasch-huset. Her var det tidlegare landhandel og pensjonat. Eigar Gustava Rasch var drivkraft i arbeidet for å sette opp Aurdal kapell.



Figur 89. Til venstre: Sofienlund / Villa Fredeng er frå 1897. Inngangsparti i klassisk sveitserstil. Til høgre: Hotellet på Frydenlund er tilpassa dagens bruk som villa

I byrjinga av 1900-talet vaks det fram fleire overnattingsstader, mellom anna Fossen og Bø pensjonat. Samfunnshuset Solvang vart bygd i 1910.



Figur 90. Aurdal stasjon, truleg under opninga av ruta til Fagernes i 1906

Fleire bygningar har kome til etter kvart på 1900-talet. I 1931 vart skysstasjonen Petersborg gjort om til aldersheim, og i 1939 bygde Otto A. Dieserud eit nytt forretningsbygg i sentrum, Ottestad. Det avløyste det gamle butikklokalet.



Figur 91.. Til venstre: Ottestad hadde forretningar i 1. etasje og bustader i 2. etasje. Til høgre: Her var Even Kvelperuds bakeri

I byrjinga av 1900 vart det også etablert landhandel og bakar langs hovudvegen. I 1905 kom Valdresbanen og stasjonsbygningen. Saman med apoteket vart dette utgangspunktet for det nye sentrum i Aurdal. Samstundes vaks det fram fleire bustader langs vegen. Stasjonsbygningen frå 1905 vart flytta til Tonsåsen, og ein ny og meir moderne stasjonsbygning vart sett opp i 1941. Denne stasjonsbygningen brann i 1999.

Aurdals fyrste samvirkelag vart starta i Tingstøga i 1945. Nytt bygg kom i 1959. I 1981 kom Aurdal psykiatriske. Frå 1950 starta utviklinga av Danebu som destinasjon for danske turister, og med dette skaut behovet for fleire tenestefunksjonar fart i Aurdal. Les meir om dette i *Valdres bygdebok for Aurdal sokn, bok E* og *Tettstedsanalyse for Aurdal, Feste 2001*.



Figur 92. Til venstre: Det nye samvirkelaget vart sett opp i 1959. Til høgre: Nye bustader og forretningsbygg har vakse fram i takt med utviklinga

Registreringar

Den bergenske kongevegen

Som kartet syner, har Den bergenske kongevegen vore sentral gjennom den gamle tettstaden. Veggen gjennom Aurdalsbyen er ganske intakt i ei lengre strekning. Kongevegen er omtala i kapittel 8.



Figur 93. Til venstre: Frå Frydenlund mot kyrkja: Den bergenske kongevegen går sentralt gjennom den gamle Aurdalsbyen. Til høgre: Kongevegen mot Aurdalsbyen frå sør. Foto: Erna Jordet

Aurdal kirke



Kyrkja er omtala for seg fordi ho har ei anna historie og eit anna forvaltningsregime. Ho er frå 1737 og er ei av tre listeførte kyrkjer i Nord-Aurdal. Kyrkja ligg vest i Aurdalsbyen, om lag i rett akse til Den bergenske kongevegen.

Før den tid var det ei stavkyrkje ved Sørei. Fyrste skriftlege kjelde om kyrkja er frå 1346. Etter reformasjonen vart Aurdal kirke hovudkyrkje med Hedalen, Reinli, Bruflat, Skrautvål, Strand og Ulnes som annekssokn. Aurdal kyrkje er omtala i eige kapittel om dei listeførde kyrkjene.

Krigsminnestein


Aurdalsbyen har også vore åstad for krigshendingar under andre verdskrig. Det er sett opp informasjonstavle og minnesmerke over falne i Aurdal i 1940.



Figur 94. Krigsminnesmerke i Aurdal. Foto: Erna Jordet

Verdifulle bygningar og bygningsmiljø

Tettstaden Aurdalsbyen er rik på verneverdige bygningar, bygningsmiljø, kulturmiljø og spesielle kulturminne i området. Gjennom tettstaden går Den bergenske kongevegen som ein aust–vest-akse. Kartet nedanfor viser bygningar med høg verneverdi (raude takflater), Valdresbanevegen (blå line) og Den bergenske kongevegen (grøn line). Den kommunale omsynssona er også vist på kartet som ei raud line.




Figur 95. Kartet syner bygningar som er definert med høg verneverdi (raud flate). Kongevegen er vist med grøn line. Den raude lina kring Aurdalsbyen viser omsynssone som er lagt rundt tettstaden. Til høgre er det bilete av Den bergenske kongevegen gjennom tettstaden. Frå tettstadanalysen, 2001

Frydenlund skysstasjon

Frydenlund er behandla særskilt i Temaplan for kulturminne. Bygningen er frå 1801 og har vore nytta som landhandel, telegraf, postopneri, skysstasjon og hotell. Eigar, Stiftelsen Frydenlund, ynskjer å gå inn i ein prosess for frivillig freding. Derfor er Frydenlund omtala som eige prioritert kulturminne i kapittel 4.

Registreringar i Askeladden


Som det går fram av kartet nedanfor, er det mange SEFRAK-registrerte bygningar i området. I tillegg er det fleire freda kulturminne i databasen *Askeladden* til Riksantikvaren. Desse er vist som ei rune R. Dei freda minna er gravhaug på Sørei, funnstad for steinøks og stad for hending/tradisjon. På prestegarden er det funne ei røys av kokstein.




Figur 96. Kartet syner SEFRAK-bygningar (som trekantar) og freda kulturminne (som rune R) i området

Objekt til kart

Kommunen har lagt omsynssone kring den gamle Aurdalsbyen.



Figur 97. Kommunen har lagt omsynssone kring Aurdalsbyen (skrå skravor)



Figur 98. Kartet syner omsynssoa på ØK 1:5000

Prioritet

Aurdalsbyen har fyrste prioritet, 1.

Grunngjeving for prioritering

Aurdalsbyen som embetsstad er kan hende den viktigaste staden for nyare tids historie i Valdres. Historia er ein viktig del av innbyggjarane sin identitet og skil seg frå resten av Valdres. Her er særleg mange bygningar med høg verneverdi. Dei fleste knyter seg til tida då Aurdalsbyen var embetsstad. Bygningane som tilhørde embetsstanden, er i særklasse i Valdres, med særskild arkitektur for perioden med element av sveitsarstil, dragehovudstil og seinare funkis-stil.

I tillegg til at Aurdal var embetsstaden i Valdres, var det også ein attraktiv stad for delar av kultureliten i Noreg på den tida. Gjennom tettstaden går Den bergenske kongevegen som ei historisk åre. Veggen drog med seg kulturimpulsar frå heile den vestlege verda gjennom 1800–1900-talet. Her

drog folk inn og ut – og mange fann eit godt miljø for skapande og kreativ kraft. Målarar og diktarar kom hit og drog vidare til fjells for å finne inspirasjon.


Området har fått omsynssone for kulturlandskaps-, kulturmiljø- og friluftsområde C 0570-2 med vekt på byggestil.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Området Aurdalsbyen er definert med bevaringsverdig bygningsmiljø. Alle tiltak i retningslineområdet skal sendast til kulturminnestyresmaktene. Når det gjeld forvaltning, er det viktigaste å ta vare på arkitekturen og tettstadstrukturen frå den gamle Aurdalsbyen. Det er utarbeidd ein eigen tettstadanalyse som bør nyttast i vidare planlegging.

Bruk: Tettstaden skal brukast som ein tettstad med bustader og aktivitetar. Det bør leggjast til rette for kulturvandring med Den bergenske kongevegen som ei tematisk line gjennom busetnaden. Det er utarbeidd ein brosjyre for vandring i området.



Figur 99. Brosjyrekart utarbeidd av Egil Dieserud, Elisabeth Kværne og Erna Jordet i byrjinga av 2000-talet

Hovudmål: Ta vare på den opphavlege embetsstaden i Valdres med bygnings- og kulturmiljø, byggeskikk og historie.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på kulturmiljø	Plan for tettstaden	Følgje plan for tettstaden	Kommunen	
Ta vare på bygningsmiljø	Tettstadplan og byggeskikk	Gje råd og rettleiing	Kommunen Valdresmusea	Kommunen Valdresmusea
Ta vare på enkeltbygg	Definere tiltak	Restaurere	Eigar	Kulturminnefondet Eigar
Ta vare på historia	formidle		Historielaget	Søkbare midlar

Oppfølgingsansvar

Kommunen, eigarar, historielag

3 Frydenlund

Frydenlund er ein skysstasjon i gamle Aurdal sentrum. Stiftelsen Frydenlund eig og driv bygningen. I stiftinga er Valdresmusea, kommunen og Aurdal historielag med.



Figur 100. Foto: Ole Aastad Bråten

Brukshistorikk

Frå 1600-talet auka trafikken på vegane, og med det vart det eit veksande behov for overnatting for dei reisande. Skysstasjonar vart vanlege innslag på landsbygda i Noreg frå midten av 1700-talet, og her fekk reisande mat, overnatting og hesteskyss vidare. Med veglova av 1851 kom det skysstasjonar i mest alle delar av dalføret. Førte gardar har gjennom tidene vore skyssgardar i Valdres, mellom anna Frydenlund i Aurdal. I 1816 var det åtte skysstasjonar i Valdres (Blåflat i Etnedal, Strønd og Bø i Nord-Aurdal, Reie og Høve i Vestre Slidre, og Øylo, Tune, Skogstad og Nystøga i Vang).

Den fyrste bygningen på Frydenlund vart reist i 1801. Husa på det som seinare skulle bli ein skysstasjon, vart lagt inntil Den bergenske hovudvegen. Ingenting av dette var tilfeldig. Aurdalsbyen hadde sidan 1700-talet vore det administrative senteret i Valdres. Det var her embetsmennene budde, og både prestegarden og dei to gamle sorenskrivargardane ligg enno her. Sidan Aurdal hadde status som administrasjonssentrum, vaks det òg fram ei handelsnæring og eit behov for gode vegar.

Frydenlund var ein mykje besøkt skysstasjon på 1800-talet og har òg vore landhandel, telegraf, postopneri, skysstasjon og hotell. Her var det Kari Frydenlund, eller Mor Kari, som ho ofte vart kalla, som styrte. Frydenlund Skysstasjon hadde, i motsetnad til fleire av dei andre skysstasjonane i Valdres, eit godt ord på seg hjå ferdafolket. Reinslegheit og variert kost var langt ifrå noko sjølvskrive på 1800-talet. Mykje kjentfolk overnatta her, mellom andre Ludvig Mathias Lindeman, Nina og Edvard Grieg, Ivar Aasen, Gerhard Munthe, Bjørnstjerne Bjørnson og Knut Hamsun. Hamsun budde her i lengre periodar og skreiv ferdig kjærleiksromanen *Victoria* på Onstadmarken. I 1901 overnatta ein av dei fyrste bilturistane her, nederlendaren Beduin, på ferda si mot Lærdal. I 1905 vart Valdresbanen bygd i ein trasé ovanfor skysstasjonen.

Hotelldrifta tok etter kvart slutt, og i 1987 overtok Stiftelsen Frydenlund drifta av huset. Stiftinga driv utleige og kulturhistorisk bevaring og formidling. Sidan oppstarten på 80-talet har det vore ei rekke arrangement her, til dømes konsertar, forteljarkveldar, foredrag og framsyning av filmar. I tillegg har huset vore leigd ut til fødselsdagsfeiring, konfirmasjon og dåp.



Figur 101. Konsert med Lise Fjeldstad og Håvard Gimse i 2018. Foto: Ole Aastad Bråten

Ein av dei store salmediktarane våre, Nikolai Frederik Severin Grundtvig (1783–1872), tok inn på Frydenlund i juli 1861. Ivar Aasen (1813–1896) var òg lenge her då han på midten av 1800-talet reiste ikring og samla dei norske dialektane, som sidan skulle bli grunnstamma i nynorsken.

Folketonesamlaren Ludvig Mathias Lindeman (1812–1887) var i Valdres to gonger, i 1848 og 1865. Begge gongene budde han på Frydenlund og tok imot utøvarar som formidla musikkarven frå Valdres. Bjørnstjerne Bjørnson (1832–1910) veit vi overnatta her. Det same gjorde Edvard (1843–1907) og Nina (1845–1935) Grieg. Det er òg fortalt at dei heldt konsert og spelte firhendig på det gamle pianoet som den gongen var her. Vidare må det nemnast at Hauk Aabel (1869–1961), som vaks opp på garden Juven, litt lenger nord i Aurdalsbyen, var skyssgut på Frydenlund i fleire år. Far til Hauk, Andreas, var distriktslege i Aurdal frå 1876–1885. Han var ein dugande dokter, men har òg æra for å ha dikta «Se Norges blomsterdal!».



Figur 102. Frydenlund på byrjinga av 1900-talet. Foto: O. Neste / Valdresmusea AS

Knut Hamsun kom til Aurdal frå Amerika fyrste gongen i 1884. Då den amerikanske legen hans sa at han hadde fått galopperande tæring, samla venter pengar til billetten heim. Han ville til gamlelandet for å døy, sa han. Den norske legen til Hamsun sa at han trong å reise opp «til en av de norske daler» for å få att helsa. Han drog då til Valdres i von om at den friske fjellufta ville gjere han godt. Hamsun kom til Aurdal, til «Mor Kari» på Frydenlund. Ho gav han god og nærande mat, og han kom seg raskt. Her fekk han òg ein god ven i sonen til Kari, Erik. Då Erik var i militæret, vart Hamsun konstituert som postopnar. Han vart verande i bygda i to år. Det var i 1985 han tok namnet Knut Hamsund, og der var her hann fann sin måte å skrive på. Herfrå sende han avisartiklar til Kristiania.


Hamsun kom tilbake til Aurdal fleire gonger. Mange har spurt om Hamsun skreiv romanane sine her. Arbeidde han med *Sult* då han budde her i 1889? Det vi veit, er at han skreiv ferdig kjærleiksromanen *Victoria* på Onstadmarken (ein gard nord i bygda) i 1898, og at han var på besøk hjå venen Erik på Berghheim då han skreiv ferdig *August* i 1930. I 2009 vart Hamsun-jubileet feira her, og året etter vart statuen av «Victoria» sett opp utanfor huset. Inne på Frydenlund er det eit «Hamsun-rom» med bilete frå den tida han budde her, og fleire av bøkene hans. Spør ein, kan det ordnast med omvising i huset og om Knut Hamsun si tid i Aurdal.

Den fyrste reiselivsforeininga i Noreg, Valdres og Jotunheimen Reisetrafikklag, vart stifta på Frydenlund 23. januar 1888.

Registreringar

Det er ikkje gjennomført registrering av gjenstandar og annan lausøyre på Frydenlund. Bygningen vart SEFRAK-registrert i 1980, medan arkitekt Ragnhild Dietrichson utarbeidde fine oppmålingsteikningar i 1988. Bygningsvernrådsgjevar Odd Arne Rudi skreiv ein tilstandsrapport i 2017, og landskapsarkitekt Tone Telnes frå Feste Grenland AS utarbeidde ein hagehistorisk plan i 2018.

Objekt til kart



Figur 103. Frydenlund har gards- og bruksnummer 98/110

Prioritet

Skysstasjonen Frydenlund har 1. prioritet.



Figur 104. Til eigedomen høyrer ein gamal frukthage. Foto: Ole Aastad Bråten

Grunngjeving for prioritering

Skysstasjonen Frydenlund i Aurdal er ein sjeldan godt bevart skysstasjon. Når bygningar endrar funksjon, går dei anten ut av bruk eller blir sterkt ombygd. Same skjebne har ramma fleire gamle skysstasjonar, og derfor har Riksantikvaren innlemma kulturminne frå reiselivet i ein strategi for bevaring. Av dei gjenverande skysstasjonane i Valdres er truleg Frydenlund, saman med Øylo i Vang, den best bevarte.

Frydenlund er ein godt bevart bygning i sveitsarstil. Her er ikkje mykje endra sidan hoteldrifta tok slutt ein gong på 50-talet. Då stiftinga tok over ansvaret på 80-talet, vart det lagt til grunn for restaureringsarbeidet å søkje ei prosessuell tilnærming. Materialar og metodar skulle langt på veg korrespondere med dei historiske. Målet har vore å sette huset i stand tilnærma den opphavlege utsjånaden. Frydenlund høyrer òg heime i eit heilt unikt miljø, Aurdalsbyen. Her står framleis ei rekke hus bevart, fleire av dei på rekke langsmed den gamle kongevegen.

Frydenlund er ein godt ivareteken bygning, men like viktig er funksjonen huset har som møtestad for heimleg kultur og utanlandsk kulturgods. Slike faktorar er gjerne avgjerande for etableringa av små bysamfunn. I Aurdal har folk derfor utvikla eit sterkt sjølvmedvit om eigen kultur, men òg stilt seg opne for kulturar og impulsar utanfrå. Og anten det gjeld musikk, byggeskikk, kledestil eller mat, så er Aurdal eit omdreingspunkt for dei fleste nyvinningane til Valdres. Frydenlund har dermed vore eit kulturelt

og samfunnsmessig tyngdepunkt i Valdres. Det er ein status som Frydenlund har hatt heilt fram til vår tid.



Figur 105. Utprega sveitsarstil. Foto: Ole A. Bråten

Forslag til forvaltning

Styret vedtok på årsmøtet i mars å arbeide for fredning av Frydenlund. Eit formalisert vern uttrykker den fremste beskyttelsen samfunnet kan gje ein bygning, og det kan i stor grad hindre vesentlege endringar, tap av kulturminnekvalitetar, skade og i verste fall riving. Frydenlund ligg i eit kulturminnerikt, men sårbart område, og sjølv om Valdresmusea bidreg med kulturminnekompetanse ved restaureringar og andre tiltak, er det til sjuande og sist styret for stiftinga som står ansvarleg anlegget. Fredning sikrar derfor eit overordna vern, uavhengig av kompetansen og motivasjonen hjå kvar einiskild styremedlem.

Styret foreslår vidare drift som i dag, med kulturhistorisk bevaring og formidling i samarbeid med Valdresmusea, Nord-Aurdal kommune, Aurdal historielag og bygdefolket i Aurdal. Økonomien er sårbar, og ein er avhengig av gåver og inntekter frå utleige for å gjennomføre nødvendige tiltak på bygningen. Stiftinga bør vurdere å søkje eit meir langsiktig samarbeid med Valdresmusea og styresmaktene, for slik å sikre drifta for framtida.

Styret for Frydenlund har oppretta kontakt med Innlandet fylkeskommune om vegen vidare. I fyrste omgang er det naudsynt med ei brei kartlegging av anlegget og kulturminneverdiane. Mykje finst allereie, men styret har ein jobb å gjere med å systematisere materialet.

Spesielle omsyn:

Verdien av Frydenlund ligg òg i at ein sikrar omgjevnadane rundt: den historiske hagen mot sør og bustadhuset (tidlegare del av Frydenlund) mot vest. Vidare er avstanden mot kongevegen eit viktig element som må sikrast for ettertida.

Bruk:

Det bør leggjast til rette for vidare kulturhistorisk formidling på Frydenlund. Det er eit stort potensial for auka besøk til Frydenlund. Stiftinga bør søkje tettare samarbeid med eksterne arrangørar, lag og organisasjonar, og enkeltpersonar. Det bør leggjast til rette for kulturvandring, med Frydenlund og Den bergenske kongevegen, Knut Hamsun, krigen i Valdres/Aurdal, embetstida og bygdehistorie som tematisk line gjennom vandrainga.

Hovudmål:

Sikre skystasjonen Frydenlund og dei tilstøytande områda for ettertida.



Figur 106. Karjol utanfor skystasjonen. Foto: O. Neste / Valdresmusea AS

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Restaurere festsalen		Antikv. tiltak	Stiftinga	Stiftinga, NKF
Restaurere glas		Antikv. tiltak	Stiftinga	Stiftinga, NKF
Konsertar			Stiftinga, Valdresmusea	Norsk kulturråd
Byvandring			Stiftinga, historielaget	Stiftinga

Oppfølgingsansvar

Stiftelsen Frydenlund

4 Gamle Leira

Leira er ein tettstad ved osen av Strøndafjorden, om lag 4 km søraust for Fagernes. Etter at E16 vart lagt utanom sentrum, er det meste av butikkar og aktivitet flytta frå hovudgata til Valdres Storsenter på motsett side av europavegen. Det nye Leira har sidan hatt ein sterk vekst som handelsstad med storbutikker.

Leira har også funksjonar som vidaregåande skule, storhall og folkehøgskule. Mattilsynet i Oppland og Skatt Øst har i dag lokale kontor i den gamle kjøpesentergarden «Leirasenteret». Leira er og har vore eit knutepunkt for gjennomgangstrafikk på E16, for veggen mot Fagernes lufthamn, Leirin (som no er nedlagt) og for fylkesveg 51 mot Gol. Leira var også ein stasjon på Valdrebanelen. I tillegg har Leira campingplassar, fleire servicebedrifter i tillegg til tre matbutikker. I 2019 var det 847 innbyggjarar på Leira.

Brukshistorikk

At historia til Leira er gamal, kan vi sjå ut ifrå steinalderbusetnaden på Leiresanden. Ved Faslefoss er der også bronsealderrøysar (1800–500 f.Kr). Staden ligg strategisk til ved elveosen med godt samband i alle himmelretningar. Ved Fasle var det særskild rikt fiske, og etter kvart etablerte det seg fleire små møller langs elva. I 1870 kom Fasle mølle. Der kunne ein også sikte mjølet, den første sikteverka i Nord-Aurdal.

Det tok likevel litt tid før tettstaden byrja å vekse, og jordbruksamfunnet dominerte Leira langt ut i etterkrigstida. I 1948 var det 35 gardsbruk og 1041 husdyr på Leira. Det var også 31 husmannsplassar her.

I 1839 vart Leirestogo bygd. Her var det skule, møtelokale og konfirmantundervisning. I 1849 vedtok kommunestyret at kommunestyremøta skulle haldast på Leira. Slik vart Leira kommunesentrum i 130 år, fram til rådhuset på Fagernes vart opna i 1979. Leirestogo vart flytta til Nordre Leira i 1874, og det vart bygd ny skule der Arbeidssamvirke no held til. I 1871 vart det løyvd pengar til ny veg mellom Fagernes og Leira. Veggen bidrog til auka vekst.



Figur 1. Leira i 1895.
Foto: Ukjend /
Valdresmusea

Den første småindustrien starta mellom anna med stampar og fargarhandverkar Ivar Ulimoen. Han kjøpte opp mesteparten av jorda nedanfor Leireelve og bygde fargereri og eigen bustad. I 1870 opna Ole Andreas Knutsson den fyrste landhandelen. Dette vart utvida til tre nye hus av sonen hans, Nils

Leira, i 1885. Dette var Bø-huset, som framleis ligg ved sida av den tidlegare iskremfabrikken, Brekkun-huset og huset til skreddar Brekken (der Leirasenteret låg).

Etter kvart vaks det fram fleire produksjonsbedrifter langs elva. Georg Månnum bygde varesenter like ved Leireelve i 1937 og drog i gang iskremproduksjon året etter. Iskremfabrikken med merkevara Jotun-Is eksisterte fram til 1980 og hadde i høgsesongen på 1970-talet 60–70 tilsette. Mellom Månnum-garden og iskremfabrikken låg pølsemakeriet til Georgs bror, Knut Månnum. Desse verksemdene gjekk svært godt, og folketalet dobla seg i mellomkrigstida.



Figur 2. Leira sentrum, med blant anna Månnum-garden og BP-stasjonen. Foto: Olav Neste / Valdresmusea

Etter kvart vart Leira også ein stad for utdanning. Valdres folkehøgskule vart starta av O.E. Bø i 1899 på Løkje i Vestre Slidre, men vart flytt til Leira i 1911. Skulen var i privat eige fram til 2012, då KFUM/KFUK tok over drift og eigarskap etter familien Asheim. Valdres landbruksskule vart starta på Fere i Vestre Slidre i 1915 og flytta til Leira i 1920. I 1926 flytte landbruksskulen inn i nybygde lokale på Måno.



Figur 3. Månnohuset var landbruksskule frå 1926 til 1969

I 1964 opna Valdres husmorskule i nytt bygg på Måno, og omtrent samstundes kom Valdres yrkesskule i gang, også denne på Måno. Valdres landbruksskule vart nedlagt i 1969. Etter dette husa landbruksskulebygningen ei eittårig linje for handels- og kontorlag og seinare treårig vidaregåande linje for økonomifag. I 1996 vart Leira vidaregåande skule administrativt slått saman med Fagernes vidaregåande skule under namnet Valdres vidaregåande skule. I 2001 vart skulane samlokalisert i nytt skulebygg på Måno. Også Valdres karrieresenter ligg på Måno.

I miljøet rundt skulane på Leira vaks det fram mange handverkarar, her var sylvsmedar, saum og vevnad, instrumentmakarar, trearbeid og måling, skinnfellmakarar, skomakarar og nettbindarar, urmakarar, skreddarar og kunstmålar. Med andre ord var det eit svært kreativt miljø. Småindustrien heldt fram med å vekse. Tettstaden utvikla seg langs den gamle vegen.



Figur 4. Leira før omlegging av hovudvegen. På biletet kan ein sjå korleis sentrum fylgjer den gamle hovudvegen. Toget er på veg ut frå stasjonen på Leira. Foto: Valdresmusea

Den største utviklinga på Leira byrja kanskje då E16 vart lagt utanom sentrum og senteret vart flytta frå hovudgata til andre sida av E16, til Valdres storsenter, i dag Amfi Valdres. På dei gamle Leiremarkjiddn (øg kalla Lagemarkjiddn, etter Lage Fosheim) har det vore ei stor knoppskyting av ulike handelsverksemdar. På den gamle sagtomta til Tisleia Sag & Høvel har Byggmakker og Rema 1000 tilhald. I gamle Leira sentrum vart bygningar ståande tomme og etter kvart bytt ut med nye, meir funksjonelle bygg. Derfor er det ikkje mykje att av gamle Leira sentrum.

Kjelde: *Leira i Valdres*. Torkjell Asheim, Bjørn Karsrud og Aud Karin Klevgaard



Figur 5. Gamle Leira sentrum kan hende kring 1950? Foto: Nils Neste / Valdresmusea

Tettstaden i retning Fagernes er i dag sterkt endra. Det som no skil seg ut som det gamle Leira, er kroken lengst aust ved jernbanestasjonen. I tillegg er Valdres folkehøgskule og gamle Valdres landbruksskule av særleg historisk interesse.



Figur 6. Det meste er endra i den gamle hovudgata



Figur 7. Dette postkortet viser den eldste bygningen på Valdres folkehøgskule frå 1912. Dette er truleg eit av dei eldste fotografia. Huset til venstre og huset til høgre vart bygd av Nils Leira. Huset til venstre (også kalla Bø-huset) vart bygd i 1885 og skal vere det eldste huset av den opphavlege busetnaden som står att i Leira sentrum. Foto: Ukjend / Valdresmusea



Figur 8. Valdres folkehøgskule vart utvida med mange hus. På biletet ser vi også klokketårnet. Her frå om lag 1950. Foto: Nils Neste / Valdresmusea



Figur 9. Postkort frå Leira i 1924. Det kan sjå ut som elevar på vegen, kan hende frå Valdres folkehøgskule, som ligg til høgre utanfor biletet. Foto: Carl Gustav Nordmann / Valdresmusea

Sentralt i den gamle tettstaden låg kommunehuset. Det gamle, som vart bygd i 1839, vart erstatta med ein ny bygning i 1937. Den fungerte som rådhus til 1979. Huset vart seinare påtent og brann ned til grunnen.



Figur 9. Kommunehuset i Nord-Aurdal vart bygd i 1930–31. Bygningen vart påtent og brann ned tidleg på 1980-talet. Foto: Olav Neste / Valdresmusea



Figur 10. På tomta mellom bensinstasjonen og rundkøyringa låg Berg-garden med låve og våningshus. Området på nedsida av E16, der Amfi Valdres no ligg, vart kalla Leiremarkjiddn eller Lagemarkjiddn. Her var det slåttemarkar

Registreringar

Det som kan kjennast att av gamle Leira, knytter seg til området frå stasjonen og vestover. Her er det bygningar frå byrjinga av 1900-talet og om lag 1960, før dei store endringane. Meir om Leira stasjon er teke med i kapittelet om Valdresbanen. Han er også synt her fordi han ligg i forlenginga av det som er att av gamle Leira sentrum.

Valdres folkehøgskule

Til registreringane høyrer også Valdres folkehøgskule og gamle Valdres landbruksskule, som ligg ved Valdres vidaregåande skule. Desse ligg utanfor kjerneområdet, men skil seg ut som særleg viktige. Valdres folkehøgskule vart etablert på Leira i 1911, i ein periode der oppbygginga av Noreg stod sterkt. Den eldste bygningen, Skulebygningen, er i tømmer i dragehovudstil. Inne er det også ei flott peisestove.



Figur 11. Fleire nye bygningar har come til etter at det fyrste huset (midt i biletet) vart bygd i 1011

Gamle Valdres landbruksskule

Hovudbygningen på Valdres landbruksskule på Måno stod heilt ferdig i 1926 og vart fram til 1969 nytta som jordbruksskule med undervisningslokale og internat. Skuledrifta vart avvikla på slutten av 1990-talet då den vidaregåande skulen vart utbygd. Bygningen blir ikkje lenger brukt til undervisningsformål. Den gamle landbruksskulebygningen med undervisningsrom, kontor, lærarrom, leilegheit og elevinternat er eit mektig hus på fire etasjar. Huset er bygd i bindingsverk i nyklassisistisk stil med hjørnekassedekor og søyleimitasjon. Bygningen har takarker som opnar for rom i loftsetasjen.

I 2007 vart bygningen overdregen frå Oppland fylkeskommune til Stiftelsen Gulbygningen på Måno. Han blir i dag brukt som kulturhus, der ulike kulturinstitusjonar leiger rom og har aktivitetar.



Figur 12. Gulbygningen vart i 2007 overdregen frå Oppland fylkeskommune til Stiftelsen Gulbygningen på Måno. Stiftelsen har rehabilitert bygningen og fekk i 2010 tilskot til dette frå Kulturminnefondet

Gamle Leira

Langs E16 vest for stasjonsbygningen er det ei husrekke som har blitt ståande. Her ligg gamle Leira pensjonat og ei rekke gamle butikkar som no stort sett fungerer som bustader.



Figur 13.
*Husrekke med
butikk/bustad og
pensjonat. Frå
venstre Leira
pensjonat, lokalet
til daglegvare-
butikken Matbua
og Bjørkheim
kafé.*



Figur 14. *I dette
huset låg
Bjørkheim kafé.
Seinare var det
frisørsalong i
kjellaretasjen.
Byggestilen har
element av
nyklassisisme*



Figur 15. *Her
heldt Matbua til
mellom 1960 og
1973*



Figur 16. *Leira pensjonat er ute av drift*



Figur 17. *På baksida av pensjonatet har fleire bygningar fått stå i fred*

Ovanfor pensjonatet ligg eit flott hageanlegg, og lenger oppe er det fleire eldre bustader.



Figur 18. Langs den gamle hovedvegen ligg eit flott forretnings- og leilegheitsbygg i funksistil



Figur 19. Her ser vi den same bygningen frå hovudgata. Lenger bak ser vi Leira pensjonat



Figur 20. Husrekke i den gamle hovudgata

Objekt til kart



Figur 21. Leira 2020



Figur 22. Område som skil seg ut med spesiell verdi

Prioritet

Det som er att av gamle Leira, er gjeve prioritet 2.

Grunngjeving for prioritering

Det som er att av det gamle sentrum, fortel si eiga historie om Leira. Det som er viktig i denne samanhengen, er utviklinga langs aksen til den gamle hovudgata. I tillegg er både Valdres folkehøgskule og Valdres landbruksskule ein særleg viktig del av historia om Leira.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

For gamle Leira sentrum er det viktig å ta vare på det som er att av tettstadstrukturen. Her ligg den eldste bygningen i Leira og bygningar frå 1960-talet langs same akse og fortel ei over hundre år gamal historie om tettstaden. Her bør hus og bygningsstruktur få stå, og det bør ikkje byggjast for tett opp til bygningane slik at dei mister innsyn.

Valdres folkehøgskule er i full drift, og blir ivareteken med jamleg tilsyn. Det er ikkje foreslått tiltak ut over dagens drift

Gulbygningen, tidlegare Valdres landbruksskule, ligg ved sida av Valdres vidaregåande skule. Bygningen vart overdregen av Oppland fylkeskommune til ei eiga, lokal stifting, Gulbygningen på Måno, med leiar Eirunn Sommerstad. Stiftinga tek vare på bygningen i dag og leiger han ut til lokale lag og foreiningar. Dei leiger òg ut nokre rom til atelier og til næringsdrivande.

Bruk: Husa skal nyttast og haldast ved like slik dei er best eigna.

Hovudmål: Ta vare på historia og det som står att av gamle Leira

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på gamle Leira	Ta omsyn til bygningane ved vidare planlegging og bruk	Ikkje rive eller byggje ned	Kommunen	
Ta vare på bygningane	Vurdere tilstand	Restaurering/vedlikehald	Eigar	Eigar Norsk Kulturminnefond
Bruke bygningane i gamle Leira	Legge til rette for aktivitetar	Bu og bruke	Eigar	
Fortelje historia om gamle Leira	Plan for tilrettelegging	Kulturstig Knyte denne mot andre kulturstigar og møteplassar	Eigar Valdres-musea Kommunen	Søkbare midlar Kommunen Historielag

Oppfølgingsansvar

Eigarar, Nord-Aurdal kommune

5 Ulnes mellomalderkyrkje

Ulnes kyrkje er ei steinkyrkje frå om lag 1265. Ho er fyrste gong omtala skriftleg i 1307. Grunnplanet er eit rektangulært skip og eit smalare, rett avslutta kor. I mellomalderen var kyrkja utan tårn, tilbygg og store vindaug. Altertavla frå 1850 har ein rundgang øvst, der dei tre heilage kongane med snortrekk kan dreiest rundt Maria og barnet. Dette er den einaste altertavla i Noreg med ein slik rundgang.



Figur 107. Ulnes kyrkje måla av Johannes Flintoe i 1822. Frå Nasjonalgalleriet

Brukshistorikk

Snorre Sturlason omtalar kristninga av Valdres i 1023. Heilag-Olav kom frå vest og brende ned gardar og tok gislar blant bøndene før dei let seg kristne. Snorre skriv også at kongen let byggje kyrkjer og innsette prestar. Ingen av dei fyrste kyrkjene finst i dag. Valdres hadde svært mange kyrkjer i mellomalderen. Svartedauden i 1350 reduserte folketalet i Valdres frå om lag 3500 til om lag 1200. Likevel hadde Valdres minst 21 kyrkjer: 18 stavkyrkjer og tre steinkyrkjer. Til samanlikning hadde Hallingdal åtte stavkyrkjer og ingen steinkyrkjer. Dei to dalføra har alltid hatt eit nokolunde samanliknbart folketal. Ulnes kyrkje vart bygd i 1265, då utan tårn, tilbygg og store vindaug.

Tidleg på 1600-talet var murane i svært dårleg forfatning og måtte støttast opp med stokkar. I 1675 var det planar om å byggje ei ny tømmerkyrkje. Etter ytterlegare forfall vart kyrkja teken ut av bruk nokre år før 1720. I 1733 skreiv åtte bønder i brev til Kongen at det ikkje hadde vore halde gudsteneste i Ulnes på 16 år. Av biskopen vart kyrkja då kalla ein «stenhov» som anten laut rivast eller setjast i stand. Allereie i 1737 vart kyrkja sett i stand og teken i bruk, med noko breiare skip.

I 1891–94 gjekk Ulnes kyrkje gjennom ei ny, større istandsetting og ombygging. Eit sakristi vart då bygd til ved austenden av koret, og eit våpenhus ved vestenden av skipet. I 1891 fekk veggene i kyrkjerommet brystningar av tre. I 1950-åra var det ei ny istandsetting. Då vart mellom anna brystningane fjerna. Kyrkja fekk nytt sakristi og våpenhus som var teikna av arkitekt Hans Magnus. I 1977 fekk våpenhuset toalettanlegg, og i 1986 vart murane sett i stand utvendig.

Kyrkja er i bruk som kyrkjelydskyrkje. Det blir gjeve omvising etter avtale.

Registreringar



Figur 108. Foto: Kyrkja med kyrkjegarden framfor. Katharina Sparstad



Figur 109. Gardstun ligg tett opp til kyrkja. Foto: Katharina Sparstad

Konstruksjon

Ulnes kyrkje var i utgangspunktet ei langkyrkje med kort, rektangulært skip og eit noko smalare og rett avslutta korparti. Både skipet og veggane i koret er oppført av stein. Kyrkja er orientert på vanleg måte, med koret mot aust. På saltaket over skipet er ein takryttar med årstal 1735. Sør døra i skipet, no eit vindauge, er i romansk rundbogestil. Ein hjørnestein frå sør døra ligg i gangen. I koret er det ei spissboga gotisk dør mot sør og eit gotisk vindauge mot aust bak altertavla.

Ut ifrå brev til biskopen i 1735 går det fram at muren då vart sett i stand: «Udnæs Kirke er saa viit kommen at muuren paa dend ene side er alt kommen op til dend høyde, hvor taget skal ligge paa, de andre sider ere mest ligesaa høye. Kircken bliver ligesom dend var tilforn, og behøves ey heller større.».

Murane i skipet ser ut til å vere frå oppattbygginga i 1730-åra. Det kan hende at skipet då vart gjort breiare, og at langmurane også vart lågare.

Murane er konstruert som kistemurar. Dei er om lag i lodd og vater og varierer frå om lag 130 til 180 cm. Der terrenget fell mot vest, er sokkelen mura i fleire trinn. Ved det sørvestre hjørnet er sokkelen 55 cm høg. Dei store steinane som dannar sokkelen, har truleg samanheng med restaureringa. Resten av murverket er skjult av puss både ute og inne i kyrkjerommet.

Austgavlen i skipet er berre delvis oppmura og er upussa mot innsida. Muren er av brotstein, enkelte er reist på bust, men stort sett er det liggjarar som er mura med gjennomgåande skiftegang og grove fuger. 80–100 cm over loftsbjelkelaget i skipet har muren ei avtrapping. Under avtrappinga er muren 145 cm tjukk, medan han på oversida er 115 cm tjukk. Over avtrappinga er det brukt mindre steinforma opp til toppen av muren, om lag 220 cm over avtrappinga. På austsida er gavlen mura av brotstein. Den øvre delen av austgavlen i skipet er danna av eit sperrebind med sperrer, hanebjelke og undersperrer som er kutta på undersida av hanebjelken.

Vestgavlen i skipet er av bindingsverk med sperrer, undersperrer og hanebjelke. Dessutan er det svill og fire spikarslag som går loddrett frå svillen og opp til undersperrene eller hanebjelken. Til spikarslaga er det festa sulagde sagbord med fasa sider som utvendig er tjæra, og som kan vere frå 1730-åra (frå norgeskirker.no).

Inventar

Døypefontlokket som står i koret, er frå mellomalderen. Ein kvinnefigur frå 1200–1300-talet er i ein monter i gangen. Dette er eine halvdelen av eit motiv som viser møtet mellom Maria og Elisabeth. Tidlegare hadde kyrkja eit alterframstykke, som no er i Oslo. Det er frå om lag 1325–1350, med St. Margaretha, St. Peter, St. Paulus og St. Sunniva. Bjørnelabben i glasmonteren er kanskje ein amulett til vern mot dyret. Dåpsenglane (døypefontane) er frå 1793 og 1873. Den nyaste er laga av Ole Fladager frå Ulnes, Noregs mest kjende bilethoggar på 1800-talet. Murmåleria på veggene i koret og over korbogen er frå 1790-åra. Her ser vi mellom anna Jesus med tre disiplar og Sakkeus i morbærtreet. Ulnes kyrkje er den einaste kyrkja i Noreg med ei framstilling av hendinga med Sakkeus. Ei klokke i tårnet er frå mellomalderen. Preikestolen er frå om lag 1740.



Figur 110. Veggmåleri og altertavle. Foto: Nina Aldin Thune

Altertavla frå 1850 er uvanleg og har ei spesiell historie. To brør frå Ulnes ville dra til Amerika i 1840-

åra. Den eine var treskjerar, den andre målar. Skipet gjekk under i ein storm i Nordsjøen, og dei bad til Gud om at dersom dei overlevde, ville dei dra heim og gje kyrkja si ei fin gåve. Livbåten vart skyld i land i Holland, og dei drog til Tyskland, der dei gjekk i lære hos handverkarmeistrar i tre år medan dei studerte albertavler. Så drog dei heim og laga albertavla. Seinare drog dei til Amerika og kom vel fram.

Vi merkar oss rundgangen øvst, der dei tre heilage kongane med snortrekk kan dreiest rundt Maria og barnet. Dette er den einaste albertavla i Noreg med ein slik rundgang, laga etter mønster av tyske klokkespel med vandrane figurar.




Figur 111. Kyrkja hadde 750-årsjubileum i 1995. Foto: Katharina Sparstad

Objekt til kart

Til kyrkja høyrer gravplass, parkering og goto inn til kyrkja. Kyrkja er freda ved kulturminnelova, og det er ikkje lagt omsynssone kring kyrkja eller gravplass ut over det. På flyfotoet under ser vi korleis parkeringsbehova er til dømes ved gravferder.



Figur 112. Flyfoto frå 2016 syner kyrkja, gravplassen og parkeringsplassen knytt til bruk av kyrkja. Frå norgebilder.no



Figur 113. Til venstre: Kartet syner freda område. Til høgre: Forslag til avgrensing av omsynssone

Prioritet

Kyrkja er gjeven prioritet 1.

Grunngjeving for prioritering

Ulnes kyrkje er ei steinkyrkje frå om lag 1265, omtala skriftleg i 1307. Saman med Slidredomen og kyrkjeruinen på Mo i Vestre Slidre er Ulnes ei av dei tre steinkyrkjene i Valdres frå mellomalderen. Tre steinkyrkjer i mellomalderen er spesielt for eit fjelldalføre som Valdres, og saman med dei seks stavkyrkjene set mellomalderkyrkjene Valdres i ei særstilling.

Forslag til forvaltning

Ulnes kyrkje er freda ved kulturminnelova. Gjennom forvaltninga av kulturminneverdiane i dei freda kyrkjene skal ein både ta vare på funksjonen kyrkjene har som landemerke, på arkitektur og verdifulle kunst- og interiørdetaljar. Dette inneber at kyrkjene hamnar i skjeringspunktet mellom fleire ulike lovverk, og at det er mange omsyn som må takast, mellom anna med tanke på forvaltninga av kyrkjebygga og omgjevnaden deira i arealplanlegginga. Arbeid på freda kyrkjer krev løyve frå Riksantikvaren og biskopen. For at dei kulturhistoriske verdiane kan overlevast til komande generasjoner, må kyrkjene forvaltast med respekt og varsemd.

Som freda minne har kyrkja ei sikringssone for kulturminne på fem meter. Kyrkja er i bruk som kyrkjelydskyrkje med noko omvising etter avtale.

Sidan kyrkja er eit kulturminne, er det Riksantikvaren som har forvaltningsansvar og vedtaksmyndighet for sjølve kyrkjebygget. For tiltak på freda kyrkjer må ein ha løyve frå Riksantikvaren og biskopen. Det er Kyrkjeleg fellesråd som har ansvar for dagleg tilsyn og vedlikehald av kyrkja, medan kommunen skal dekke kostnadene.

Som kulturminne er det Riksantikvaren som har forvaltningsansvaret og vedtaksmyndighet for sjølve kyrkjebygget. For tiltak på freda kyrkjer krevst det løyve frå Riksantikvaren og biskopen. Det er Kyrkjeleg fellesråd som har ansvar for dagleg tilsyn og vedlikehald av kyrkja, medan kommunen skal dekke kostnadane.

Det knyter seg utfordringar til vedlikehaldet av kyrkja i dag:

- Store flak av muren er skala av, og det er eit større arbeid å sette muren i stand. Vedlikehald inneber deretter kalking, truleg annakvart år, for å hindre vidare avskaling. Dette er ikkje gjort i nyare tid.
- Steintrappa til prestesakristiet er i oppløysing og må murast på nytt for å vere i forsvarleg stand.
- Moglege taklekkasjar bidreg til rote i treverket.
- Store sprekkdanningar i muren øydelegg veggmåleri fleire stader.
- Det elektriske anlegget er gammalt.

Kyrkja fekk vasståkeanlegg i 2019. Det vart finansiert med løyving frå Riksantikvaren og kommunen.



Figur 114. Kyrkjeporten. Foto: Katharina Sparstad



Figur 115. Informasjonstavler og skilt på staden. Foto: Katharina Sparstad



Figur 116. Valdres Natur- og Kulturpark har sett opp ei tavle om sjølve kyrkja. Foto: Katharina Sparstad

Spesielle omsyn:

Med auka besøk er kyrkja utsett for slitasje. Ein må vere merksam på tilstanden og tolegrensa til bygningen. Han ligg godt synleg på ei høgd og fungerer som eit signalbygg. Det er viktig at det blir vist respekt for bygget i omgjevnadene, og at områda rundt ikkje vert bygd ned eller øydelagt av andre føremål.

Det viktigaste er å ta vare på bygningen i opphavleg tilstand. Andre omsyn som bør takast, er:

- å ta vare på kyrkja som religiøst bygg

- å ta omsyn til kyrkjelyden
- å legge til rette for auka besøk
- å legge til rette for god parkering
- opplevinga av kyrkja i landskapet og omgjevnadene rundt kyrkja

Bruk:

Kyrkja skal nyttast til kyrkjelege handlingar, formidling, omvising og arrangement.

Hovudmål:

Det viktigaste er å ta vare på kyrkjebygget og historia om kyrkja.

Aktuelle tiltak


Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta omsyn til kyrkja som kulturminne	Følgje opp vilkår i omsynssona	Årleg dokumentasjon av status	Kommunen	Kommunen
Ta vare på kyrkjebygget	Rutinar for vedlikehald	Ordinært vedlikehald	Kommunen	Kommunen
Brannberedskap	Synleggjere behov / søkje midlar	Installere brannsikring	Kommunen	Kommunen
Ta vare på det religiøse bygget	Bruke kyrkja	Kyrkjelege arrangement	Kyrkjelyd	Kommunen/ soknerådet
Fleire kulturelle arrangement i kyrkja	Tilby lokala til kulturarrangement	Kulturarrangement	Kommunen Kyrkjeleg fellesråd	Kommunen Utøvarar
Auka kunnskap	Utarbeide opplegg for besøk i DKS	Besøk i mellomalderkyrkjer i DKS	Kommunen	OFK Kommunen
Auka kjennskap	Marknadsføring	Annonse i Valdresguiden / nettet	Kommunen	Kommunen

Oppfølgingsansvar

Nord-Aurdal kommune, Riksantikvaren, kyrkjelyd/kyrkjeverje

6 Stølsvidda

Stølsvidda er eit større, samanhengande stølsområde i vestfjella i Nord-Aurdal. Nord-Aurdal kommune er også den tredje største kommunen i Oppland når det gjeld stølsdrift. Stølsvidda ligg i øvre bjørkeskogbeltet og er avgrensa av rv. 51 mot aust og Hallingdal/Viken i sør. Eigarar er Ulnes og Svennes sameige.



Plakaten er utarbeidet med bidrag fra Ulnes og Svennes historielag og Nord-Aurdal kommune. **Figur**

117. Kart over Svennes og Ulnes sameige. Frå boka *Stølsvidda : ei bok om Ulnes og Svennes sameier* av Nils Tor Ødegaard og Bergljot Strand, frå 2006

I 2018 vart Stølsvidda utvida med tilgrensande stølsområde i Vestre Slidre, og heile området med Vestre Slidre fekk status som *utvalt kulturlandskap i jordbruket*. Historia om Stølsvidda er godt dokumentert i boka *Stølsvidda : ei bok om Ulnes og Svennes sameier* av Nils Tor Ødegaard og Bergljot Strand, frå 2006.

Brukshistorikk

Stølsvidda er eit nøkkelområde som representant for stølslandskapet i Valdres – den regionen i Noreg og Europa som har hatt klart mest omfattande stølsdrift. Området har framleis den største konsentrasjonen av aktive stølar i Noreg. Området har vore brukt til stølsdrift sidan seinmiddelalderen, men den største aktiviteten var på 1700–1800-talet. Stølsdrifta var avgjerande for dei – etter notidas standard – små gardane. Her var det mange som hadde støl, og det var derfor viktig at alle buførte etter bestemt dato, slik at beitetilhøva var like for alle når dyra kom opp.

Føremålet med støling er mjølkeproduksjon basert på at dyra går fritt i fjellet og haustar graset sjølv. Den vanlegaste forma for stølsbruk i Valdres har vore eit såkalla «fullseterbruk», der både folk og dyr ligg på stølen heile sommaren. Her oppe i fjellet vart store delar av vinterfôrrådet av ost og smør produsert. Mange hadde både ku, geit og gris med på stølen. Grisen fekk det som var att av myse, saup eller mjølkeprodukt som ikkje vart «godkjent» til mat. Sauen blir også sleppt her, og tidlegare var det vanleg å sleppe hest som ikkje var i bruk på garden til fjells. Dei samla seg gjerne i store flokkar.

På stølsvidda er det også mange store jorde, og slåttan her oppe var særskild viktig. Foret vart slått og lagra i store løer, og så vart det køyrt ned til garden med hest og slede om vinteren.

I tillegg til beiting og slått har området vorte nytta til fangst, fiske, jernutvinning, sanking og småskalaturisme.



Figur 118. Forhausting har vore viktig på stølsvidda. Frå *Stølsvidda : ei bok om Ulnes og Svennes sameier* av Nils Tor Ødegaard og Bergljot Strand, frå 2006

Talet på brukarar er redusert over mange år. I 2005 var det 55 enkeltstølar og tre fellesstølar i Nord-Aurdal. I 2017 var det 37 stølar i drift. Også på Stølsvidda har talet på stølar i drift minka dramatisk. I 1994 var det 41 stølar i drift, medan talet i 2016 var redusert til 16. Noregs største stølslag ligg i stølslaget på Fløten på Stølsvidda med 44 stølar. I 2019 var det berre 1 stølsbrukar att.



Frå *Bøseistroa på Langestolen*.
Utl.: B. Strand




Ragnhild Belgum har løyst kyrne. Tyrisholt 1947.
Utl.: Nils Belgum

Figur 119. Frå boka *Stølsvidda : ei bok om Ulnes og Svennes sameier* av Nils Tor Ødegaard og Bergljot Strand, frå 2006

Område med mange verdier

Landskapet er prega av eldre og nyare driftsmåtar. Det opne stølslandskapet, næringsrike grunntilhøve og mange våtmarksområde gjev grunnlag for viktige biotopar for mange artar. I 1988 vart området utpeikt som eitt av 13 norske område i prosjektet «Biotopvern i Norden» 1988. I 1992–1993 vart området klassifisert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap i kartlegginga som vart gjennomført av Fylkesmannen i Oppland, og som verdifullt kulturlandskap i Naturbase. På 1900–2000-talet vart det gjennomført eit *stølsviddeprosjekt* som skulle stimulere til auka stølsdrift og tilleggsnæring på stølen. Nokre av deltakarane held fram enno.

I 2018 fekk Stølsvidda saman med stølsviddene i Vestre Slidre status som «utvalde kulturlandskap i jordbruket». Området fekk samstundes status som KULA-område, *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse*. Stølsvidda saman med Vestre Slidre er til saman 34 800 daa (kjelde fylkesmannen.no), inkludert 13 500 daa jordbruksareal. Av dette ligg 8458 daa i Nord-Aurdal. Det er ca. 570 stølar i området, og det er tradisjonell drift med mjølkeproduksjon på nesten 50 av desse. Det meste av jordbruksarealet er i aktiv drift, og det er eit stort antal dyr på utmarksbeite.



Figur 120 Avgrensing av utvalde kulturlandskap på Stølsvidda i Nord-Aurdal og Vestre Slidre

Utførte tiltak

Områda med lågast beitepress er no i ferd med å gro att. Det betyr meir skog og dårlegare tilhøve for mange artar. Det er gjort mange tiltak dei siste tiåra for å ta vare på stølsdrifta og kulturlandskapet. Sist på 90-talet vart det fleire stader gjennomført «krattknusing» for å opne beiteområda. Det har

også vore vedhogst på utvalde stader for å halde skogen nede. Den langsiktige verknaden vil uansett vere avhengig av godt beitetrykk og helst ein variasjon i dyreslag som beitar.

Dagens bruk

I tillegg til stølsdrift og andre beitedyr er området godt tilgjengeleg frå både Hallingdal og Valdres, og eit populært turistmål. Her er noko stølsturisme basert på aktiv drift og formidling. Det er eit utvikla sti- og sykkelnett på Stølsvidda, og i 2018 opna ein ny DNT-stig – Stølsruta – som ei historisk vandrerrute i samarbeid med Riksantikvaren.

Gjennom fleire tiår har det vore mange tiltak for å ta vare på stølsdrifta, kulturlandskapet og dei biologiske og kulturelle verdiane på Stølsvidda i Nord-Aurdal.

Registreringar

Kulturlandskapet

Stølsvidda ligg på morenejord og har mange område med rik kulturmark. Kulturlandskapet er mosaikkprega og vekslar mellom tørre, næringsfattige område på sandgrunn og fuktige og næringsrike myrområde. Beita område vekslar mellom open naturbeitemark og skogsbeite. På grunn av kulturlandskapsmosaikken er desse landskapa viktige for naturmangfaldet.


Stølsviddeprosjektet

Det er gjort ei rekkje registreringar på Stølsvidda over ei rekkje tiår. I byrjinga av 2000-talet gjennomførte stølsbruketane sjølv ei kartlegging.




Figur 121. Budeiene på Langestølen og Tyrisholt tek pause i kartlegginga i 2003

Her vart det kartlagt mellom anna biologisk mangfald og vasskjelder.



Figur 122. *Biologisk mangfald kartlagt av stølsbrukarane sjølv i 2006*




Figur 123. *Stølsbrukarane har også kartlagt vasskjelder*

Kartlegging av biologisk mangfold gjennom Fylkesmannen og kommunen

I 2002–2006 vart det gjennomført kartlegging av biologisk mangfold saman med dei andre Valdres-kommunane. I prosjektet vart både vilt, småvilt og naturtypar registrert. Fleire område har naturbeitemark med raudlisteartar. Nokre typiske planteartar er marinøkjar, bakkesøte, snøsøte, engmarihand, grønkurle og ballblom med fleire. Registreringskriteria har endra seg fleire gonger sidan starten, slik at ei oppdatering er naudsynt. Sumaren 2020 vart det gjort nye registreringar. Arbeidet med å kartlegge etter NiN-standard i heile Valdres er i gang, og i 2020 er det gjennomført NiN-kartleggingar i store delar av Nord-Aurdal. Det skal også kartleggast etter mal frå DNHandbok 13 i område på Stølsvidda som fell utanfor NiN-kartlegginga. **Natur i Norge (NiN)** er eit felles verktøy for å beskrive natur på ein samanliknbar måte.



Figur 124. Bakkesøte på Hermanstølen





Figur 125. Registrerte naturtypar til venstre og småvilt til høgre

Av fugl skil våtmarksområda seg ut som særleg viktige biotopar for våtmarks- og vassavhengige fuglar som storspove, vipe, brushane (sjeldan i seinare tid), dobbeltbekkasin, trane, sjørre med fleire. I 2019 vart det gjennomført ny kartlegging av fugl i regi av Fylkesmannen i Oppland. Det vart då påvist 148 fugleartar innanfor det utvalde kulturlandskapet Stølsvidda. Rapporten syner til at «Stølsviddas store ornitologiske verdi er knytt til samspelet mellom våtmarksmiljøa og kulturlandskapet. Denne landskapsmosaikken skaper gunstige leveområde for eit stort artsmangfold, og høg tettheit for mange av artene. Stølsvollar, naturbeitemark og beitepåverka utmark er sentrale element som bidreg til denne mosaikken. Tradisjonell bruk med slått og beiting er derfor avgjerande for å oppretthalde desse verdiane. I dette kulturlandskapet ligg våtmarksområda som fuglerike oasar». Frå fylkesmannen.no

Kartlegging av stølsområde i Valdres

I samband med kartlegging av stølsområde i Valdres i regi av VNK, vart det i 2008–2010 gjennomført lokale stølsregistreringar av kulturminne som fortel om livet rundt stølane: kjølingskjelder, vaskeplassar, leikeplassar, badekulpar, lokkeplassar for budeiene, bruer, vegar, vegmerke, varp, geiler/gutuer og reksler, mjølkeramper, røysar, steinmurar, massetak og beiteområde. Kulturminneregistreringane er tilgjengelege på Innlandsgis. Beiteområde skilde på ku, geit og sau og viser reksler og beite før og no. Nedanfor kan vi sjå registreringane. Dei fleste minna er knytt til stølsdrift og er frå nyare tid. Over 600 minne er registrert og koordinatfesta med GPS.




Figur 126. Kartlagde kulturminne til venstre og beite og reksler til høgre

Kulturminna vart teikna på kart og gått opp i felt med GPS. Til minna er det kopla ein tabell med eigenskapar som fortel kva det er.

Bygningstiljø og bygningar

Bygningstiljøet er prega både av eldre og nyare driftsmåtar. Byggeskikken representerer den midtre delen av Valdres. Dei fleste stølane har sel, fjøs og løe. Dei eldste husa er i laft og stavverk, sela er ofte panelte og måla. Det er tydeleg at slåttan her oppe har vore viktig, her er fleire store løer med låvebru og todelte kammer og låvepreg. Ikkje mange løer står att, men stadnamn og tufter vitnar framleis om bruken av områda. Bygningane er registrert i SEFRAK-registeret. Nord-Aurdal er ein SEFRAK-kommune, det vil seie at bygg eldre enn 1900 får spesiell oppfølging. I samband med utvalde kulturlandskap er det også registrert status for bygningar på Stølsvidda.




Figur 127. SEFRAK-registrerte hus. Raude trekantar er meldepliktige hus, gule er andre hus, medan grå betyr at huset er fjerna

Automatisk freda kulturminne

Av automatisk freda kulturminne er dei aller fleste knytt til jernutvinning. Det er elles i liten grad gjennomført systematiske registreringar i området. Tal på jernvinner og malmhaldige myrer tyder på at utvinninga har vore omfattande. Anlegga er av ulike typar med ulik form både på sjølve anlegga og kolgropene.

Vi kjenner til nokre få fangstgroper ned mot Vaset og i Tisleidalen, men elles er spor etter jakt og fangst lite kjent i området. Dette vil truleg blir meir dersom det blir undersøkt.




Figur 128. Registrerte, freda kulturminne

Funn av gjenstandar

Det er gjort nokre få funn av gjenstandar innanfor området. Aust for midtre Simletjernet, eit stykke aust for Kinnholt, er det funne ei mogeleg skinnskrape av jern frå sein merovingartid eller tidleg vikingtid. Ei øks av jern er funnen ved Valtjernet eit stykke sør for dette igjen, og vidare austover, ved Brattåsen, er det funne ein pilespiss av jern frå merovingartida. På Geiteryggen (Stavenjordstølen) er det funne to bleggøksar.

Objekt til kart



Figur 129. Avgrensinga i Nord-Aurdal

Prioritet

Stølsvidda er gjeve prioritet 1.

Grunngjeving for prioritering

Stølsområda er unike når det gjeld å ta vare på den tradisjonelle haustingskulturen. I dag er det under 900 stølar i drift på landsbasis, og Nord-Aurdal var 46 i drift i 2018. Området er også godt eigna til verdiskaping med tanke på matproduksjon, formidling og opplevingar. Området skil seg dessutan ut når det gjeld byggeskikk, biologisk mangfald/økologi og tradisjon.



Figur 130. Beitedyr som går fritt, er stas for born og vaksne! Foto: Svein Erik Ski


Utfordringar

Talet på brukarar har gått kraftig ned, hovudsakleg fordi det samla talet på mjølkeprodusentar er redusert. Samstundes er enkelte besetningar gått inn i samdrift der kyrne ikkje nyttar stølane om sommaren. Utfordringa er å halde fram med stølsdrift for unge brukarar innanfor dagens rammer. Vidare kan det vere ei utfordring at det ikkje blir konflikt mellom husdyr og vandre-/sykkelturisme i stølsområda.

Forslag til forvaltning

Ein mindre del av Stølsvidda hadde status bevaring av kulturmiljø etter pbl. § 11.8 c i kommuneplanens arealdel med retningslinjer for forvaltning av området i omsynssode C 570_1. Det skal takast best mogleg vare på stølsområda, og området skal skjermast for inngrep som kan endre karakteren på området. Resten av området er vist som LNF-område, bortsett frå nokre mindre felt

vist som framtidige hytteområder. Det skal takast vare på kulturlandskap, biologisk mangfald, jordbrukslandskap, visuell oppleving, verneverdige enkeltbygningar og bygningsmiljø, og ferdsselsvegar. Kommuneplanens arealdel er vedteken for perioden 2014–2024.



Figur 131. Omsynssona i gjeldande kommuneplan

I samband med at Stølsvidda fekk status som utvalt kulturlandskap, er det laga eit utkast til forvaltningsplan (2017). Den skal legge grunnlag for alle tiltak.

Hovudmål:

I «Stølsviddeprosjektet» i Ulnes og Svennes sameiger er overordna mål formulert slik:

Bidra til å opprettholde et stølspåvirka kulturlandskap i Ulnes og Svennes sameiger gjennom aktiv stølsdrift og bruk av utmarksbeite, herunder medvirke til at disse driftsformer blir økonomisk interessante for gardbrukerne og et miljøgode for allmennheten. Denne formuleringen vil sannsynligvis fortsatt være dekkende for mye av det en ønsker å oppnå, men visjon/mål for området i tida som kommer, må utformes gjennom den vidare dialogen mellom stat, kommune og grunneiere/brukere.

Det bør vere øvste prioritet at stølsområdet blir nytta som husdyrbeite. Det må leggjast til rette med god logistikk og tilrettelegging for bruk med tilhøyrande vegar og bygningar. Vidare er det viktig at området blir nytta av folk til ferdsle og berekraftig utnytting til sanking og hausting, aktivitetar og reiseliv. For målretta forvaltning bør det utarbeidast ein meir detaljert forvaltningsplan for stølsområdet.

Det er avsett midlar til årlege tiltak innanfor utvalde kulturlandskap. Samla beløp varierer frå år til år, og tiltak det blir gjeve støtte til, blir fastsett årleg av kommunen. Desse bygger på generelle prioriteringar. Her frå utlysinga frå Fylkesmannen i 2019:

- *Holde i hevd stølsmiljøene og de arealene som tradisjonelt er knyttet til disse*
- *Arealer og objekter med spesiell verdi for naturmangfold, landskapsbilde og kulturmiljø*
- *Støler i tradisjonell drift med mjølkeproduksjon*
- *Arealer som er i svak hevd, og som kan bli tatt i mer aktiv bruk. Søkere uten egen drift/beitedyr må ha en avtale på minst 10 år om utleie til et jordbruksforetak.*
- *Beitefelt utenom stølslaga kan prioriteres for ryddetiltak dersom de er inngjerda og etablert som aktive beiteareal*

I 2020 vart det utlyst midlar til følgande tiltak:

- Gjerding (sperregjerde rundt støler etc.)
- Rydding/tykning/krattknusing av areal på stølen og i utmark nær stølen
- Andre tiltak: verneverdige bygningar, driftsmessige tiltak på aktive stølar, oppstart av ny stølsdrift

Spesielle omsyn som bør takast:

Beitedyr har høgast prioritering i området. Det skal takast

- omsyn til tradisjonelle reksler og beiteområde
- omsyn til eksisterande bygningsmasse og byggeskikk
- omsyn til minne og historia som er knytt til stølsområda
- biologisk mangfald
- spesielle omsyn til tråkk og ferdsle der det er registrert prioriterte naturtypar

Området er kartlagt i fleire omgangar, men både for rett skjøtsel og bruk er det sterkt behov for supplerande kartlegging. Tilstand og skjøtsel av naturtypar i dag er usikker, men mykje av naturbeitemark-lokalitetane blir beita ekstensivt. Attgroing påverkar også tilhøva for våtmarksbiotopar.

Bruk:

Aktuell bruk er stølsdrift og beiting, hausting, fiske, jakt, fjell- og landbruksbasert næringsverksemd, stølsturisme, formidling og rekreasjon.

Desse tilboda er tilrettelagt:

- Stølsturisme, sal og stølsbesøk
- Stølsruta – historisk vandrerute. Dette er eit samarbeid mellom Riksantikvaren, DNT og VNK

(lokalt)

- Mjølkevegen – den tilrettelagde sykkelruta nr. 5 frå Vinstra til Gol

Aktuelle tiltak:

Mål	Strategi	Tiltak	Ansvar	Finansiering
Betre tilgjenge	Planar for bruk, rydding og tilrettelegging	Rydding av beite og reksler inn til beiteområda	Kommune, stølsbrukarar, hytteeigarar	Kommunen Fylkesmannen
Ta vare på landskap/biologi sk mangfald	Planar når det gjeld beite kvalitet og botaniske verdiar	Auka og målretta beiting	Stølslag, beitebrukarar	Kommunen Fylkesmannen
Auka kunnskap	Utarbeide informasjon (i forvaltningsplan)	Lage faldarar, setje opp infotavler	Fylkesmann, RA, kommunen, stølslag	Kommunen Sparebank/UNI stiftinga
Utnytting av beite-ressursar	Innrette verkemiddel	Tilpasse verkemiddel	Kommunen, fjellstyret	Kommunen (SMIL)
Ta vare på bygningar og byggeskikk	Rutinar for å ta omsyn til byggeskikken	Tilpasse verkemiddel Kurs og informasjon	Kommunen, huseigarar	Kulturminne-fond SMIL
Auka næringsutvikling og bruk	Innrette verkemiddel	Mobilisering, rettleiing	Kommunen, stølsbrukarar, bedrifter	Kommunen Innovasjon Norge Fylkesmannen
Rekruttering og bruk	Involvere born og unge	Utarbeide opplegg for DKS/undervisning	Kommunen	Kommunen Valdresmusea fylkeskommunen
Auka matproduksjon	Innrette verkemiddel	Støtte opp om produsentar	Kommunen/ VNK, Fylke, stat	Kommunen Innovasjon Norge Fylkesmannen

Oppfølgingsansvar

Kommunen, fylkeskommunen, Fylkesmannen, stølslag og eigarar

7 Kongevegen

Alt frå førhistorisk tid har menneska ferdast mellom aust og vest igjennom Valdres. I mellomalderen var vegen gjennom Valdres over Filefjell rekna som den mest nytta fjellovergangen. Frå 1793 var Den bergenske kongevegen det fyrste sambandet mellom Kristiania og Bergen.

Brukshistorikk

Kongevogane er ein del av den dansk-norske kulturarven vår. Kongevogar var mellom anna hovudvegane mellom stiftsstadene og bygd etter kongeleg forordning i perioden 1660–1814. Med veglova av 1824 fekk traseane som då var i bruk, namnet hovudveg. Kongevegen var eit storstilt samferdsletiltak i si samtid og var ein viktig del av moderniseringa av landet. Han er bygd etter ideologien for vegbygging den tida – «det franske prinsippet» – med mest mogleg rett lineføring, god drenering og ei godt oppbygd vegbane. Slik starta ingeniørane sin tidsalder, som frå no av skulle reformere den moderne vegbygginga.

Kongevegen skulle vere 4,3 m brei, med variasjon etter lendet. Langs vegen var det avmerkt roder og avstandsskilt (km frå Odnes). Rodene synte kva gardar som hadde vedlikehaldsplikta. Med bønder på pliktarbeid og utkommanderte soldatar tok vegen form. Vedlikehaldet var bøndene sitt ansvar heilt fram til 1820-åra.



Figur 132. Dette kunne vore opp bakkane frå Leira. Teikna av Johannes Flintoe

Skysstasjonar og gjestgjevargardar vart viktige, og Veslestrønd i Svenes og Frydenlund i Aurdal var skysstasjonar i lang tid. Vegen ved fjorden mellom Fagernes og Leira kom i bruk ikring 1858, men var svært smal.



Figur 133. Karjol utanfor Frydenlund skystasjon i 1880. Foto: Aksel Lindahl / Vegmuseet

I Valdres gjekk vegen over Lundebrue frå 1829, over Tonsåsen til Bjørge og vidare til Aurdal, og skystasjonen på Frydenlund. Her var det både landhandel, telegraf, postopneri, skystasjon og hotell. Vegen gjekk vidare langsmed jernbanelina til Onstadmarke og nedover til Leira. Ved Leira gjekk traseen bratt opp Krokabakkadn og Nilsebrøtin, nedunder noverande Garlivegen og ned til Krakkeplassen, så ved Skogajordet og vidare ned gjennom Fagernes og fram til Neselve (Kvitvella). Vidare gjekk vegen over Strønd, gjennom Slidre og Vang, og over Filefjell.



Figur 134. Kart over Den bergenske kongevegen Strønd–Ulne teikna i 1819 av C.C. Buchholz



Figur 135. Kart over Den bergenske kongevegen Strand–Leira teikna i 1819 av C.C. Buchholz



Figur 136. Kart over Den bergenske kongevegen Leira–Aurdal, Aurdal–Bjørgo og Bjørgo–Tonsåsen teikna i 1819 av C.C. Buchholz


Ved Leira gjekk Kongevegen forbi den gamle Leirestogo. Leira var kommunesenter frå det kommunale sjølvstyret kom (1837) og heilt til rådhuset på Fagernes vart teke i bruk i 1979.



Figur 137. Den gamle veggen mellom Aurdal og Leira. Foto: Ola Gudheim / Valdresmusea AS

Kongevegen frå Aurdal til Hedalen

Historielaget i Aurdal har registrert Kongevegen frå Aurdal til Hedalen. Dette er ikkje ein del av kongevegane som vart bygd etter kongeleg forordning i perioden 1660–1814 (les meir om kongevegane her: https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Kongeveger_i_Norge). Vegen ser ut til å ha vore rideveg og er truleg av eldre dato.



Figur 138. Kongsvegen frå Aurdal til Hedalen

Registreringar

Berre delar av Kongevegen i Valdres eksisterer i dag. Dei best bevarte, lenge samanhengande strekningane ligg i Etnedal og Vang, men fleire andre stader er det godt bevart. Delar av strekninga i Vang er freda, og det har vore ei stor satsing for å restaurere strekninga frå Vang sentrum til Lærdalsøyri som samanhengande vandreveg. Vegen fekk Vakre vegars pris i 2014, og i 2017 gjekk Europa Nostra sin kulturminnepris til Kongevegen for arbeidet med strekninga over Filefjell. Strekninga Leira–Fagernes er stadvis godt bevart, men mykje går i dag under asfalt. Denne ruta er tilrettelagt for vandring. I gamle Aurdal sentrum går det også ei godt bevart strekning.



Figur 139. Synfaring på strekninga Fagernes–Leira

Mellom Aurdal og Bjørgo er strekninga ikkje kartlagt. Vidare austover frå garden Bjørgan er traseen i stor grad intakt heilt fram til grensa mot Etnedal, med unntak av eit par stader der vegen er øydelagt av dyrking og nyare veganlegg. Frå Bjørgan til Nørre Ton, ei strekning på om lag 1,8 km, er vegen intakt. Strekninga blir lokalt kalla Gamlevegen. Mellom Nørre Ton og fv. 33 / Tonsåslinna (ca. 500 meter) er traseen delvis bevart, tydeleg markert i terrenget med oppmuringar, men på to stader øydelagt av dyrking. Fylkesvegen utgjer den største hindringa, og her må ein truleg finne ei alternativ rute. Frå Tonsåslinna til Bruflat er strekninga tilrettelagt som vandreveg.



Figur. Til venstre: Stikkrenne ovanfor Tonsåslinna. Til høgre: Strekninga Bjørgo – Nørre Ton er i relativt god stand. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk




Figur 140. Mur på strekninga ved Nørre Ton. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk




Figur 141. Til vendtre: Bevart strekning ved Tobakko. Til høgre: Bevart klopp på vegen. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk

Objekt til kart




Figur 142. Linje over Den bergenske kongevegen, slik han har gått. Temakart frå Nord-Aurdal kommune


Nedanfor ser du strekningar som er synlege.



Figur 143. Synlege strekningar av Den bergenske kongevegen frå Fagernes og austover



Figur 144. Synlege strekningar i Aurdal



Figur 145. Synlege strekningar frå Ton til Tonsåslinna. Lina er digitalisert frå ØK 1 : 5000 frå 1980-talet. Der er Kongevegen vist som stipla line også der vegeen er borte i dag.

Prioritet

Kongevegen har første prioritet.

Grunngeving for prioritering

Den bergenske kongevegen gjekk frå Kristiania til Bergen og er ein av dei eldste sambandsvegane for kjerre i Noreg. Han er ein viktig del av veghistoria, og han er viktig for historia om Nord-Aurdal. Vegen er eit godt utgangspunkt for folkehelse og fysisk aktivitet, saman med formidling av lokal og nasjonal veghistorie.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn: Det viktigaste er å ta vare på det som er att av vegen. Det bør derfor leggast ei omsynssone kring det som er att av vegstubbar. Dersom dei ikkje er i bruk, er det fare for attgroing og dårleg vedlikehald, det vil seie forfall. Derfor bør vegen leggast til rette som turveg og nyttast der det er mogleg.

Bruk: Turvegen Leira–Fagernes. Det er mogleg å gå ei samanhengande strekning på 3,5 km frå Leira til Fagernes. Turvegen er rydda og sett i stand for vandring og går gjennom skog og bustadområde. Delar av ruta er lagt på den opphavlege Kongevegen.



Figur 146. Ruta Fagernes–Leira er tilrettelagt som turstig


Det er også sett opp tavler langs ruta. Tavlene langs den tilrettelagte strekninga er utarbeidd etter felles mal for Den bergenske kongevegen gjennom Valdres.




Figur 147. Kongevegtavlene skal ha same design gjennom heile Valdres. Desse er frå strekninga Leira–Fagernes

Turveg Aurdal–Tonsåsen. Frå Tonsåslinna til Etnedal kommune er vegen i ganske god stand, og spesielt på Etnedals-sida er vegen brukt aktivt som vandreveg. Veggen er skilta mellom Bruflat og Tonsbakken. Strekinga nedanfor Tonsåslinna er i dag ikkje samanhengande, men det er berre ei strekning på om lag 500 meter, mellom eigedomen Nørre Ton og fylkesvegen, som krev rydding og tilrettelegging for at ein skal kunne gå kongevegen mellom Bjørgan og Bruflat. Deler av vegen frå Bjørgo mot aust og vest er enten borte eller ligg på dyrka mark. Her må det kartleggjast nærmare.

Det bør vere aktuelt å legge til rette for vandring heile vegen vidare ned til Aurdal. Frå Bjørgo går vandre- og sykkelvegen Valdresbanevegen. Strekinga som må kartleggast nærmare, mellom Bjørgan og Bjørgo stasjon, er på om lag 2 km og ser ut til å gå gjennom oppdyrka område. Det bør vere mogleg å knyte denne delen saman med Den bergenske kongevegen slik at ein kan vandre heile vegen frå Fagernes til Bruflat.



Figur 148. Delar av Den bergenske kongevegen mellom Bjørgan og Nørre Ton er godt eigna som turveg. Foto: Nina Espeseth Grønbrekk



Figur 149 Kartet syner Valdresbanevegen (rosa) og synleg kongeveg som raud i Nord-Aurdal og blå i Etnedal. Dersom ein finn ein trasé frå Valdresbanevegen til der Den bergenske kongevegen startar, er det mogleg å gå på turveg frå Fagernes til Bruflat. Strekinga som «manglar», er på om lag to km.



Figur 150. Sjølv om vegen eit lite stykke er øydelagt av dyrking på garden Nørre Ton, kan ein sjå traseen frå den eine til den andre sida av jordet (grøn strek på biletet). Foto: Nina Espeseth Grønbrekk

Det er eit overordna ønske om å kunne gå Kongevegen heile vegen frå Bruflat til Fagernes. Han kan/må koplatt til Valdresbanevegen der det er naudsynt. Vidare er det viktig å fortelje veghistoria om den fyrste køyrevegen gjennom Valdres

Hovudmål: Ta vare på Den bergenske kongevegen gjennom Valdres. Mest mogleg bør setjast i stand og nyttast til mjuke trafikantar.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Rett bruk og forvaltning av vegen	Få oversikt over vegen	Fullstendig kartlegging	Kommunen	Kommune
Ta vare på eksisterande strekningar	Legge omsynssone på vegen	Omsynssone i arealdelen til kommuneplanen	Kommunen	kommune
Legge til rette som turveg	Tiltaksplan for aktuelle strekningar gjennom kommunen	Restaurering og rydding, spesielt på strekninga mellom Nørre Ton og Etnedal grense	Kommune SVV fylkeskommune frivillige	kommune
Formidle historia	Bruks- og informasjons-plan	Sette opp tavler	Kommune VNK fylkeskommune historielag	kommune SVV Sparebank- stiftelsen UNI-stiftelsen
Knyte saman turvegsambandet frå Fagernes til Bruflat	Kartlegge mogleg samband mellom Valdresbanevegen og Den bergenske kongevegen	Rydde og knyte saman vegen frå Fagernes til Bruflat	Kommune	kommune SVV Sparebank- stiftelsen UNI-stiftelsen

Oppfølgingsansvar

Nord-Aurdal kommune. Aktuelt samarbeid: VNK, historielag og VerneVøla

8 Tungtvassruta

Under andre verdenskrig var det viktig at tyskarane ikkje fekk tak i tungtvatnet som vart produsert i anlegga på Vemork i Telemark. Tungvatn kunne nyttast til å produsere atomvåpen, og derfor var det svært attraktivt for tyskarane. Heldigvis fekk dei ikkje tak i det.

Brukshistorikk

Ruta er vegen ein del av sabotørane tok etter å ha sprengt tungtvassfabrikken på Vemork 28. februar 1943. Under leiing av fenrik Joachim Rønneberg klarte sabotørane å snike seg inn i tungtvasskjellaren og sprengje tungtvassanlegget. Sabotørane var på oppdrag for den britiske organisasjonen Special Operations Executive (SOE). Dei var ein del av kompaniet «Norwegian Independent Company 1», seinare kalla Kompani Linge. Tungtvatn var ein viktig del av det tyske atomprosjektet, og dei allierte frykta at Nazi-Tyskland låg framfor i kappløpet om å byggje ei atombombe. Sabotørane som utførte aksjonen natta til 28. februar, kom seg unna utan å bli oppdaga av tyske vakter. Ingen vart skada, og ingen liv gjekk tapt. Denne aksjonen er ein av dei mest berømte sabotasjeaksjonane frå andre verdenskrig (frå <https://nia.no/event/tungtvannssabotorene/>).

Flukta, også kalla Sabotørruta, gjekk frå Vemork over Numedal, Hallingdal, Valdres, Gudbrandsdalen, Østerdalen og over til Sverige, som var nøytralt. Ruta i seg sjølv er inga etablert turløype og er kartlagt etter rapport frå ein av sabotørane, fenrik Joachim Rønneberg, som også leia heile operasjon *Gunnarside*. Aksjonen var delt opp i framrykking *Grouse*, sjølv aksjonen og fluktruta *Gunnarside* til Sverige. I aksjonen deltok i alt 11 personar. Gruppa delte seg 3. mars 1943, der Rønneberg leia si gruppe på fem vidare til Sverige gjennom Valdres. Dei som var med han, var sersjant Birger Strømsheim, sersjant Hans Storhaug, sersjant Fredrik Kayser og fenrik Kasper Idland, som alle er på biletet nedanfor. Les meir om kven som var med her: <https://www.vg.no/spesial/2015/tungtvannskart/>



Aksjonen på Vemork kunne virke som et «Mission Impossible». Men denne gjengen klarte det umulige; bak fra venstre: Hans Storhaug, Fredrik Kayser, Kasper Idland, Claus Helberg og Birger Strømsheim. Foran fra venstre: Jens-Anton Poulsson, Leif Tronstad (planlegger i Storbritannia) og Joachim Rønneberg. I tillegg var Arne Kjelstrup, Knut Haugland, Knut Haukelid og Einar Skinnarland med på tungtvannsakksjonen. Foto: Norsk Hjemmefrontmuseum

Figur 151. Frå <https://www.ba.no/puls/gjengen-som-klarte-det-umulige/s/1-41-7734796>

Ferda i 1943 gjekk gjennom det som den gongen var Telemark, Buskerud, Oppland og Hedmark, og gjennom mange kommunar, blant anna valdreskommunane Sør-Aurdal, Nord-Aurdal og Etnedal. Nokre stader overnatta dei i hytter, andre stader under ein busk.

Joachim Rønneberg rapporterte om turen vel framme i London. Ut ifrå rapporten til Joachim Rønneberg kan vi sjå nokre stader dei var innom, mellom anna i Nord-Aurdal:

81. We ate our meal at a seter shed. It was now blowing hard and the temperature was many degrees below zero. We carried on towards the east, with the wind behind us, and passed BJAADALENSETER. Much of the top snow had now been blown off, leaving bare ice which was very hard on our skis. When we reached FJELLSTØLEN, about 20 kms. S.W. of AURDAIS-FJORD in VALDRES, it was extremely cold, and blowing hard, though clear. We spent the night in a snug seter farmhouse, well stocked with flour and bannock bread, where we were able to dry our boots and our clothes.

82. Beautiful weather, perfect snow. Our goal to-day was to reach, before nightfall, the point from which the crossing of VALDRES was to be made. The terrain here was relatively easy, partly open and level, and partly crossed by peculiar valleys. There were many unoccupied seters and huts. We reached the edge of the side of the valley and stopped there until dark.

83. Finding a steep lumber track, we followed this down into the valley, and came out of the woods upon one of the upper farms. We passed two men on their way up the mountain, but as we were dressed entirely in white with our weapons visible in the mouths of our sacks, they doubtless took us for German ski-troops. All was quiet in the valley, the time being 2000 hours.

Figur 152. Utdrag frå rapporten til Joachim Rønneberg i 1943

Sjå meir på:

<http://forsvaretsmuseer.no/Media/Files/Rapport-fra-1943-av-fenrik-Joachim-Roenneberg>

Ruta kan du sjå her:

<http://www.arcgis.com/home/webscene/viewer.html?webscene=911fccbfc2cb466a9b70082145258b8c>

Det er skrive fleire bøker og laga film (*Kampen om tungtvannet*, 2015) om aksjonen. 11. august i 2018 vart det arrangert ei 75-årsmarkering, og det vart sett opp minnesmerke.

Registreringar

Heile ruta gjekk frå Rjukan til Sverige, gjennom den gongen fire fylke. I dag går ho gjennom Vestfold og Telemark, Viken og Innlandet.



Figur 153. Heile ruta etter beskrivinga til Rønneberg. Digitalisert av VNK

I romjula 2012 gjekk Kaysers barneborn Eivind og Torbjørn den same ruta som bestefaren Fredrik Kayser følgde 70 år tidlegare.



Eyvind (30) og Torbjørn (26) Kayser foran minnesmerket på Vemork, der bestefaren er risset inn som en av sabotørheltena.

Privat

Figur 154. I 2012 gjekk dei to barneborna til Fredrik Kayser, Eyvind Kayser (30) og Torbjørn Kayser (26), ruta på nytt. Her ved minnesmerket på Vemork. Frå Aftenposten 17.02.2015


Ruta er så langt kartlagt heile vegen, også gjennom Valdres etter beskrivingane til Rønneberg. Han har stadfesta overnattingsstader, om dei sov inne eller ute, og stader dei har passert. I Valdres hadde dei tre overnattingar, ei på Nørre Fjellstølen i Sør-Aurdal, ei på Aurdalsåsen og ei på Bergskardstølen i Etnedal. Alle husa dei overnatta i, er lokalisert og står framleis. Detaljane på ruta gjennom Valdres elles er langt på veg stadfesta, men det er ikkje heilt klart kvar ruta gjekk gjennom Aurdal sentrum. Ifølgje Rønneberg skal dei ha passert toglina om lag 200 aust for stasjonen, «der hovedvegen til fjellet går opp». Dette stemmer ikkje heilt overeins med lokalkunnskapen, og dei som har fått historia direkte fortalt, meiner dei kryssa lenger nord. Vi veit uansett at turen vidare gjekk opp til Hjelle.

Objekt til kart

Kartet nedanfor viser alle kjende punkt som er omtala i rapporten. Ut ifrå dei og lokalkunnskap har vi digitalisert lina slik lokalkjende meiner sabotørane kan ha gått. Ruta gjennom Nord-Aurdal gjekk mykje på skog-/tømmervegar.



Figur 155. Ruta gjennom Nord-Aurdal er vist som ei rosa line. Rosa prikkar er kjentpunkt frå rapporten, svarte prikkar/hus er overnattingsstader. I rapporten skriv Rønneberg at dei kryssa jernbanen 200 m aust for stasjonen. Dette skil seg frå dei lokale forteljningane. På kartet er det vist slik lokalkjende meiner ruta gjekk gjennom Aurdalsbyen



Figur 156. Ruta gjennom Valdres

Prioritet

Tungtvassruta er gjeven 1. prioritet.

Grunngjeving for prioritering

Tungtvassruta er ein viktig del av den nasjonale krigshistoria vår som bør løftast fram. Vidare er dette eit godt eigna emne for vidare verdiskaping.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Interesse og status for tilrettelegging av løypa må klarleggast. Det er ein stor føremon om alle fylke og kommunar er med for å få formidla historia på best mogleg måte. Tiltaket bør organiserast som eit samarbeidsprosjekt med Riksantikvaren, Forsvaret, fylkeskommunar, kommunar, Forsvarsmuseet og interesseorganisasjonar som er involvert.

Bruk:

Formidling av krigshistorie, tur- og naturopplevingar. Status på overnattingsplassane bør kartleggast, og ein bør sjå etter eigna turmål og overnatting for auka verdiskaping. Det må etablerast ein eigen nettstad der folk kan finne fram til historia, ruta og opplevingsmoglegheiter. Det er sett opp tavler på Bergskardstølen og Røssjørova i Etnedal. Tilsvarande er mogleg også for Nord-Aurdal, som til dømes på kanten av fjellet ned mot Vestringsbygde og Ragnarok (ved Aurdal fjellkirke).

Hovudmål:

Det viktigaste er å ta vare på historia om aksjonen for ettertid. Vidare er det eit mål å konkretisere ruta gjennom Nord-Aurdal og Valdres, og å legge ruta til rette i ei eller anna form.

Aktuelle tiltak

Ei tilrettelegging knytt til kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ny aktivitet knytt til ruta	Kartlegge og kvalitetssikre ruta gjennom Valdres	Fysisk merking/kvisting	Fylkeskommunen Valdresmusea Kommunar	Riksantikvaren Fylkeskommunen Valdresmusea Kommunen
	Kartlegge stader med spesielle hendingar	Fysisk merking/skilting av krigsminne	Statens Vegvesen Kommunen	Eiga prosjektleiing?
	Kartlegge overnattingsstader	Velje ut tilretteleggingsgrad og opplevingspunkt	Frivillige Kommunen	Eige prosjektleiing?
	Gjere ruta tilgjengeleg	Turkart med etappar i papir og web	Eiga prosjektleiing?	Eiga prosjektleiing?
Gjere historia meir kjend	Samle informasjon	Etablere eigen nettstad for krigshistoria i Valdres Info på tavler, nett og applikasjon	Riksantikvaren Fylkeskommunen Valdresmusea Kommunen Forsvarsmuseet	Eiga prosjektleiing?
Gjere historia meir kjend	Samle og legge til rette info på ein stad	Opprette utstilling på Bygdemuseet i Bagn eller eige krigs-	Eiga prosjektleiing?	Eiga prosjektleiing?

		/sabotørmuseum i Valdres		
Gjere historia meir kjend	Årlege markeringar	Minnedag/ turdag til dømes til Fjellstølen	Eigar Kommunen	Kommunen
Auke økonomisk verdiskapinga langs ruta	Knyte til seg bedrifter	Utarbeide samla tilbod med overnattingar	Etablere samarbeidsprosjekt	Valdres Næringshage
Brukarvenleg informasjon og tilgjenge	Konseptutvikling	Etablere ein eigen nettstad om ruta og tilbod langs ruta	Etablere samarbeidsprosjekt	Innovasjon Norge Riksantikvaren Fylkeskommunen Kommunen

Oppfølgingsansvar

Nord-Aurdal kommune, Valdres Natur- og Kulturpark

Det bør etablerast eit eige samarbeidsprosjekt med involverte partar, og eigen prosjektleiar.



Figur 157. Foto frå filmen «Kampen om tungtvannet»

9 Valdresbanen

Brukshistorikk

Valdresbanen var ei jernbane frå Oslo til Fagernes via Dokka. Ruta hadde 15 stasjonar. Ruta frå Eina til Fagernes på 109 km vart opna i 1906. Valdresbanen var privatbane til staten overtok drifta i 1937. Bana fekk etter kvart 8 personvogner, 36 godsvogner og 7 lokomotiv.



Figur 158. Frå tida 1925 til 1937. På den tida var kiosken komen på perrongen. Foto: Norsk Jernbanemuseum / Mittet

Trafikken på skjenegangen omfatta både gods, dyr og personar. Det vart blant anna transportert skiferstein frå skiferlageret på Fagernes og celluloseballar frå Storebrofoss Træsliberi, som var frakta opp til Valdresbanen med taubane. I rapportar frå 1929 og 1933 kan ein sjå at det vart frakta både hestar, storfe, ungfø og griser. I 1934 var det 4082 dyr som vart transportert på Valdresbanen. Mange av desse vart frakta til hamnebeite i fjellet. Trafikken etter krigen var stor, med måndagsdyretransportar på opptil 40–50 godsvogner. Vintertrafikken vart også viktig, og i 1950–60-åra vart det køyrt direktetog med skituristar frå Göteborg og Stockholm.



Figur 159. Valdresbanen var særskild viktig for reiselivet. Biletet er frå perrongen på Fagernes

Det siste damplokomotivet var i bruk i Valdres til 1968. I 1988 vart persontrafikken på Valdresbanen innstilt, og det siste ordinære toget reiste frå Fagernes 31. desember 1988. Tømmertrafikken frå Dokka til Eina heldt fram til mars 1999. Eit skiftelokomotiv av typen Skd 214, bygd ved Kockum i Sverige i 1952, vekt 20 tonn, var i bruk på Fagernes stasjonsområde heilt til trafikken vart innstilt. Lokomotivet nedanfor er eit damplokomotiv.



Figur 160. Damplokomotiv type 24b nr. 195 på Fagernes stasjon i 1963. Foto: Johannes Østvold / Norsk Jernbanemuseum

Arbeidsplassar

Langs strekninga var det baneformenn som hadde ansvar for kvar si strekning. Under dei var det mange linjearbeidarar som arbeidde med vedlikehald: svillebyte, byte av skjener, vegetasjonsrydding, snømoking om vinteren, reparasjon av gjerde osv. Ein del banevaktarar var også linjearbeidarar og tok del i vedlikehaldsarbeidet og utførte dagleg linjevisitasjon på dresin. Mange folk var involvert, og såleis var Valdresbanen ein viktig arbeidsplass.

Det var banevaktarbustader fleire stader, mellom anna på Kopperud, Aurdal, Bjørgo, Granlund (jmf skjøte frå 1016) og Etna stasjon. Granlund hadde ansvar for strekninga frå Tonsåsen og til Bergmanns-skjeringa (der taubana gjekk ned til Bagn (Espeset, Nina Grønbrekk pers med.)). Neste strekning gjekk til Bjørgo, der neste overtok i retning Aurdal. Nokre vaktarbustader er framleis i bruk som bustader.

Etter nedlegginga

Etter at dei 4 kilometrane med skjenegang frå Fagernes til Leira vart fjerna i 1991, vart Leira endepunkt for Valdresbanen.

I sju sommarsesongar frå 1989 til 1999 køyrde det private AS Valdresbanen turisttog på strekningane Oslo–Leira og Eina–Leira. Selskapet dreiv dresinutleige frå Leira til Tonsåsen kvar sommar frå 1997 til sporet mellom Leira og Bjørgo vart fjerna i mai/juni 2002.

I 2002 vart skjenene frå Leira til Bjørgo fjerna, og sidan då er verksemda med turisttog og dresinar flytta til Dokka. Strekninga frå Oslo fram til Dokka vart oppretthalden som ein del av det nasjonale jernbanenettet. Strekningane Dokka–Bjørgo og Dokka–Hov er i dei seinare åra brukt som dresinbane driven av AS Valdresbanen. Skjenegangen frå Bjørgo ligg framleis, medan traseen frå Bjørgo til Fagernes er asfaltert og blir nytta som gang- og sykkelveg. Vegen har framleis skilta som er knytt til Valdresbanen.



Figur 161. Avspora godstog i 1967 ved Nordåk på Valdresbanen med reiskapstog i bakgrunnen. Foto: Norsk Jernbanemuseum

Jernbanesporet

Etter nedlegginga i 1988 stoppa også vedlikehaldet av sporet. Skjenene frå Fagernes til Leira vart fjerna i 1991, medan Leira–Bjørgo på 14 km vart fjerna i 2002. Bane NOR eig trasé og bygningar langs jernbanesporet.



Figur 162. Skilta langs traseen står enno

Traseen etter Valdresbanen mellom Fagernes og Leira er flittig brukt som gang- og sykkelveg.



Figur 163. Traseen mellom Fagernes og Leira er godt innarbeidd som gangveg

Gang- og sykkelvegen stoppar opp ved Bjørgo stasjon. Herifrå ligg det gamle jernbanesporet. Bane NOR er eigar av trasé og bygningar langs jernbanesporet, men ikkje der dette er men eig ikkje lenger traseen der sporet er fjerna. Sjølve sporet er i dårleg stand, og utan opprusting er det ueigna for togtrafikk.



Figur 164. På Bjørgo står toget framleis. Skjenegangen går fram til Bjørgo. Frå Bjørgo mot Tonsåsen er det dårleg vedlikehald

Registreringar

Kulturminna langs Valdresbanen er ikkje kartlagt systematisk. Dette bør gjerast som eige prosjekt. Langs banevegen er det i tillegg til stasjonsbygningane bygningar som bustader, kvilebuer, lager og uthus. Det er fleire vaktarbustader knytt til jernbanen, til dømes på Kopperud og Aurdalsletta. Ifølgje skjøtte frå 1916 budde det også ein banearbeidar Olaf Skjærerein på Granlund. På Granlund nedanfor Ton står framleis bustaden med uthus.

Fleire av bygningane er falleferdige og bør ryddast bort. Kring eigedomar og langs lina står framleis gjerde, og desse ligg no til nedfalls og kan vere til skade for vilt og husdyr. Langs sykkelvegen frå Leira til Onstadmarken er det blant anna eit gjerde på 10–11 km som er falleferdig og stygt.


Dei gamle skilta står også framleis. Dei er viktige for å formidle Valdresbanen og trafikkfunksjonar. I tillegg til sjølve fundamentet er stasjonsbygningane også viktige.

Stasjonsbygningane

1. Fagernes

Fagernes var endestasjon, og stasjonsbygningen vart sett opp til opninga av strekinga Dokka–Fagernes i 1906. Stasjonsområdet bestod av eit ca. 70 dekar stort område, som etter nedlegginga

vart selt til Nord-Aurdal kommune. Her var det ei mengd hus og bygningar i tilknytning til jernbanen: stasjonsbygning, damplokkstall, vasstårn, Narvesen-kiosk og lagerbygningar for skifer og landbruksvarer. Hus for jernbanefolk ligg enno langsmed traseen sør for Fagernes. Viktige transportvarer fyrste tida var skifermjøl, olje og tømmer. I tillegg kryssingsspor, sidespor og svingskive var det mellom anna opplastingsspor for Felleskjøpet (i dag Fagernes Kjøpesenter) på området. Det var vidare godssentral, Narvesen-kiosk, lokstall og motorvognstall med overnattingsrom for NSB-tilsette på området. Midt på 1950-talet bygde NSB jernbanerestaurant, som i dag er kinarestaurant, rett sør for stasjonsbygningen.



Figur 165. Fagernes stasjon, truleg i samband med opninga i 1906. Foto: Norsk Jernbanemuseum

Bygningen er halden ved like av eigaren og er i relativt god stand. 1. etasje har vore nytta som utstillingslokale av Valdres kunstforening.



Figur 166. Stasjonsbygningen på Fagernes 2020

På stasjonen står også eit lokomotiv av typen 214.112. Framfor lokomotivet har VNK sett opp eit skilt om jernbanehistoria i Valdres.



Figur 167. Lokomotivet på Fagernes er av typen Skd 214.112. Det var i bruk frå 1952 nesten fram til banen vart innstilt

2. Leira stasjon

Den fyrste stasjonsbygningen på Leira var frå 1906. Noverande stasjonsbygning vart reist i 1941 med nytt godshustilbygg i 1950. Fram til 1963 var det postkontor i stasjonsbygningen. Etter krigen vart det etablert ein eigen borkestasjon på Leira, der kubb vart lasta opp og sendt vidare til Hunton på Gjøvik. Nord for stasjonen var det sidespor inn til Tisleia Sag & Høvel og Åbjøra kraftanlegg (Åbjøra-sporet). Denne delen av stasjonsområdet, om lag 13 dekar, vart selt etter nedlegginga, og rommar i dag Rema 1000-butikk og byggvarebutikken Byggmakker. Skjenegangen Fagernes–Leira på 4 km vart fjerna i 1991. Strekket Leira–Bjørge på 14 km vart fjerna i 2002. I denne perioden var Leira endestasjon på Valdresbanen. AS Valdresbanen køyrde turisttog hit og hadde dresinutleige. Etter 2002 har Dokka vore endestasjon.

Bane NOR eig stasjonsbygningen. I 2019 vart det sett av 250 000 til restaurering av bygningen, og arbeidet vart utført i 2020. Før det vart Leira stasjon sist gong pussa opp i 1995, på dugnad av foreininga Nye Valdresbanen. Bedrifta Gamle omnar har dei siste åra hatt tilhald i bygningen.



Figur 168. Bygningen etter oppussinga. Lokala blir nytta til restaurering av vedomnar. Foto: Renate Remme Øverseth



Figur 169. Oppussingsarbeid var sett i gang i 2020 med midlar frå eigar, Bane NOR. Foto: Geir Helge Skattebo, Avisa Valdres



Figur 170. Sesamtoget på Leira stasjon på 1990-talet. Foto: Ukjent

3. Aurdal stasjon

Fyrste stasjonsbygningen i Aurdal frå 1905 vart seinare banevaktarbustad på Tonsåsen. Stasjonsbygningen frå 1941 vart brannskada og riven i 1999, medan uthuset frå 1905 brann i 2006.



Figur 171. Til venstre: Aurdal stasjon slik han såg ut rundt 1906. Foto: Valdresmusea / Ukjend. Til høgre: Aurdal stasjon i 1934. Foto: Nasjonalbiblioteket / Mittet&co



Figur 172. Stasjonsbygningen etter at det vart sett opp ny bygning i 1941. Foto: Gunder Kværne

4. Bjørgo

Stasjonsbygningen på Bjørgo er i privat eige og blir brukt som bustad. Han er frå 1904 og står i «Nasjonal verneplan for kulturminne i jernbanen» som den einaste stasjonsbygningen på Valdresbanen.

Namnet Bjørgo kjem frå gamalnorsk Bjørgum, som betyr 'framstikkande, høgt, bratt berg'. Bjørgo er opphavleg gardsnamnet til gardsnummer 100 og 101. Storofsen i 1789 er den største kjende naturkatastrofen på Austlandet. Svartetjednbekken, som går over stasjonsområdet, utløyste fleire store ras. I Nørre Bjørgo gjekk det med ti hus og mykje åker og eng. Store mengder av stein og store tre vart ført ut over marka. Før Storofsen var dei finaste åkrane i Nørre Bjørgo i området der stasjonen ligg i dag, og området vart kalla Sylvvøllatn.



Figur 173. Stasjonsbygningen på Bjørge er no privat bustad

5. Tonsåsen stasjon i Etnedal

Tonsåsen var banas høgaste punkt på 682 meter over havet. Stasjonen hadde eige godshus og vasstårn. I tillegg til hovudtårnet var det også eit provisorisk vasstårn der lokomotiva normalt stansa. Midtvegs mellom Tonsåsen og Bjørge låg «Taubanesporet», eit opplastingsspor for celluloseballar som vart frakta frå Storebrofoss Træsliberi med taubane. Herifrå vart det sendt i gjennomsnitt 15 000 tonn papirmasse i året. Stasjonsbygningen på Tonsåsen er sett i stand og nytta som bustad.



Figur 174. Foto: Saher, Wim / Norsk Jernbanemuseum



Figur 175. Tonsåsen. Foto: Ukjend / Valdresmusea

6. Etna stasjon i Sør-Aurdal

Frå Etna stasjon er det 11 km til Nordsinni stasjon og 16,9 km ned til Dokka. Den var eit knutepunkt for trafikken som gjekk til Sør-Etnedal, Leirskogen og Bagn. Bygningen ligg i Sør-Aurdal og er ein del av jernbanehistoria i Valdres. Han er derfor omtala her.



Figur 176. Etna stasjon skil seg frå annan byggeskikk i Valdres. Foto: Jan-Tore Egge

Eigaren har i seinare tid bygd ny plattform, skrapa heile tømmerbygningen både innvendig og utvendig og lagt nytt skifertak. Den eine pipa med omnar er sett i stand, slik at det no kan fyrast i bustaddelen, der stasjonsmeisteren budde tidlegare. Ute er det rydda rundt vegger, i skjenegang og i kjellar. Vaktarbustaden og utedoen er òg tekne vare på. Kontoret og venterommet med billettluke er dei einaste intakte romma i sitt slag på Valdresbanen.

Andre registreringar

Langs ruta er det lite som er aktivt fjerna, men mykje har falle saman eller står til nedfalls.



Figur 177. Falleferdige gjerde er farlege for vilt



Figur 178. Lager (t.v.) og kvilehus/dresinbu (t.h.) langs banevegen. Kvilehus vart bygd av arbeidarar som jobba på den gamle Valdresbanen. Dei fleste er rasa saman – eller held på å falle ned.



Figur 179. Vaktar/banearbeidarbustad med uthus på Granlund nedanfor Ton

Andre minne er baneskiilt som ikkje er fjerna sidan bana vart lagt ned. Vidare er sjølve sporet som ligg frå Bjørgo til Tonsåsen, eit kulturminne i seg sjølv.




Figur 180. Togliner og skilt finst framleis. Banesporet er i dårleg stand og ueigna til togtrafikk

På Fagernes står eit gammalt lokomotiv, og på Bjørgo står det framleis vogner på sporet.



Figur 181. Turvegen går til Bjørgo stasjon. Der står det framleis gods- og passasjervogner

Objekt til kart



Figur 182. Kartet syner Valdresbanevegen der skjenegangen er teken bort (svart), og banelina vidare (rosa) over Tonsåsen, og sporet som blir nytta til dresin (stipla lilla line).

Prioritet

Valdresbanen har 1. prioritet i Nord-Aurdal.

Grunngjeving for prioritering

Valdresbanen har lagt premissane for handel og reiseliv i Valdres og for utviklinga av Fagernes som tettstad. Fagernes vart etablert som tettstad for 150 år sidan, og då jernbana kom i 1906, skaut utviklinga fart. Samstundes var bana viktig for utnytting av heile Valdres for kvegdrift og for reiselivet.

Sjølv om sporet blir fjerna, er det naudsynt å kjenne historia dersom vi skal forstå korleis Valdres og Fagernes har utvikla seg. Valdresbanen har stor opplevings- og formidlingsverdi. Vidare har vegen frå Bjørgo til Tonsåsen eit uutnytta potensial i eit folkehelseperspektiv.



Figur 183. Frå opninga av turvegen frå Fagernes med kopling vidare til Valdresbanevegen

Forslag til forvaltning

Det er ulike eigarar langs vegen. På strekninga der sporet framleis ligg, er Bane NOR eigar og ansvarleg for vedlikehald av spor og bygningar. Der sporet er teke bort, er eigartilhøva uavklarte. Turvegen er tilrettelagt på dugnad. Nord-Aurdal kommune og Statens vegvesen er i dialog om eigarskapet.

Banesporet frå Bjørgo opp til Tonsåsen er i dårleg stand og ueigna til tog. Dersom sporet skal brukast til dresin, må det ryddast og skjener sjekkast. Slik sporet ligg der i dag, er traseen heller ikkje eigna som turstig. Samstundes er det viktig å formidle historia, og tilrettelegging for turveg vil sleppe folk tettare inn på historia. Det er også viktig at minna langs ruta blir tekne vare på, og at historia blir formidla.

Det er aktuelt å gjere sporet om til vandreveg. Det bør derfor greiast ut korleis dette kan gjerast, slik at mest mogleg av banekropp og fundament blir teke vare på.

Det har også vore fremma ynske om skogsbilveg. Det bør også greiast ut om det er mogleg å kombinere det med vandreveg, utan å øydelegge kulturhistoriske verdiar og traseen for vandreveg.

Interesse- og veneforeininga Nye Valdresbanen (stifta 1989) og driftsselskapet AS Valdresbanen (stifta 1991) er interessert i at sporet Bjørgo–Dokka ikkje skal rivast opp, og i fyrste omgang oppretthaldast som dresinbane. Dette er spelt inn til kommunale, regionale og sentrale styresmakter.


Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på historia og kunnskapen om banedrifta i Valdres. Traseen er godt eigna som tursti – dersom svillene blir fjerna. Om dei blir fjerna, bør det vere att nokre stubbar av sporet, slik at ein kan sjå korleis det har vore.

Bruk: Fram til og med 2015 var det mogleg å leige dresin mellom Dokka og Bjørgo, og sommarsesongen 2018 var det dresinutleige mellom Tonsåsen og Bjørgo. Dei to siste åra er det berre rydda vegetasjon på enkelte strekningar mellom Dokka og Bjørgo. Før ein på nytt kan bruke heile strekninga som dresinbane, må det ryddast vegetasjon og utførast tunnelreinsk i Høgbergertunnelen sør for Tonsåsen og i Håkenstadtunnelen sør for Etna.

Slik traseen ligg i dag, gjev svillene eit ujamnt underlag som også er dårleg eigna for turveg. Det er også eit ynske om universell utforming. Det er derfor forslag om å fjerne svillene og gruse vegen frå Bjørgo til Tonsåsen, eller gruse over svillene. Dette må i så fall greiast ut. Grus er meir aktuelt enn asfalt fordi det er eit mindre inngrep med lågare kostnadsnivå.

Det er sett opp tavler ved stasjonsbygningar stasjonsbygningane i Nord-Aurdal og ein tavle ved lokomotivet på Fagernes. Dersom det blir lagt til rette for vandring, bør det utarbeidast meir informasjon om kulturminna undervegs.



Hovudmål: Ta vare på historia, bygningane og kunnskapen knytt til baneverksemda i Valdres.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på kulturminna	Kartlegge minna Lage tiltaksplan	Restaurering etter plan	Bane NOR	Bane NOR Norsk kulturminnefond Sparebankstiftelsen Gjensidigestiftelsen
Ta vare på traseen	Omsynssone Utgreiing om grusing	Ta vare på fundamentet og bane Kropp	Uavklart	
Hindre skadar	Oversikt over falleferdige og skadelege installasjonar	Rydding	Bane NOR	Bane NOR Kommune
Ta vare på historia	Plan for skilt og informasjon	Tavler, DKS	Kommune Musea	Sparebankstiftelsen Gjensidigestiftelsen
Vandreveg Fagernes-Tonsåsen	Greie ut om tilrettelegging	Ta opp sviller, grusing	Bane NOR Kommune	Bane NOR Kommune

Oppfølgingsansvar

Eigarar, Bane NOR, Nord-Aurdal kommune


10 Faslefoss

Oppland fylkeskommune har i samarbeid med Valdres Natur- og Kulturpark og Nord-Aurdal kommune valt ut eit område ved Faslefoss som BARK-område (bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne). Dette er fordi det her er gravhaugar som truleg er frå bronsealderen (1800–500 f.Kr), og fordi området eignar seg godt for kulturstig.

Brukshistorikk

Utforminga og måten gravhaugane er plassert i terrenget langs Faslefoss, kan tyde på at dei er frå bronsealderen. Sjølv om det fanst bronse i Valdres på den tida, var dette eit kostbart materiale, og stein var framleis den vanlegaste reiskapen. Bronsealderen var ei tid då ein ny elite av svært dyktige handverkarar og spesialistar og eit heilt nytt og meir hierarkisk samfunnssystem vaks fram. Det var i denne tida dei fyrste eigentlege statane oppstod, og akt og posisjon var viktig. Markering av posisjon går fram i gravskikkane frå den tida. Gravrøysene skulle vere store og visast godt på strategiske punkt. Den gongen gjekk ein del ferdsle langs vassdrag, og derfor finn vi ofte bronsealderrøyser langs vatn.

I Valdres må det også ha vore nokon med posisjon på den tida, det vitnar det unike funnet på Svennes om. Der vart det funne 20–30 heilt nye spydspissar i bronse. Dei var lagt ned inntil ein stor stein ved garden Svennes. Spydspissane er av ein type som blir kalla Ullerslevs-typen, etter ein funnstad på Fyn i Danmark, og dei er datert til eldre bronsealder 1500–1300 f.Kr. Funnet på Svennes vitnar om at vi var ein del av ein større kultur – også den gongen.




Figur 184. Spydspissar frå Svennes-funnet i Valdres i Oppland. Foto: Ove Holst/Kulturhistorisk museum, UiO/CC BY-NC-ND 3.0

Registreringar

Det ligg fleire gravrøyser på begge sider av Fasjeelva, fangstlokalitetar og ei kolgrop i området. Kolgropene er rekna for å vere frå vikingtid/mellomalder (600–1537 e.Kr). Kulturminna ved Fasjeelva vart fyrste gong registrert av Wenche Sloman i 1971. NIKU registrerte dei på nytt i 1991. I denne omgangen er det røysene på nordsida av elva som er lagt til rette med skilt og kulturstig. Røysene ligg langs ein fiskestig og er lett tilgjengelege frå Fv 51 og frå Nord-Aurdal læringscenter (tidlegare Leira skule). Det meste av stigen er brøytta om vinteren. Området er naturskjønt og mykje nytta som rekreasjonsområde. Det er også ein god fiskeplass, og grunneigarane har lagt opp til fleire benkar og bord i området. Langs elva finst også mange synlege spor etter tømmerfløytinga, som varte heilt opp til 50-åra.

Det er registrert fire gravrøyslokalitetar med til saman seks gravrøysar og ein fangstlokalitet innanfor skjøtselområdet. Dei seks gravrøysene er alle godt synlege i terrenget og ligg frå om lag 5 til 13 meter frå ein godt opparbeidd stig gjennom området. Fangstgropene ligg med om lag 100 meters avstand, den sørlegaste like ved grusvegen, og den nordlegaste på ei lita høgde lengst nord i området. Begge fangstgropene er markert i terrenget, men kan vere vanskelege å sjå.




Figur 185. Kart over minna i området. Frå skjøtselplan, Oppland fylkeskommune 2012

Langs elva er det også registrert helleristningar. Det har ikkje vore mogleg å tyde dei, og dateringa på dei er uviss.



Figur 186. Ristningane ligg langs elva. Foto: Katharina Sparstad

Objekt til kart



Figur 187. Kart over området med markering for parkering ved skulen. Kjelde: Oppland fylkeskommune 2012

Prioritet

Området ved bronsealderrøyser på nordsida av elva er gjeve 1. prioritet.

Grunngjeving for prioritering

Det er ikkje registrert mange bronsealderrøyser i Valdres, og røysene langs Faslefoss er såleis unike. Området er framleis intakt og godt eigna som tur- og rekreasjonsområde. Vidare er det eit BARK-område.

Forslag til forvaltning

Området er definert i kommuneplanen som omsynssone C 570_3 Leira, Faslefoss, område med stor friluftsverdi og viktige kulturmine. Grunngevinga er at det er eit større område med hovudsakleg gravminne. Det blir synt til at det blir arbeid med skjøtselplan og planar om tilrettelegging for publikum.

Det tilrettelagde området ligg på nordsida av Faslefoss/ Fasje-elve. Det er utarbeidd ein eigen skjøtselavtale for området mellom Oppland fylkeskommune, kommunen og VNK. Avtala gjeld i ti år frå 2012–2022. Avtala kan seiast opp med eitt års varsel. Fylkeskommunen har utarbeidd oversiktstavle og kulturminnetavler som er sett opp, og VNK og kommunen har rydda vegetasjon og søppel i fleire omgangar. Det er benkar og bord i området, men desse er i dårleg forfatning. Elva er regulert og har lite liten vassføring store delar av året.

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på kulturminna i området. God informasjon kan gi auka interesse for å halde området ved like og kulturminna opne og tilgjengelege.


Bruk:

Det er mange stigar i området, som er mykje brukt som rekreasjonsområde. På den andre sida av Fløafjordvegen, utanfor området, er det også veg- og løypeanlegg for terrengsykkel, minigolf og Frisbee. Inne i område med kulturminne er opparbeidd ein enkel grusveg frå Fløafjordvegen og opp langs delar av elva, med stig vidare opp til demningen og brua på Golsvegen. Leira barneskule, som låg like nord for området, er nedlagt, og Nord-Aurdal læringscenter held til i lokala. Frå skulebygningen er det om lag 50–60 m ned til røys 1. Området skal nyttast som kulturstig med gode

informasjonstavler ved aktuelle minne. Det er benker og bord i området, men dei er i dårleg forfatning. Parkeringa er lagt opp ved Nord-Aurdal læringscenter, og herifrå er det tilvisingsskilt. Det bør også skiltast til Storhallen, Leira stasjon og Faslebrue. Hovuddelen av stigen er brøyta vinterstid.



Figur 188. Stig med kulturminne. Kjelde: Oppland fylkeskommune 2012



Figur 189. Skjepselsområda i skravur. Kjelde: Oppland fylkeskommune 2012

Hovudmål: Halde i stand og gje nytt liv til området og historie og bruk frå bronsealder til i dag

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Auke aktiviteten i området	Plan for bruk og tilrettelegging	Legge til rette for kulturstig	Fylkeskommune VNK Kommunen	Fylkeskommune VNK Kommunen
Gjere historia tilgjengeleg	Utarbeide informasjon	Utarbeide og sette opp tavler i skiltplan som ikkje er produsert	Fylkeskommune	Fylkeskommune
Gjere området tilgjengeleg	Årleg tilsyn	Rydde vegetasjon	VNK Kommunen	VNK Kommunen
Halde området i stand	Årleg tilsyn	Rydde om naudsynt	VNK Kommunen	VNK Kommunen
Auke rekreasjonsverdien	Bruke naturlege stopp-punkt som rasteplass	Sette opp nye bord og benkar	Kommunen Fiskeforeininga	Kommunen Fiskeforeininga

Skilt- og skjøtselplan er utarbeidd, og skilt er sett opp. Dette gjeld skilt om elva slik ho vart brukt til fløyting, kraftutbygging og fiske, og eit eige skilt om fiske.



Figur 190. Tavle ved fangstgropa. Foto: Ina Syversen

Oppfølgingsansvar

Oppland fylkeskommune, Nord-Aurdal kommune og VNK

11 Listeførte kyrkjer

Nord-Aurdal har tre listeførte kyrkjer og ei freda kyrkje. I tillegg har kommunen tre nyare kyrkjer og ei freda kyrkje frå mellomalderen. Dette kapittelet gjeld dei tre listeførte kyrkjene.

Riksantikvaren arbeider målretta og aktivt med kyrkjer. På heimesidene til Riksantikvaren står mellom anna dette om kyrkjer: «I Norge står kirkene i en særstilling som kulturminner, og utgjør en sentral del av den norske kulturarven. De forteller om opptil 1000 års kulturhistorie og viser det ypperste nasjonen har produsert innen arkitektur, kunst og håndverk. Kirkebygget har mange steder vært det eneste eller det mest markante offentlige bygget i lokalsamfunnet, i bygd og by. Helt til ut på 1800-tallet var kirkene det viktigste møtestedet. [...] Kirkene er viktige kulturminner, i tillegg til å være menighetskirker, samlingssteder for livets høytider og kulturarenaer.»

I Temaplan for kulturminne er dei listeførte og den freda kyrkja med, men alle kyrkjene er synt i tekst for å få eit heilskapleg bilete. Kva som ligg i freda og listeført kyrkje, og kva for kyrkjer det gjeld, er forklart her:

Freda kyrkjer

Alle kyrkjer som er oppført før 1650, er freda. I tillegg er kyrkjegardar og gravminne som er eldre enn frå 1537, og samiske gravleggingar og gravminne frå 1917 eller tidlegare også freda. For tiltak ut over enkelt vedlikehald skal Riksantikvaren godkjenne alle forslag til endringar i eller ved kyrkja. I Nord-Aurdal gjeld dette Ulnes kyrkje og den gamle kyrkjegarden.

- Innvigd ca. 1265: Ulnes kyrkje i Ulnes sokn (kvitkalka steinkyrkje)

Listeførte kyrkjer

Alle kyrkjer som er oppført mellom 1650 og 1850, er listeførte, det vil seie eit vern som er mindre strengt enn freding. Det inneber at tiltak ut over enkelt vedlikehald krev løyve frå biskopen basert på råd frå Riksantikvaren. I Nord-Aurdal gjeld dette Strand kirke, Aurdal kirke og Skrautvål kyrkje.

Riksantikvaren kan frede kyrkjer som er oppført etter 1650, men det er ikkje gjort for kyrkjer i Nord-Aurdal.

- Innvigd i 1735: Strand kirke i Svenes sokn (kvit trekyrkje)
- Innvigd i 1737: Aurdal kirke i Aurdal sokn (kvit trekyrkje)
- Innvigd i 1785: Skrautvål kyrkje i Skrautvål sokn (kvit trekyrkje)

Kyrkjer utan formelt vern

I Nord-Aurdal er det seks soknekyrkjer i tillegg til Aurdal fjellkirke, som er eigd og driven av ei stifting:

- Innvigd i 1957: Tisleidalen kirke i Tisleidalen sokn (brun trekyrkje)
- Innvigd i 1972: Tingnes kirke (brun trekyrkje)
- Innvigd i 1966: Aurdal fjellkirke (brun trekyrkje)

I fleire kyrkjer i Noreg er det maskinell klokkeringing. Men i Valdres er framleis tradisjonen med manuell klokkeringing sterk. Dette er ein del av det kyrkjemusikalske uttrykket, og vidareføring av denne tradisjonen er viktig for mange i Valdres-bygdene.

Kommunen har årleg dialog med Nord-Aurdal kirkelige fellesråd om ressursbehov komande år for dei seks soknekyrkjene som blir forvalta av Nord-Aurdal kirkelige fellesråd, med finansiering frå Nord-Aurdal kommune.

Dei listeførte kyrkjene

STRAND KIRKE

Strand kirke er den fyrste kyrkja ein møter etter Fagernes når ein reiser i retning Vestre Slidre. Kyrkja er ei lafta krosskyrkje som i dag har kring 230 sitteplassar.



Figur 191. Kyrkja fungerer som eit signalbygg i landskapet.

Brukshistorikk

Strand var annekssokn under Aurdal etter reformasjonen. Den fyrste kyrkja vart bygd på Svenes, truleg sist på 1200-talet. Dette var truleg ei stavkyrkje. Ho brann på 1500-talet, og det kan sjå ut som at det då vart sett opp ei ny kyrkje litt lenger opp frå fjorden. Denne kyrkja skal ifølgje rekneskapen vere frå 1600-talet. Ho var i dårleg stand, og ei ny, tømra krosskyrkje vart sett opp på Svenes ein gong mellom 1702 og 1735. Etter kvart viste det seg at kyrkja låg ulagleg til heilt i utkanten av kyrkjesoknet, og kyrkja vart flytta til Strønd i 1859–60. På den gamle kyrkjestaden står ein minnestein.

I samband med flyttinga gjekk kyrkja gjennom fleire endringar. Opphavleg hadde ho tårn over inngangen. Tårnet, som opphavleg stod i vestenden, vart plassert over krysset. Kyrkja fekk utvendig og innvendig panel, og vindauga vart utvida. Ansvarleg for utforminga etter flyttinga var John Stenersen. På sørsida har kyrkja ein dørring som er bevart frå ei eldre stavkyrkje.

Registreringar

Bygningen er ei tømra krosskyrkje med eit våpenhus i vest. Etter at ho vart oppsett på Strønd, vart kyrkja bygd om på 1930-talet. Då fekk ho kor i austre krossarm og sakristi i forlenginga.



Figur 192. Bilete frå 1920–30. Biletet er tatt før koret vart bygd i austre krossarm. Her ser vi også kyrkjegardsporten mot vest. Foto: Ukjend / RA

Kyrkjerommet har også gått gjennom fleire endringar. Dei største endringane skjedde i samband med at kyrkja vart flytta i 1859–60. Då fekk det tømra rommet panel, og ei stor midtsøyle vart reist under tårnet til støtte. Kyrkja fekk også eit nytt alter og nye benker. Det kan sjå ut til at noko av utstyret i Strand kirke er frå den gamle stavkyrkja, mellom anna ein dørring på sørsida av kyrkja.

Kyrkja fekk nytt alterbord i 1851, medan altertavla med krossfestingsmotiv vart laga av Olav K. Rudi i 1944. Ramma har gjennombroten akantusdekor. Preikestolen i renessansetil er frå 1702. Døypefatet er laga av Thomas Blix i 1725, og det finst alterkalkar frå 1700-talet. Opphavleg har ein engel bore skåla på hovudet, som i Gamle Aker kirke, men i dag er foten erstatta av ein nyare balusterforma fot. Den eine klokka vart støypt i 1894. Orgelet har 12 stemmer og vart laga ved Norsk orgel- og harmoniumfabrikk på 1960-talet. Preikestolen er ombygd med delar frå den gamle preikestolen. Kyrkja har 239 sitteplasser.

Kyrkjegarden

Kring kyrkja er ein kyrkjegard. Først var kyrkjegarden nokså liten og gjekk like rundt kyrkja på sørsida. Kyrkjegarden vart utvida på slutten av 1940-talet. Då vart det også sett opp ny kyrkjeport mot Riksvegen.

I 1985 fekk kyrkja eit bårhus. Fram til då hadde den gamle kyrkjeporten, frå den tida då hovudinngangen gjekk inn frå den sida, tent som bårhus. Det nye bårhuset har rom for bårhus/gravkapell, ei lita reiskapsbu, eit lite møterom og toalett. På portalsida er det steinmur, elles er det stakittgjerde kring kyrkjegarden. Den gamle kyrkjegardsporten står i kyrkjegardsutgangen mot vest. På 1950-talet var det bjørkeallé gjennom kyrkjegarden.



Figur 193. Kyrkjegarden går på begge sider av kyrkja. Foto: Bjørn Strand

På kyrkjegarden er det også minnesmerke over tre frå Svenes kyrkjesokn som fall under 2. verdskrig.

SKRAUTVÅL KYRKJE

Brukshistorikk

Den eldste kjende kyrkja i Skrautvål var ei stavkyrkje som låg om lag 300 m sør for dagens kyrkje. Dagens kyrkje er ei krossforma, bordkledd tømmerkyrkje. Ho vart vigsla i 1785, men vart ferdig og nytta ein del år føreåt. Kyrkja ligg høgt og fritt langs Skrautvålsvegen, orientert med en hovudakse som går frå nordvest til søraust. I nyare tid har kyrkja gått gjennom fleire mindre utbetringar. I 1907 vart det sett inn nye vindauge og todelt dør i nordre krossarm. Arbeidet vart utført av byggmeister Eriksen og Anders Jørstad. I 1953 vart veggane avluta innvendig og golvet i sakristiet måla. Kyrkja vart også restaurert i 1971–74. Den tidlegare dørøpninga til sakristiet vart tilbakeført, og ei pipe og omn i vestre krossarm vart fjerna. Samstundes vart golva måla på nytt. Framfor vestportalen er det eit våpenhus. Kyrkja har 200 sitteplassar.



Figur 194. Skrautvål kyrkje er ei tømra krosskyrkje med utvendig panel.

Registreringar

Kyrkja er bygd av Svein "kyrkjebyggjar" (Svein Tråset) frå Fåberg. Krossarmene har saltak, og over krossmidten er det ein takryttar. På austsida av koret er det bygd til eit sakristi. Noko material frå stavkyrkja på Åbol er nytta i kyrkja. Av utstyr derifrå er òg underdelen av døypefonten, dørlås og dørring, nattverdiskalk, lysestakar og ein kopi av ein runeplanke som dansken Ole Worm teikna av på 1600-talet. Innskrifta fortel at Elin Neridsdotter er gravlagd i kyrkja. Vi veit berre om to norske mellomalderkyrkjer der kvinner er gravlagde under golvet, og Elin må ha høyrte til den mektige stormannsslekta på Berge. Kyrkjeklokkene var opphavleg frå stavkyrkja, men vart omstøyppt på 1800-talet. "Kviteguten" frå Nord-Etnedal laga altertavla, og rosemålar Ole Hermundsson Berge måla altertavla og preikestolen. Ottar Sæther har skore lysekrona, og Sigurd Robøle har laga brurestolane (kjelde: kirken.no)



Figur 195. Til venstre: Kyrkja frå nedsida i 1975. Foto: Valdresmusea / Paul Andreas Røstad. Til høgre: Lysekrone av tre laga av Ottar Sæther . Foto: Valdresmusea / Ukjend



Figur 196. Skrautvål kyrkje i landskapet. Foto: Nils Neste / Valdresmusea

AURDAL KIRKE

Brukshistorikk

Aurdal kirke er ei tømra krosskyrkje frå 1737, bygd i barokkstil med utvendig panel. Byggmeister var Sven Tråset frå Fluberg. Gjennom sine snart 280 år har kyrkja gått gjennom mange og store endringar. Men etter ei større restaurering i samband med 250-årsjubileum i 1937 vart kyrkja i hovudtrekka tilbakeført slik ho såg ut då ho var ny. Då vart fargane på tømmerveggene fjerna og vindauga skifta. I 2015/2016 vart rotne og soppinfiserte stokkar i vegger skifta, og det vart lagt nytt golv. Portalen vart restaurert i 2009.



Figur 197. Aurdal kirke før 1880. Foto ukjend / Valdresmusea

Registreringar

Koret ligg i austre krossarm, og hovudinngangen er i vest. Over korsmidten er ein takryttar med spiss tårnhette. Ved austenden av koret er det bygd til eit sakristi. Interiøret har hatt fleire endringar, mellom anna vart det sett inn nye benkar i 1892–93, korskiljet vart fjerna og fargane endra. I dag heng delar av korskiljet med kongemonogram og flankerande løver over utgangsdøra i nordre tverrskip. Altertavla er laga i 1792 av Ola Kvit, eller "Kviteguten", som han vart kalla. I kyrkja heng eit måleri av oppstoda frå 1700-talet. På brystninga på vestgalleriet er det blomsterdekor og kongemonogram med årstal måla av Ola Hermundsson Berge i 1795 (frå kirkesok.no).

Både krusifikset og lysestakane på alteret kjem opphavleg frå den gamle stavkyrkja som stod på Sørei. Det same gjeld underdelen av døypefonten, som er sett saman av ein nyare kum i marmor på ein kraftig klebersteinsfot frå mellomalderen. Preikestolen med himling er opphavleg frå 1694, men omarbeidd i 1970-åra. Brudestolane i kyrkja er skorne av treskjerar Nils Leine.

Orgelet er opphavleg frå 1904 og var bygd av Peter Ingvald Berntsen. Det vart utvida i 1972. For ti år sidan utførte Henning Andersen og Espen Selbæk eit større arbeid med å utvide og oppdatere orgelet slik at det no har 23 stemmer. Det ombygde orgelet vart innvigd i desember 2011. Det må gjerast meir med orgelet for at det skal bli heilt i stand og vere sikra mot brann. Denne prosessen er allereie i gang. Riksantikvaren skriv hausten 2020 dette om orgelet: «Aurdal-orgelet med sin komplekse, men interessante sammensetning har åpenbar kulturhistorisk interesse, både rent orgelhistorisk og som del av dette kirkerommets historie.»

Kyrkja har fire kyrkjeklokker: ei er støypt i Nederland i 1752, ei er frå Olsen Nauen klokkestøyper i 1927, og to er støypt i Italia i 2017.



Figur 198. Aurdal kirke frå 1737 er listeført. Foto: Erna Jordet

Bårehuset ligg i gravkapellet (Aurdal kapell) på kyrkjegarden. Kyrkjesalen i gravkapellet er fulldekorert av Mons og Arne Breidvik. Ved kyrkja ligg eit meinighetshus. Dette eig stiftinga Aurdal menighetshus, og soknerådet er styre for stiftinga.



Figur 199. Aurdal kapell. Foto: Kirken i Nord-Aurdal

Sjå meir på: http://www.norgeskirker.no/wiki/Aurdal_kirke

Objekt til kart



Figur 200. Strand kirke, Aurdal kirke og Skrautvål kyrkje. Frå valdreskart.no

Grunngeving for prioritering

Kyrkjene er over 250 år og listeført. Dette gjev dei status som verneverdige. I kyrkja er det også ein god del inventar av historisk verdi. I tillegg fortel kyrkjene ei spesiell historie om korleis lokalsamfunnet rundt dei har endra seg.

Forslag til forvaltning

Nord-Aurdal kommune har ansvar for å følge opp alle offentlege kyrkjebygg i kommunen. Bygningar som er frå før 1650, er automatisk freda. Kyrkjer frå mellom 1650 og 1850 er listeført. Det vil seie at dei er vurdert som verneverdige av Riksantikvaren. Dei listeførte kyrkjene er derfor underlagt spesielle omsyn:

«Listeførte kirker skal behandles i henhold til det såkalte «kirkerundskrivet» fra Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet og Miljødepartementet. Saker som angår endringer i og ved listeførte kirker skal sendes til Riksantikvaren for uttalelse. Det vil si at Riksantikvaren skal gi faglige råd om endringer av og ved kirken og om istandsettings- og vedlikeholdstiltak, men det er biskopen som fatter endelig vedtak etter kirkeloven. Kirkelig fellesråd sender søknad via biskopen til Riksantikvaren. Nye tiltak i listeførte kirkers nærområder (innenfor 60-meterssonen i spredtbygde områder) skal behandles av fylkeskommunen. Ved varsel om oppstart av arealplaner, ved offentlig ettersyn og i byggesaker skal fylkeskommunen vurdere planens innvirkning på kirken og dens omgivelser med hensyn til kulturminneinteresser.» Frå riksantikvaren.no

Vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegarder har vore dårleg dei seinare åra. Unntak er opprustinga av Aurdal kirke der rotne og soppinfiserte stokkar i vegger og golv vart skifta.

Vern av gravplassar og gravminne

Det er eit eige regelverk for vern av gravplassar og gravminne. Det kan vere heile gravfelt, graver eller gravminne. Det er også høve til å verne eit gravminne og så flytte det til ein eigna stad. Dersom gravminne eldre enn 60 år blir vurdert å ikkje vere verneverdige, skal det i all hovudsak avklarast med fylkeskommunen før dei eventuelt blir fjerna. Det er ingen av kyrkjegardane i Nord-Aurdal som har eit eige område for verna gravminne i 2020. Det er eit mål å få retningslinjer for slikt vern på plass i Nord-Aurdal i dialog mellom kommunen, Valdresmusea og Kyrkjeleg fellesråd. På den måten kan ein både sikre vern etter lova, frigjere gravplass slik at behovet for å utvide kyrkjegardane blir utsett, og ein kan formidle ein del av bygda si historie til publikum.

I Nord-Aurdal er det Nord-Aurdal kirkelige fellesråd som har ansvar for både kyrkjene og gravplassane. Kommunen har finansieringsansvaret både etter kyrkjelova som gjeld frå 1996, og etter trussamfunnslova frå 01.01.2021, som erstattar kyrkjelova på dette feltet.

Spesielle omsyn:

Kyrkjene ligg godt synleg og har fungert som signalbygg i 250 år. Derfor er det viktig å ta omsyn til det i planar for området rundt kyrkjene. Dette er eldre kyrkjer, og dei krev derfor ekstra vedlikehald. Alle tre er kyrkjelydskyrkjer. Det er såleis viktig at dei er i aktiv bruk som kyrkje med kyrkjegard.

Bruk: Kyrkjelydskyrkje

Hovudmål: Det viktigaste er å ta vare på kyrkjebygga og kyrkjegardane og å bruke kyrkjene.

Tiltak (frå langtidsbudsjett for alle kyrkjene)

Det har i lengre tid vore lite vedlikehald av kyrkjebygg og gravplassar i Nord-Aurdal. For alle sokn har det no kome til eit punkt der det må gjerast betydeleg arbeid på kyrkjegarden. For fire av kyrkjene må det også til eit større renoveringsarbeid for å redusere risikoen for personskadar, ytterlegare forfall som krev endå større økonomiske investeringar, uverdig handsaming av graver og uopprettelege tap av kulturminne.

I langtidsbudsjettet for kyrkjer og kyrkjegardar har Kyrkjeleg fellesråd i dialog med kommuneadministrasjonen lagt fram eit forslag til framdrift for å sette kyrkjer og kyrkjegardar i rimeleg stand i løpet av dei nærmaste åra, slik at det deretter er mogleg å etablere ein vedlikehaldsplan for ordinær drift. Det er lagt opp til følgjande tiltak for å setje i stand kyrkjebygg og gravplassar, under føresetnad av løyvingar frå kommunen:

- Tisleidalen kirke
 - 2020/2021: skifte dører til sakristi og renovere øydelagt tak
- Skrautvål kyrkjegard:
 - 2020: greie ut utbetningsbehov/forprosjektere
 - 2021: hente inn anbod og utføre arbeidet
 - 2021: måle opp og digitalisere kyrkjegarden
- Ulnes kyrkje:
 - 2021: renovere trapp til prestesakristi
- Tisleidalen kirkegård
 - 2021: måle opp og digitalisere kyrkjegarden
 - 2021: greie ut utbetningsbehov/forprosjektere
 - 2022: hente inn anbod og utføre arbeidet
- Tingnes kirke og kirkegård
 - 2021: greie ut utbetningsbehov/forprosjektere
 - 2022: hente inn anbod og utføre arbeidet
 - 2022: måle opp og digitalisere kyrkjegarden
- Ulnes kyrkje og kyrkjegard
 - 2022: måle opp og digitalisere kyrkjegarden
 - 2022: greie ut utbetningsbehov/forprosjektere
 - 2023: hente inn anbod og utføre arbeidet
- Aurdal kirkegård
 - 2022: greie ut utbetningsbehov/forprosjektere
 - 2023: hente inn anbod og utføre arbeidet
 - 2023: måle opp og digitalisere kyrkjegarden
- Strand kirke og kirkegård inkludert parkeringsplass
 - 2024: måle opp og digitalisere kyrkjegarden
 - 2024: greie ut utbetningsbehov/forprosjektere
 - 2025: hente inn anbod og utføre arbeidet

Tiltaka er sett opp i prioritet etter ei risikovurdering av både kyrkjebygga og gravplassforvaltninga, der gravplassforvaltning har høgast risiko for lovbrøt. Når det gjeld kyrkjebygga, er risikoen for at manglande vedlikehald skal gjere store skadar, størst for Tisleidalen kirke, Strand kirke og Ulnes kyrkje. For Tisleidalen kirke er arbeidet med eit større reparasjonsarbeid på taket starta i 2020 og blir ferdig fyrste halvår 2021. Strand og Ulnes blir omtala grundig ovanfor. Tingnes kirke er 50 år i 2022, og jubileet er ein grunn til å prioritere nødvendig større vedlikehald på Tingnes kirke før Strand og Ulnes. Det er eit mål at ein i løpet av det nærmaste tiåret får sett i stand att kyrkjebygg og gravplassar på eit nivå som sikrar lågare drifts- og vedlikehaldskostnader på sikt. Samstundes må gravplassar og kyrkjebygg bli gode å bruke og sikrast som kulturminne i kommunen.

Oppfølgingsansvar

Nord-Aurdal kirkelige fellesråd, Nord-Aurdal kommune, Riksantikvaren, sokneråd

Kjelder og vidare lesing:

- Jahn Børe Jahnsen (1985). *Kyrkja ved fjorden. Svenes kyrkje på Strand*. Fagernes: Svenes sokneråd.
- <https://kirkesok.no/>
- <http://www.norgeskirker.no/>
- Alf Henry Rasmussen (1993). *Våre kirker. Norsk kirkeleksikon*. Aalborg: Vanebo Forlag, s. 572
- Svenes sokneråd (1960). *Kyrkja vår 1860–1960*. Fagernes: Svenes sokneråd.

12 Varslingsvardane på Ryeberget og Vardeberget

Ein varslingsvarde, eller vete, er ein brannvarde som vart nytta som varsel ved angrep. Til varslingsvardane var det vanlegvis ei bu. Denne er borte dei fleste stader. Sjølve veten på Langeberget er borte, men det er sett opp stokkar på staden. I Valdres veit vi om seks stader der det var varslingsvarde, men truleg var det eit par til som måtte til for at elden skulle vere synleg heile veggen.

Brukshistorikk

I Noreg knyter historikarane den fyrste bruken av vetar til Håkon den gode si kongsmakt rundt 950 e.Kr. Vetane kan likevel ha vore i bruk allereie i eldre bronsealder. Når ein vete vart tent, var det eit signal om angrep utanfrå, og meldinga vart sendt vidare til neste vete. Det tok eldvarselet sju netter å gå frå sør til nord i Noreg. Angrep kom oftast frå kystsida, og kvart kystdistrikt var inndelt i skipreider som skulle stille skip, mannskap og proviant. Vetane var i bruk gjennom mellomalderen og etter reformasjonen fram til 1814. Ut ifrå vetepunkt, stadnamn og tradisjon veit vi om om lag 770 vetar.

Til Valdres kom varselet om krig og ufred frå vete til vete over Hadeland, Toten og gjennom Landbygdene. Siste veten i Land var Vealøysa ved garden Stuve. Herifrå gjekk varselet til Langeberget i Reinli i Valdres. Derifrå gjekk elden til Vardeberget i Aurdal og Ryeberget i Svennes kyrkjesokn til Olberg, der varselet delte seg til Kvithøvd i Øystre Slidre og Hugakøllen i Vang. Neste spor etter varslingsvarde er på Støgonøset, men det var truleg fleire varslingsvardar mot vest fordi sikta frå Hugakøllen til Støgonøset er for lang til at ein kan sjå bålet (sjå meir i *Sagn og soger i Søndre Ourdahl*, 1984, s. 56.)



Figur 201. Ryeberget til venstre og Vardeberget til høgre. Foto: Katharina Sparstad

Registreringar


Det er registrert to varslingsvardar i Nord-Aurdal, på Ryeberget og på Vardeberget i Aurdal. Varslingsvardane som står i dag, er restaurert i seinare tid. Skildringar frå 1700-talet gjer det mogleg å rekonstruere vetane. Vetan var bygd opp rundt ein stokk på om lag 10 m med tørre stokkar. Rundt desse vart det lagt opptenningsmateriale, og ytst var det eitt eller fleire lag med reiste stokkar. Vetan hadde somme tider ein steinring til fundament.

På Ryeberget vart varslingsvarden sett opp att i 1987. Han er plassert der han står ut ifrå slik ein trur siktlinene må ha vore. Der den står no er det fri sikt til Olberg i Vestre Slidre, og om ein tok bort granskogen mot sør, ville det vore fri sikt til Vardeberget i Aurdal. Like ovanfor varden på Ryeberget heiter det også *Vardeberget*, men her er det ikkje sikt til dei neste vardane på Oldberg eller Vardeberget i Aurdal.

Ved varslingsvarden var det også ei vaktbu. Det er ikkje registrert tuft etter vaktbu ved Ryeberget eller Olberg.

Objekt til kart

På karta nedanfor er det vist kvar varslingsvardane er i høve til kvarandre. På s. 29 er det vist korleis alle vardane i Valdres står i høve til kvarandre.



Figur 202. Plassering av varslingsvardane på Ryeberget til venstre og Vardeberget i Aurdal (Valaberget) til høgre

Kring varslingsvardane er det ofte andre kulturminne. Ved Ryeberget er det registrert fleire heimstøler. På veg opp til Vardeberget i Aurdal er det registrert krigsminne, mellom anna ei mitraljøsestilling. Lenger oppe er det registrert fleire slåtteteigar.

Prioritet

Varslingsvardane i Valdres er gjevne prioritet 1.

Grunngjeving for prioritering

Varslingsvarden er ein viktig historisk stad, og det er brukt ressursar på å legge til rette og formidle historia kring Langeberget. Langeberget er elles eit viktig turmål.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på lokaliseringa og historia knytt til varslingsvardane. Vidare er det viktig å halde historia levande ved å vise korleis varslingsvardane stod, gje god informasjon og legge til rette for kultursting til vardane.

Bruk: Langebergvarden er eit attraktivt turmål, og historielaget, Visit Valdres og Valdres Natur- og Kulturpark har sett ut ei kasse med stempel og turbok til å skrive seg inn i ved varden. Visit Valdres fører statistikk for besøk, medan historielaga har teke på seg å samle inn og legge ut bøkene. Valdres Natur- og Kulturpark har også produsert skilt, turtavle og tavle om historia for Valdres Historielag. Vidare er det utarbeidd eit eige vardehefte der ein kan lese om vardane og stemple for dei seks vardane.



VANDRING TIL RYEBERGET

Vardevandring i Valdres

Legg turen til de 6 gamle varslingsvarden i Valdres. Kombiner tur, flott utsikt, trim og historiske opplevelser. Stiene er skiltet, og vardepunktet er oppgitt med GPS-koordinat (UTM32V 506291 6759280). Du kan også laste ned rute som gpx-fil fra www.turapp.no/valdres.

Turen til Ryeberget

Den 550 m lange turen til ned til varden tar ca 15-20 minutter og går gjennom i hovedsak i lett skogsterrang. Den siste strekningen er imidlertid noe bratt. Selve varslingsvarden ligger på 790 moh.

Diplom

Stemplingskort kan hentes på turistkontorene på Fagernes, Beitostølen eller Filefjell. Når du har stemplet ved hver av de seks vardepunktene, kan det leveres tilbake for å få et gratis vardevaktiplom i middelalder-stil. Turbøker med beskrivelser og kart kan kjøpes på turistkontorene.

Litt historikk

Håkon den Gode fikk bygget de første varslingsvarden i Norge rundt år 950. Tjuevarden ble brukt som et varslingsystem ved angrep gjennom hele middelalderen (1060-1537). Når Olberg-varden ble tent kunne det ses ved neste varde lenger nede i dalen, der neste varde ble tent. Ved Olberg er også satt opp ei vaktbu.

Varslingsvardenes benevnes vanligvis som weter, men i Valdres har man "altid" kalt dem for vorder. På turtavlene har vi valgt å bruke den lokale benevningen.

God tur!

www.visitvaldres.com/en
www.turapp.no/valdres/water

Beacon-hikes in Valdres

Visit the 6 old fire-beacons in Valdres. Combine a day out with spectacular views, exercise and historical experiences. Trails are waymarked, and beacon-site GPS coordinates are available (UTM32V 506291 6759280). The route can also be downloaded as a gpx-file from www.turapp.no/valdres.

Hike to Ryeberget

The 550 m hike goes downhill to the fire-beacon is mainly through easy forest terrain, but the last part down to the fire-beacon is more steep. Following the path is therefore recommend. The fire-beacon is located at 790 m a.s.l.

Diploma


Get your card marked at each of the 6 beacon-sites, hand it in to the tourist office at Fagernes, Beitostølen or Filefjell and receive a free medieval-style diploma. Guide books with route descriptions and maps are available for purchase at the tourist offices.

Some history


The fire-beacons served as an attack warning system in medieval times. In Norway, they were first introduced by Håkon the Good around AD 950. When the Ryeberget beacon was lit, it was visible from a location further down the valley where subsequently the next beacon was lit.

Enjoy your walk!

www.visitvaldres.com/hiking
www.turapp.no/valdres/water



Figur 203. Historielaget i Valdres har sett opp turtavler til varslingsvardane



Figur 204. Ved varslingsvardane er det sett opp informasjon om varslingsystemet og varslingsvardane i Valdres

Hovudmål: Halde i stand og ta vare på historia og turopplevinga til vardane

Aktuelle tiltak


Mål	Strategi	Tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på veten	Gode rutinar for vedlikehald	Restaurering og vedlikehald av vete	Historielaget	Kommunen (SMIL)
Ta vare på stien, skilt og tavler	Vedlikehald, ansvarsfordeling	Årleg ettersyn/ rapportering	Historielaget	Kommunen (SMIL)
God utsikt frå varden	Hogst/rydding	Organisere ryddedugnad	Kommunen/ grunneigar	Kommunen
Lett tilgjenge	Oppdatere Outtt forvaltningsportal	Skifte/oppdatere om naudsynt	VNK	VNK
Fleire besøk	Gjere turen til veten attraktiv / marknadsføring	Opptrykk og oppfølging av vardeheftet/stempel	Historielaget	VV/VNK
Motivering	Telje publikum	Turbok/statistikk	Historielaget	VV/historielaget

Oppfølgingsansvar

Nord-Aurdal kommune, grunneigar, historielaget, Visit Valdres og Valdres Natur- og Kulturpark

13 Tapptjedndalen og Skreolægeret

Under andre verdenskrig hadde motstandsørsla fleire tilhaldsstader i Valdres. Tre av desse, Svarthamar, Tapptjedndalen og Skreolægeret, ligg i Skrautvål sameige aust for Røssjøen i Nord-Aurdal. I Tapptjedndalen og på Skreolægeret utspann det seg svært dramatiske hendingar. Området ligg eit par timars gang frå bilveg frå stølslaget Svarthamar eller Susstølen. Kartet nedanfor viser skjulestadene til motstandsørsla i Valdres under andre verdenskrig (kjelde: Ingeborg Solbrekken).



Figur 205. Skjulestader for motstandsørsla er vist som raude prikkar. Kjelde: Ingeborg Solbrekken

Brukshistorikk

Skreolægeret

Inst i Skrautvål sameige finst det mange stader med ordet læger som siste ledd i namnet. Dette fortel om ein tradisjon som truleg kom i gang så tidleg som rundt 1600–1700-talet. Området vart brukt som beiteområde, og gjetarane budde i læger. Frå ein kontrakt i 1806 kan vi sjå at gardbrukarar i Skrautvål skaffa seg inntekter ved å utnytte fjellhamna til utleige. Her blir Tronhuslægeret, Tukthuslægeret, Hunnslægeret, Skreolægeret, Smørhamar og to Fullsennlæger nemnt.

Drapet i 1908

Knut Prestrud, som dreiv stort med krøter, hadde Skreolægeret som base. Der kunne han etter avtala ha tolv hestar, 50 kyr og 60 småfe gåande i hamna. Han tok for seg av goda i fjellet og fekk oppnamnet Fjellkongen. Knut forsvann våren 1908 og vart seinare funnen skoten og senka i ei myr. Jacob Smiugarden, som var fekar på Hunnslægeret, vart dømt for drapet. Han hevda si uskuld heilt til det siste.

Krigen

Ei mørk natt i 1943 fekk lærar Johan Skrindsrud uventa besøk. Ved døra stod Peder Furubotn, leiar for det kommunistiske partiet. Han var på jakt etter ein plass der partisanane hans kunne trene til oppgjeret som var venta. Han fekk leige hytta som ligg litt sør for trøa på Skreolægeret. På sjølve Skreolægeret budde då Kari og Per Hermundstad og sonen Knut Hermundstad og kona Helga.

Det vart eit aktivt samarbeid med folk på både sider av kommunegrensa Nord-Aurdal/Etnedal. Dei skaffa forsyningar til partisanane. Dette vart oppdaga av den tyske etterretningstenesta, og den vesle styrken i Skreolægeret vart eit av måla for den store aksjonen **Almenrausch**. Ungguten Asle Grepp

vart teken til fange og seinare avretta på Akershus. I cella skreiv han eit rørende avskilbrev til mor si, og dette er attgjeve på ei minneplate i Skreolægeret.

Tapptjedndalen

Fedrift

Frå urgamal tid har Tapptjedndalen vore kjent for veidefolk, fiskarar, driftekarar og andre fjellfolk i Valdres, Gausdal, Torpa og vidare ikring. Den tida det var villrein i desse strøka, var det særst lagleg å få has på flokkane her, når dei drog frå det eine mosefjellet til det andre. Her kunne jegerane òg ligge på post medan hjelparar skremde reinen dit frå nord eller sør, aust eller vest, etter som korleis vinddraget var.

Godt bjørnelende var det i alle leier, og om vintrane svært lagleg for snarefangst av ryster og anna småvilt. I Tapptjednbekken, Gobekk, Nevabekk og Sekkebekk, som alle renn ned i dei fiskerike Reinsjøadn, var det lett og lagleg å fange fjellaure. Om hausten tok dei storaure i elve- og bekkeosane, og om vinteren kombinerte dei isfiske med snarefangst. Enno kan ein, straks ein kjem borti bjørkeskogen på veg mot Reinsjøadn, sjå restar av ei steinbu som nok har vore i bruk i hundrevis av år.

Dei siste to–tre hundre åra har det stått tømra fe- og veidemansbuer både i Tapptjedndalen og Skruvedalen på Valdres-sida og ved Skjellbreidsvatnet på Gausdals-sida. Her heldt fe- og hestegjetarar til om sumaren, og skyttarar, fiskarar og veidarar haust og vinter. Her kunne òg krøterleitarar og folk som skulle ferdast over fjellet, ta inn og overnatte. Ofte var arbeidsfolk på tur frå det eine dalføret til det andre på jakt etter jobb, og det kunne vere handelsfolk eller driftekarar som fann gode kvileplassar på dei vekeslange vandringane sine.

Grensepost

Tapptjedndalen var ein viktig grensepost mot Gausdal, og gjennom tidene har det nok vore mang ein strid mellom valdrisar og dølar om grenselina og om jakt- og fiskerett. Men det har òg vore venskap og godt samarbeid mellom gjetarar av fe og hest og andre som vanka i fjellet.

Kring 1906 vart det sett eld både på Skruvedalsbue og Tapptjedndalsbue. Tapptjednbue brann heilt ned, men i Skruvedalsbue hadde elden slokna av seg sjølv utan å gjere større skade. No vart bua flytta åt Tapptjedndalen, for det var helst der gjetarane heldt til. Og slik stod ho og vart halden i god stand til midt i juni 1944, då Terboven sette i gang ein stor militærrazzia i austfjella i Valdres.

Krigen

Midt i juni kom «Aksjon Almenrausch». Frå Fagernes, Etnedal, Torpa og Lillehammer kom tyske SS-folk med norsk hird til hjelp for å finkjemme heile området og «få tak i bandittar», som dei sa. Det vart ein razzia dalen vår aldri har opplevd maken til. Mannskapa hadde ståande ordre om å fare hardt fram, og alle dei kom over i fjelltraktene, skulle arresterast. Stølslaget Rabalen i Øystre Slidre vart nedbrent.

Tapptjedndalen 14. juni 1944: Fem unge motstandsmenn var i ferd med å bryte opp frå den vesle plankebua der; dei skulle finne seg eit tryggare kvarter lenger inni fjellet. Ute var det sludd og skodde, og vaktposten var for ei lita stund trekt inn. Og så hende det, slik forfattaren Jul Haganæs har skildra det i boka *Om det koster deg livet*:

Plutselig blir døra sparket inn, og tre tyskere med maskinpistoler står i døråpningen. Det lyder skarpe rop om at karene i bua skal overgi seg og komme ut, og et øyeblikk ser situasjonen ut til å være

håpløs for nordmennene. Hytta er så liten at tyskerne har de fem der inne ganske konsentrert foran seg.

Men ein av dei norske, Odd Hodne, var lynsnar med å få fram pistolen, og han skaut og drap leiaren for den tyske avdelinga, og skadeskaut ein av dei andre. Overraskingsmomentet vart dermed vendt i norsk favør. Ei skotveksling fylgde, med mannefall på både sider. I forvirringa greidde tre av motstandsmennene å kome seg ut og bakom ein liten haug. Derfrå kunne dei sjå at tyskarane sette fyr på hytta med to av kameratane, Rolf Arebø og Kjell Skogly, inni.

Dei tre som kom seg ut, var Asbjørn Røed frå Gjøvik og valdrisane Odd Hodne og Norvald Thorshaug. Asbjørn hadde fått ei kule gjennom eine foten, og særleg for han skulle turen vidare bli ei nesten umenneskeleg påkjenning. Men det røynde hardt for alle å slite seg fram kilometer etter kilometer gjennom myr og vierkratt, på eit føre heilt i oppløysing. Tynnkledde var karane, og det var stadige tilførsler av snøblanda regn. Den elendige sikten var når alt kom til alt likevel ein fordel. Då var ikkje karane så lette å bli vare for eventuelle forfylgjarar.

Omsider kom dei fram til stølslaget Helleset, og no vart eit stort hjelpeapparat sett i verk, alt i løynd. Den såra måtte få sitt stell, mat og anna laut skaffast, viktige beskjedar skulle formidlast til og frå, og dei tre måtte losast ut or området på nokolunde trygt vis.



Figur 206. Frå Tapptjedndalen

Det meste av teksten i dette kapitlet er gjeve av Asta Karin Kampen.

Om Komorg

Kommunistane utgjorde Komorg, ein parallell til Milorg. Dei hadde fleire tilhaldsstader, og det viktigaste hovudkvarteret var i Øystre Slidre. Dette vart raida i Operation Almenrausch den 13. juni 1944 av ein tysk styrke på minst 800 mann. Furubotn, Ørnulf Egge, Roald Halvorsen, Samuel Titlestad og andre leiarar kom seg unna, medan åtte personar vart tekne; ein av dei vart seinare avretta. Stølslaget på Buahaugen vart heilt nedbrent etter raidet.


Mellom 7000 og 10 000 nordmenn var med i rørsla, og om lag 20 prosent av desse var kommunistar, resten var idealistisk ungdom og patriotar som ønskte å delta i ein aktiv motstand mot okkupantane. Organisasjonen var den største etter Milorg. Han omfatta fleire apparat under ei sentral leiing som frå 1942 låg gøymt rundt om i Hallingdal og Valdres.

Kommunistane fekk liten heider for innsatsen sin i motstandsørsla i etterkrigsåra. Ikkje før 8. september 2002 kunne tolv av dei overlevande frå leiren i Skreolægeret samlast på Valdres Høyfjellshotell i Steinsetbygde for bli påskjønt.


Registreringar

Den opphavlege bua i Tapptjedndalen brann ned under trefninga. Ei ny, provisorisk gjetarbu vart sett opp på dugnad i 1946. I oktober 1958 vart bua som no står der, sett opp på dugnad. På Skreolægeret står bua enno. Til Tapptjedndalen går det merkt turstig.

Objekt til kart



Figur 207. Kartet syner Skreolægeret og Tapptjedndalen i høve til kvarandre



Figur 208. Bua ved Tapptjedndalen (til venstre) og Skreolægeret (til høgre)

Prioritet

Minna etter motstanden ved Skreolægeret og Tapptjedndalen er gjevne prioritet 2.

Grunngjeving for prioritering

Motstandsørsla i Valdres var viktig. Minna om hendingane fortel om deira kamp mot dei tyske okkupantane for det norske demokratiet. Dei er viktige for krigshistoria og historia i Nord-Aurdal og Valdres.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på og vidareformidle hendingane i 1944.

Bruk:

Staden er eigna som turmål og markeringar. På Tapptjedndalen er det halde minnemarkeringar og i 1946 då det vart avduka ei minneplate. Dette vart vidareført i 1965 og vart seinare ein årleg tradisjon. Ved Skreolægeret vart det inga markering før dei 12 overlevande vart invitert til markering den 8. september 2002 på Valdres Høyfjellshotell i Steinsetbygde. Dagen etter var det avduking av ei minneplate. 11. september 2003 var det på ny ein stor seremoni, no oppe på Skreolægerknatten. Då vart det avduka ein tusenårsvarde med ei steinhelle frå Rondane.



Eigar av Skreolægeret i dag er Hans Magne Lunde. Han bur i Etnedal

Figur 209. Det er tilrettelagt DNT-turnett i området

Hovudmål: Halde liv i historia om hendingane

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på historia	Gjere historia kjend	Formidle historia i tavler, bøker og undervisning	Kommunen, skule, historielag	Kommunen Fylkeskommunen Sparebankstiftelsen Gjensidigestiftelsen

Oppfølgingsansvar

Nord-Aurdal kommune

14 Aabjøra Mølle



Figur 210. Til venstre på fotografiet ser ein brua over inntaksrøyret til vassturbinen. Foto: Ukjend

Brukshistorikk

Mølla

Interessentskapet Aabjøra fekk oppført Aabjøra Mølle i bindingsverk med skifertak i 1911. Dette er såleis, ifølgje eigaren, det eldste eksisterande industribygget i Nord-Aurdal kommune. Konsulent var ingeniøren Ole Løkken frå Bagn. Tomta er ei naturleg berghylle ved elva Åbjøra og låg den gongen sentralt til ved hovudvegen mellom Aurdal og Åbjør. Inntaksrøyret gjekk opp til dammen like nedanfor det som no blir kalla Åbjøra bru. Mølla var svært moderne, med tre kvernsteinar, grynstein, sikte, to platetørker som vart fyra med ved, og heis frå kjellar til loft. Etter at Kristian Brattebraaten kjøpte mølla i 1934, vart det installert reinsemaskin og beisemaskin for såkorn.

Mølla vart driven av vassturbin fram til 1952, då Åbjøra kraftverk var utbygd, og det vart montert lys og elektrisk motor, ein betydeleg kostnad for eigaren. Den største fordelen var at det då vart slutt på å hogge is og svell ved vassinntaket, eit slitsamt og farefullt arbeid.

Matberedskap og industrialisering

I 1928 kom lov om korntrygd. Då måtte møllaren rapportere til Statens Kornforretning om alt som vart levert til maling. Dette var eit incentiv for å auke matberedskapen. Dei aller fleste jordbrukarane hadde kornåker, og mølla var i drift heile året utanom juli månad. Størst var pågangen rett etter skuronna. Då kunne det vere stort behov for å få tørka kornet så det ikkje mugna og for ille.

På 1950-talet strekte kundekrinsen seg frå Håvrudbygde i nordvest til Bagn i søraust. Fram til då var hesten transportmiddelet, men no vart kornet også frakta med traktor eller lastebil. Det var stall på motsett side av elva med plass til fem hestar.

Den fyrste møllaren

Mikkel Brattebraaten var den fyrste møllaren. Han var ein allsidig kunstnar, utdanna gullsmed, bygde hardingfeler og var ein framifrå spelemann. Han hørde med i krinsen rundt Ulrik i Jensestogun. Ifølgje Knut Hermundstad var han den fyrste i Valdres som systematisk tok til å dyrke stølsvollar. I

1916 overtok sonen Kristian Brattebraaten. Han dreiv til han døydde i 1951. Svigeronen Arne Dølehuset kjøpte bruket. Under Åbjøra-utbygginga på 50-talet vart elva tørrlagt, og mølla måtte drivast med straum. Dette var dyrt, og kvernene gjekk for «halv maskin». I 1969 vart det vedteke at mølledrifta skulle sentraliserast, og mølleeigar Arne Dølehuset fekk erstatning av Statens Kornforretning for å legge ned drifta.

Redningsaksjon

I 2005 starta Aurdal Historielag ein redningsaksjon. Med raus dugnadsinnsats og godvilje frå mange av bygdefolket fekk bygningen nytt tak og nye glas, og roten konstruksjon vart erstatta. Noverande eigar, Reidun Borgny Dølehuset, fekk restaurert resten av bygningen med støtte frå Norsk kulturminnefond i 2017.


Registreringar

Bygd i reisverk i 2 ½ etasje. Mølla står på ein betongmur. Det er stor halling på staden, og den eine sida i første etasje mot bakkehallinga er også i betong. På nedsida er det ein tilsvarande høg betongmur.




Figur 211. Bygningen med grunnmur på oversida og nedsida. Foto: Valdres Laft og byggmester Ranum as, frå Sluttrapport 2019

Det meste av inventaret er stole, og det resterande er prega av hærverk. Til mølla er det registrert dam (Åbjøra bru), tre kvernsteinar, grynstein, sikte og to platetørker. I 1934 vart det installert reinsemaskin og beisemaskin for såkorn. I 1952 vart det installert elektrisk motor og montert lys. Kvilerommet hadde eigen målar av forbruket, for dette «hørte ikke med til møllens drift».





Figur 212. Inventar. Foto: Valdres Laft og byggmester Ranum as, frå Sluttrapport 2019



Figur 213. Pauserommet i 2. etasje. Foto: Valdres Laft og byggmester Ranum as, frå Sluttrapport 2019

Objekt til kart



Figur 214. Aabjører Mølle ligg i Åbjør på nordsida av Åbjørå

Prioritet

Mølla er gjeven 2. prioritet.

Grunngjeving for prioritering

I tillegg til at mølla representerer historia knytt til korndyrking i Valdres, er mølla er den eldste eksisterande og intakte industribygningen i Nord-Aurdal. Mølla tok i mot korn frå et stort område og såleis en viktig del av nyare tids historie i Nord-Aurdal. Vidare er bygget sett fint i stand ut frå ein fagleg ståstad, og det er nytta autentiske materialar og måling (linoljemåling). Bygget er svært representativt og godt eigna til framsyning og pedagogiske opplegg.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på og bruke den gamle mølla til formidling og i pedagogisk samanheng

Bruk: Mølla vart opna for besøk og omvising i 2017. Ho er romsleg og oversiktleg, og godt eigna til omvising. Vidare er det mogleg å male korn om ei av kvernene blir restaurert.

Hovudmål: Halde i stand mølla og få drift i ei av kvernene att.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Halde bygning og inventar i stand	Oppfølgingsplan	Følgje oppfølgingsplanen	Eigar	Eigar, Norsk kulturminnefond
Få i gang ei av kvernene	Tiltaksplan i samarbeid med Møllehistorisk forening	Søke midlar Gjennomføre tiltak etter plan	Eigar	Eigar Norsk kulturminnefond
Formidle historia i mølla	Utarbeide opplegg for skular og anna publikum	Marknadsføre opplegg på Facebook Knytte tilbod til DKS	Eigar	Møllehistorisk forening Norsk kulturråd

Oppfølgingsansvar

Eigar. Møllehistorisk forening, Aurdal historielag og Valdresmusea er aktuelle samarbeidspartar.

15 Aurdal hjelpefengsel

Aurdal hjelpefengsel er ein av dei få bygningane som er bygd av teglstein frå Valdres. Teglsteinen er produsert på Liaåsen av leire som vart brend på staden. Bygningen er nytta som gjestegard. I 2019 var det eigarskifte. Tomta er på 13,5 mål, medan bygningen omfattar 1276 kvadratmeter bruksareal, fordelt på to etasjar pluss kjellar og loft.



Figur 215. Foto: Per Melbye / Gjestvang & Partners.

Brukshistorikk

Allereie før 1860 bestemte staten at det skulle byggjast eit fengsel i Valdres. Eit av krava til byggjetomta var at bygningen måtte stå på fjell. Etter mykje leiting fann ein til slutt ei fin tomt ved Madsestogo. Hausten 1861 starta byggjearbeidet. Fengselet var ferdig i 1867.

Den fyrste vaktmeisteren, eller bustyraren, vart Andreas Frydenlund. Han hadde delteke i den nordamerikanske borgarkrigen frå 1861 til 1865. Der hadde han kjempa i general Grants styrkar og hadde også vore med i sluttkampane som gav nordstatane den endelege sigeren. Folk i bygda syntest det var naturleg at ein krigar av eit slikt kaliber fekk ein slik jobb; det kunne jo kome fangar av det farlege slaget. Han hadde jobben heilt fram til 1912. Då tok sonen Bertel over, og han fungerte til fengselet vart lagt ned i 1957.

Bygningen



Figur 216. Aurdal hjelpefengsel har hatt pussa fasade. Foto: Ukjend

Fengselsbygningen vart bygd i to etasjar i teglstein. Nedst var muren 1,10 meter, lenger oppe var veggene 0,5 meter tjukke. I kvar etasje var det åtte celler på 2 x 3,5 m. Framfor kvart vindauge var det eit solid jargitter, og celledøra var kledd med ei heil jernplate på innsida. I døra var det ein glugge der fangane fekk inn maten. Inne i cella var det ein brisk til å ligge på og ei bøtte til toalett. Cellene vart oppvarma med damp som gjekk i kanalar frå ein diger vasskjel i kjellaren. Varmen kunne regulerast med spjeld. Alt smedarbeid som låsar, nøklar, beslag og hengsler vart smidd av Madsestogo-smeden, Ole Tommasson Madsestuen.

Fangane

Rundt cellene låg ein luftegard med 4 meter høgt plankegjerd. Her hadde fangane rett til å vere i éin time pr. dag. I eit hjelpefengsel skulle ikkje fangane sitte lenger enn 60 dagar. Fengselet husa derfor fangar med mindre lovbrøt som tjuveri, heimebrenning og dyremishandling.

Lokal teglstein

Den store fengselsbygningen skulle byggjast i teglstein. Sidan bygningen skulle reisast i mur, ville vekta bli stor, og med tanke på det og på fluktforsøk laut han stå på fjell. Teglsteinen vart produsert ved Kjeringsputten på Liaåsen. Leira vart forma i små trekassar og teken ut og soltørka. Dei soltørka blokkene vart brent i ein stor gråsteinsomn som vart bygd på staden. Ferdig stein vart køyrt med hest og slede til byggeplassen på vinterstid. Under bygginga skal det ha gått opp til 20–30 hestar i skytteltrafikk mellom Liaåsen og Madsestogo. Murarsand vart frakta på menneskerygg frå eit sandtak ved Øvstevatnet.

Det trongst også kalk, og denne vart «produsert» ved ei gruve med kalkstein som låg mellom stølane Fuksebrekk og Skjenaløk. Gruva ligg nær vegen mellom Fagernes og Steinsetbygde i hallinga ned mot Steinsetfjorden.

Mannen som leia arbeidet, heitte Vilhelm Mattisen og skal ha vore frå Vardal eller Toten. Han hadde fem eller seks mann med på arbeidet. I tillegg hadde han teke med seg kona og seks born til Valdres.

Dagens bruk

Etter at Aurdal hjelpefengsel vart nedlagt, vart det gjort om til pensjonat og servering. Sidan nedlegginga av fengselsverksemda har det vore fire eigarar. Dagens eigar (Tuvmarken) overtok i 2019. Bygningen har gjennomgått store innvendige renoveringar. Mellom anna er det etablert bad inne i kvart rom, bygd to separate leilegheiter, og det er bygd til ein del i fyrste etasje i samband med serveringsdrifta.



Figur 217. Renoverte serveringslokale. Foto: Per Melbye/Gjestvang & Partners



Figur 218. Til venstre: Salong. Til høgre: Den gamle rettssalen blir nytta som selskapslokale. Foto: Per Melbye/Gjestvang & Partners

Drifta av gjestegarden er basert på servering av forbi-passerande, i tillegg til overnatting. På Valdres gjestegard er det tolv utleigerom med dusj og toalett. Vidare er det to utleige-leilegheiter. Den gamle rettssalen i 2. etasje blir nytta som selskapslokale og er ført tilbake til den opphavlege utsjånaden. Ein bar følgjer også med til selskapsformål. (Kjelde: Parr, Odd Steinar 2016.)


Kjellaren er innreidd til restaurant, med sittebåsar i dei gamle fangehola. Dette gjev assosiasjonar til fengselsverksemda.



Figur 219. Kjellaren er innreia som restaurant. Foto: Per Melbye/Gjestvang & Partners.


Registreringar

Mykje av den opphavlege bygningen er teken vare på. Ved sida av murbygningen står ein låve. Både låven og det gamle fengselet er SEFRAK-registrert. På vest- og nedsida går den gamle traseen til Valdresbanen, som no er gjort om til turveg, Valdresbanevegen.



Figur 220. Fengsel og låve er SEFRAK-registrert

Objekt til kart



Prioritet

Det gamle fengselet har fått prioritet 2.

Grunngeving for prioritering

Den gamle murbygningen er ein av dei få som er bygd av teglstein som er produsert i Valdres.

Forslag til forvaltning

Eigedomen er i god stand, med mellom anna moderne teknisk anlegg som gjev gode utviklingsmoglegheiter. Bygnaden ligg fint til langs E16 og har flott utsikt. På nedsida går gang- og sykkelvegen *Valdresbanevegen*.

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på bygningen og historia om han. Vidare er det viktig at huset er i bruk – og i hevd.

Bruk: Bygningen er stor med mange rom og er godt eigna for næringsverksemd av typen overnattings- og serveringsstad. I samband med det kan han vere ein ressurs og formidle historia på staden. Det er utarbeidd ei informasjonstavle på staden av VNK.

AURDAL HJELPEFENGSEL





Fyrste fengsel i Valdres
 Allereie før 1860 bestemte staten at det skulle byggjast eit fengsel i Valdres. Eit av krava til byggetomta var at bygningen måtte stå på fjell. Etter mykje leitning fann ein til slutt ei fin tomt ved Massestogo. Hausten 1861 starta byggjearbeidet. Den store fengselsbygningen skulle byggjast i teglstein. Teglsteinen vart produsert ved Kjerringputten på Liaåsen. Leira vart forma i små trekasser og tatt ut og soltørka. Dei soltørka blokkane vart brende i ein stor gråsteinsovn som vart bygd på staden.

Ferdig stein vart kjørt med hest og slede til byggeplassen på vinterstid. Under bygginga skal det ha gått opp til 20–30 hestar i skytteltrafikk mellom Liaåsen og Massestogo. Murarsand vart frakta på menneskerygg frå eit sandtak ved Øvrevatnet.

Bygningen
 Fengselsbygningen vart bygd i to etasjar. Nedst var muren 1,10 meter, lenger oppe var veggene 0,5 meter tjukke. I kvar etasje var det åtte celler på 2 x 3,5 m. Framfor kvart vindauge var det eit solid jerngitter, og celledøra var kledd med

ei heil jernplate på innsida. I døra var det ein glugge der fangane fekk inn maten. Inne i cella var det ein brisk til å ligge på og ei botte til toalett. Cellene vart oppvarma med damp som gjekk i kanalar frå ein diger vasskjel i kjellaren. Varmen kunne regulerast med speid.

Alt smedarbeid som låsar, nøklar, beslag og hengslar vart smidd av Massestogo-smeden, Ole Tommassen Massestuen.

Fangane
 Rundt cellene låg ein luftgard med 4 meter høgt plankergerde. Her hadde fangane rett til å vere i ein time pr. dag. Sidan det var hjelpesengsel, skulle fangane ikkje sitte lenger enn 60 dagar. Fengselet husa derfor fangar med mindre lovbrøt som tjuveri, heimebrenning og dyremishandling.

Tilsette
 Første vaktmeister/fangevaktar, Andreas Frydenlund, vart tilsett i 1867. Han vart avløyst etter 45 år av sonen Bertel og kona Tora. Dei var kjende for å stelle godt med fangane, – fram til verksemda vart avvikla i 1957.

Valdres Gjestegard
 • Kafé: kl 10.00–19.00 alle dagar
 • På bestilling: Selskap og lag av alle slag
Kjend for god mat!



Hovudmål: Halde i stand, bruke og formidle historia om bygget.

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Halde bygningen i stand	Plan for vedlikehald	Årleg oppfølging av plan	Eigar	Eigar Norsk kulturminnefond
Formidle historia	Plan for formidling	Formidle historia med tekst og bilete i aktuelle rom og areal	Eigar	Eigar Valdresmusea (bilete)
Auka verdiskaping / Besøkturisme	Auke attraksjonsverdien som gjestegard	Knyte historia til konseptutvikling	Eigar	Eigar Innovasjon Norge Kommune

Oppfølgingsansvar

Eigar

16 Solabu

Solabu er grendehus i Ulnes. Solabu ungdomslag eig og driv huset.



Figur 221. Solabu ved innkøyringa frå nord

Brukshistorikk

Bygningen Solabu er truleg den eldste offentlege bygningen i Valdres utanom kyrkjene. Historia til Solabu startar med at det var telthus (militært lager for mobiliseringshæren) i 1790-åra. Gjennom størstedelen av 1900-talet har huset fungert som forsamlingshus. Her vart det feira 17. mai, offentlege festar, juletefest, jolebukkmoro, revy og teater. Seinare har det også vore møtelokale og bingo. Seinast i 2020 vart bygningen brukt av den lokale teatergruppa.

I starten stod huset på Steinde kapteinsgard på vestsida av Ulnes, vest for Ulnesøye. I 1804 var det i svært dårleg stand, og bygningen vart teken ned og sett opp att eit par hundre meter nordvest for dagens tomt. Huset var plaga av mus og skal ha stått på manglekanta (10–12) stabbar.

Bygningen vart kjøpt i 1897–98 og sett opp att av skyttarlaget i 1898. Laftekassa vart seinare sett opp på ei ny tomt på gråsteinsmur nærmare sundet i 1906. Telthuset, dvs. laftekassa som vart sett opp, utgjør salen i dagens Solabu grendehus. Etter kvart vart huset for lite, og i 1932–33 vart det bygd på i begge endar. Mot nord (brua) vart det scene, og mot sør kaffisal og kjøkken. Inngangspartiet kom truleg også då. I andre etasje vart det innreia for husvære. Heile bygningen vart bordkledd med tårn i nyklassisistisk stil. Tårnet er laga av ordførar og stortingsmann Asbjørn Granheim.

På 1960–70- og 80-talet gjekk huset gjennom fleire vølingar. Fleire veggjar vart isolert, vindauge vart skifta, og det vart lagt inn toalett. Tiltaka har ikkje endra dei grunnleggjande strukturane i bygget.

Ulnes skule vart sett opp som nærmaste nabo til Solabu. Fyrst på 1990-talet vart skulen ombygd slik at han overtok funksjonen som grendehus. Solabu mangla parkeringsplassar, og bingoverksemda vart avvikla. Dette førte til at bygningen ikkje vart brukt, og vedlikehaldet stoppa.



Figur 222. I samband med ny Ulnes-bru i 2003 vart vegen forbi Solabu lagt om

I 2003 vart det bygd ei ny bru litt lenger sør enn den gamle, slik at vegen vart flytta. Dette gav nye moglegheiter for Solabu. Ei gruppe eldsjeler engasjerte seg aktivt i traséval. Solabu fekk god klaring til veg og ein romsleg parkeringsplass. Det vart sett ned ei eiga husnemnd som starta oppussing.



Figur 223. Ny parkeringsplass kom etter at vegen vart lagt om i 2003

I dag blir huset nytta aktivt til mellom anna teater, dans og kurs.



Figur 224. Frå førebuingar til stykket «Fest på samfunnshuset» i 2020. Foto: Avisa Valdres / Bjørn Karsrud

Registreringar

Innvendige konstruksjonar er forklart i brukshistorikken. Utvendig er bygningen kledd med ståande panel på gamal og ny del.



Figur 225. Den gamle kjernen ligg i mellompartiet. Utvendig fasade er lik over heile huset



Figur 226. Salen er den eldste delen av bygget



Figur 227. Salen sett frå scena



Figur 228. Veggane i salen har brystningspanel



Figur 229. Til venstre: Ein flott søyleovn står midt i salen. Til høgre: Vindauge frå den gamle laftekassa står att i veggen som no er inne i huset



Figur 230 Kjøkenet ligg i søndre del av bygningen




Figur 231. Andre etasje vart bygd som leilegheit 1932–33



Figur 232. Fasaden møt sørvest. Kjøkenet ligg lengst til høgre


Objekt til kart



Figur 233. Solabu ligg rett vest for brua. Frå valdreskart.no



Figur 234. Flyfoto med eigdomsgrenser. Frå norgebilder.no



Figur 235. Solabu med eigdomsgrense

Prioritet

Solabu grendehus er gjeve 2. prioritet.

Grunngjeving for prioritering

Solabu har fått 2. prioritet fordi det er den eldste offentlege bygningen i Nord-Aurdal. Laftekassa av det opphavlege bygget er intakt midt i bygget. Endringane i huset fortel si eiga historie og historia om utviklinga i lokalsamfunnet. Solabu ligg sentralt i Ulnes til glede og nytte for ungdomslaget og lokalbefolkninga.

Forslag til forvaltning

Bygningen er best ivareteken om han er aktivt i bruk. Samstundes treng huset rutinar for oppfølging av vedlikehald – inne og ute.

Spesielle omsyn:

Eigarstruktur fordelt på fleire er positivt fordi fleire er involvert og har ansvar. Samstundes er det viktig at struktur for vedlikehald og oppfølging er på plass. Alle bygningar har eit gradvis forfall, og det må etablerast rutinar for vedlikehald. Vidare er uteområda sårbare for forsøpling.

Bruk: I dag blir Solabu nytta til dagleg lunsj for elevane på Ulnes montessoriskule. Vidare blir huset brukt til ungdomslaget sine eigne arrangement, leigd ut til teater, selskap og liknande.

I framtida blir det truleg tilsvarande, det vil bli teater der igjen i mai 2021 og kanskje songkor for born.

Hovudmål:

Det viktigaste er å ta vare på bygningen. Det beste er å ta vare på han gjennom aktiv bruk.

Aktuelle tiltak

Det er slite både innvendig og utvendig. Vindauge og panel har røteskadar ved vassbord enkelte stader.



Figur 236. Røteskade ved vassbord

Huset er vaska og vert etter planen måla utvendig med støtte frå Sparebank 1 i hausten 2020.



Figur 237. Utvendig vasking av huset hausten 2020

Skiferen på taket er dårleg, og taket har omfattande vasslekkasjar og skadar. Det betyr at heile taket må skiftast. Dette må gjerast i nærmaste framtid om bygningen ikkje skal få ytterlegare skadar.

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på bygningen	Oppfølging av status tilstand. Plan for vedlikehald og oppfølging	Stoppe røteskadar Måle Skifte tak	Solabu ungdomslag	Sparebank1 Norsk kulturminnefond UNI-stiftelsen
Bruke bygningen	Legge til rette for aktivitetar	Eigne aktivitetar Utleige	Solabu ungdomslag	Brukarar
Ta vare på areala rundt bygningen	Plan for vedlikehald og ansvar uteareal Dugnader	Rydde	Solabu ungdomslag	Solabu ungdomslag Lokale sponsorar

Oppfølgingsansvar

Solabu ungdomslag

17 Døvre skule

Døvre skulekrins var ein av dei 16 første skulekrinsane i Nord-Aurdal. Skulen vart bygd i 1885.



Figur 1. Døvre skule


Brukshistorikk

Før dei fyrste skulehusa vart bygd var det omgangsskular, der læraren samla elevane i eit eigna hus, gjerne ein privat heim, og underviste nokre veker på kvar stad. Døvre skule vart sett opp ved Gigstadbekken i 1885. Det var også skulehus i Skrautvål. Dette var reve i 1889 då Døvre skulekrins og Ranheim skulekrins vart slått saman med kyrkjekrinsen til ein stor skulekrins. Det nye skulehuset i Skrautvål vart sett opp der noverande Skrautvål skule ligg.



Til dei fyrste skulane på 1800-talet var det ikkje skuleskyss. Derfor vart det i staden bygd mange mindre skular, til dømes både i Døvrisgardane, i Skrautvål og i Ranheimsbygde. Læraren underviste nokre veker på kvar stad fordi det var for dyrt å halde éin lærar ved kvar skule. I 1889 var det 105 born i Døvre og Skrautvål skulekrins medan Ranheim hadde 30.

Figur 2. Gunnar Skrautvål var lærar på Skrautvål skule. Ei teikning av han heng no i den gamle skulebygningen. Teikna av Ralph A. Styker



Figur 3. Ranheim skule til venstre og Skrautvål skule til høgre // (bygd 1885). Foto: Valdresmusea/ N. Neste

I 1904 vart Døvre skule utsett for brann. Heldigvis vart mesteparten av bygningen redda, og brannskada tømmer vart dekt av nytt panel innvendig.

Då nye Skrautvål skule vart bygd i 1968–69, vart den gamle skulen der fjerna, medan Døvre skule vart ståande der han var. Etter den tid vart skulen ei periode berre nytta som møtelokale for lekpredikantar. Frå 1934 vart Døvre skule snikkarskule og rommet vart fylt med arbeidsbenker og dreiebenk, og opp under taket var det lagra materialar til tørk. I Etter 1950 var snikkarskula nedlagt. I 1954-55 hadde framhaldskula snikkarunderisning her. 1991 vart Skrautvål skule utvida, og samstundes vart det bygd grendehus og barnehage som ein del av skulebygningen. Grendehusdelen omfatta gymsal med garderober og møterom. Etter at Skrautvål fekk eit nytt grendehus, vart gamle Døvre skule lite nytta, og vedlikehaldet vart dårleg. Huset stod mest utan vedlikehald og med attspikra vindauge. I 2005 vart huset flytta til Skrautvål, der det står i dag. Skrautvål skule ved rektor Bjørg Olsen tok initiativ til både flytting og restaurering, som Lars Lauvhaug og Sverre Magnus Bergum stod i spissen for. Taket vart då senka noko, medan eit påbygg vart fjerna og veggen lukka.



Figur 4. Det har vore eit tilbygg på Døvre skule

Frå 2007 til 2018 var Skrautvål skule Montessoriskule. Det gamle skulehuset var ein ressurs for skulen og gav borna høve til å oppleve korleis ein skule var den gongen då oldemor var skuleelev.



Figur 5. Døvre skule ligg no ved Skrautvål skule

Dagens bruk


Den gamle skulen fungerer i dag som museum og forsamlingslokale . Skrautvål historielag nyttar bygningen til arrangement.



Figur 6. Bygningen er godt eigna til mindre møte. I stogo er eit langbord, og kjøkenet har ei moderne innreiing.



Inventar

Mykje av det gamle skulemateriellet er teke vare på. Her finst gamle skulemøblar, plansjar, bilete og tavler. To gamle trørgel står også i bygningen. Det er laga til eit kjøken med ei meir moderne innreiing.



Figur 7. Dei gamle plansjane er framleis å sjå i skulen. På biletet til høgre står trørgellet med to globusar.

Objekt til kart



Figur 8. Kart til venstre: Gamle Døvre skule i Skrautvål er SEFRAK-registrert. Kart til høgre: Montessoriskulen er todelt slik som vist, i lysebrun og blå farge. Gamle Døvre skule er den vesle blå bygningen litt ovanfor midten på kartet.

Prioritet

Døvre skule er gjeven prioritet 2.

Grunngjeving for prioritering

Skulen, spesielt saman med den nye skulen, fortel om skulehistoria i Skrautvål og Nord-Aurdal. Historia blir materialisert gjennom bygningen.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på kulturminnet, både det fysiske, bruken og historia som knyter seg til minnet.

Bruk: Arrangement og informasjon



Figur 9. Samling i skulehuset. Foto Roy Myrland, langsvegen.no

Hovudmål: Halde kulturminnet og tradisjonen ved like

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på kulturminnet	Plan for vedlikehald og dugnader	Årleg dugnad/vedlikehald	Historielaget	Dugnad Kommune Norsk kulturminnefond
Ta vare på historia om kulturminnet	Aktiv bruk av skulen som møteplass	Møte og arrangement	Historielaget	Historielaget
Formidle historia	Invitere skuleklasser o.a.	Informasjon i bygget som museum	Historielaget	Historielaget

Oppfølgingsansvar

Kommunen, Skrautvål historielag

18. Kyrkjesletta

På Kyrkjesletta er det ei kvadratisk tuft. På folkemunne heiter det at det skal ha stått ei kyrkje her. Det er ikkje mogleg å sjå dette ut ifrå historiske kyrkjedokument. Kring eigedomen er det sett opp ein skigard.

Kyrkjesletta ligg i dag midt i eit stort stølsområde. Det heiter seg at det var fastbuande både på Grøslie, Dalen, Baustin, Fuksebrekk og i Sveningo så langt tilbake som før svartedauden. Seinare overtok stølane, men framleis var det fastbuande i området her både på 1800-talet og faktisk til etter krigen. På ein plass som heiter Ulstølen, var det fastbuande heilt fram til fyrst på 1990-talet.

Brukshistorikk

Segner

Segna vil ha det til at det stod ei lita stavkyrkje her før Olav Haraldsson fór gjennom Valdres. Det er fleire segner om staden:

Kyrkja var full av *trollpakk*, men Olav den heilage dreiv dei ut slik at folket fekk att kyrkja si. Segna fortel at kongen seinare flytta den vesle kyrkja til Skrautvål.

Ei anna segn er om Tore Raggabauste. Tore budde i ei årestove. Ein dag ville ikkje røyken ut. Det var noko som stengde i røykcholet. Då tok han seg ein stakk og stakk opp i røykcholet. «Ikkje stikk meg», sa det. Tore skjønte då at det var haugafolk på ferde, og bad om orsaking. Dagen etter var det messesundag, og Tore ville til kyrkje. Då han kom ut, stod ein stor, fin hingst med sølvbeslått sal, hovudlag og taumar og venta på han. Han brukte hingsten og reid til kyrkjesletta på Dalen der kyrkja var. Tore kom til å sjå ut gjennom ein glugg under messa. Då fekk han sjå ein bitte liten raggete haugatuss som gav fôr til hingsten. Då Tore kom tilbake til bua si om kvelden, sette han hingsten på akkurat same plassen som der han fann han. Morgonen etter var hingsten borte, og det fanst ikkje eit spor å sjå etter han i snøen.

Stadfesting

Det finst ingen skriftlege kjelder som fortel at det har stått ei kyrkje her. Det vi veit, er at murestein vart køyrt frå noko som vart kalla *den gamle kyrkjetomta*, då ein som heitte Eivind Ranei, bygde nytt sel nedi bakkane i nærleiken kring 1830. Stølen som då fekk nytt sel, ligg på nedsida av stølsvegen, like før dei bratte bakkane.

Frugevegen

Ein gammal allfarveg som vart kalla Frugevegen, gjekk forbi kyrkjetomta. Frugevegen starta på Biri, gjekk om bygdene ved Mjøsa, Øvre Snertingdal og Torpa, opp gjennom Etnedalen over Nyset og Tangen og til Steinsetbygde. Veggen gjekk rett forbi Kyrkjesletta, austom Grøslie og vidare til Øystre Slidre. Han gjekk ikkje etter dalbotnen, men fylgde høgdedraga.


Ifrå Volbu i Øystre Slidre og til Lomen i Vestre Slidre blir denne veggen kalla Kvamsvegen, og frå Lomen kunne du følgje den gamle kongevegen heilt til Lærdal. Kan hende vart Frugevegen, i tillegg til å vere ein ferdselsveg, brukt av pilegrimar. Pilegrimane brukte, som andre, dei vegane som var kjende, og som det passa best å følgje. I årboka for Land 1997 er det omtala at det ifrå Biri til Kjensjord var ei kort dagsreise. Der skal det etter segna også ha vore ei kyrkje. Tek ein heile strekket fram til Valhovd, var det truleg ei lang dagsreise. Der skulle det ha vore eit munkekapell. Etter veggen finn ein mange namn som peikar i retning av at veggen har med kristendom og tru å gjere, slik som Munkhatten, Tempelmyra, Kjerkehella, Jomfruslett fjellet og her altså Kyrkjesletta. Og faktisk er det ei hole nørdest i Sigloberget på Grøslie, ikkje så langt unna Kyrkjesletta, som blir kalla Korokyrkja. Her heiter det seg at pilegrimar fór forbi og overnatta.

Sist på trettitalet eller fyrst på førtitalet vart det sett opp benkar på staden, og sidan har det vore messe her kvar sommar. Elles har det vore mange vigslar og barnedåpar her. Kyrkjesletta har vore og er ein sentral plass i Skrautvålsfjellet. For å tidfeste tomte må det til arkeologiske undersøkingar og C14-prøver. Inntil det er gjort, blir alt anna spekulasjonar. Uansett, Kyrkjesletta har vore og er enno ein sentral plass i Skrautvålsfjellet.



Figur 238. Kyrkjesletta. Foto Roy Myrland, langsvegen.no

Registreringar



Figur 239. Kyrkjesletta er markert til høgre. Vest for Kyrkjesletta ligg eit jernvinneanlegg med slagghaug og kolgroper. Frå Valdreskart.no

Det inngjerda området har kyrkjeinventar av stein og torv. I søraust er eit alter med kvitmåla kross av tre. Alterringen er opplagt av torv. Brudestolen står 1,5 m nord for alteret. 2,5 m vest for alteret står endå ein brudestol. Denne er bygd av heller. 3,5 m nord for alteret står ein preikestol bygd av stein. Rett søraust for alteret ligg større stein i dagen. Dei dannar ein halvsirkel. 1 m nordvest for alterringen er det 13 kyrkjebenkar bygd av torv med midtgang. Åtte m søraust for sørre hjørne er ein mur frå nyare tid. Før 1930 skal det ha vore restar etter gamle murar. Stein frå muren skal ha vore nytta i muren til eit sel på ein av stølane på Dalen. Det går også ein gamal ferdsleveg her.

Retten vest for Kyrkjesletta er det registrert jernvinneanlegg med slagghaug og to kolgroper.

Objekt til kart



Figur 240. Flyfoto og kart over Kyrkjesletta

Prioritet

Kyrkjesletta er gjeven prioritet 2.

Grunngjeving for prioritering

Historia om Kyrkjesletta og at det skal ha stått ei kyrkje her, er uviss, men det er ein levande tradisjon i bygda. Han fortel mykje om kyrkjehistoria og koplar seg til ei vidare kyrkjehistorie og pilegrimsvegen gjennom Valdres.

Forslag til forvaltning

Spesielle omsyn:

Det viktigaste er å ta vare på kulturminnet, både det fysiske og tradisjonen som knyter seg til minnet.

Bruk: Arrangement og informasjon

Hovudmål: Halde kulturminnet og tradisjonen ved like

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Ta vare på kulturminnet	Plan for vedlikehald og dugnader	Årleg dugnad/vedlikehald	Kyrkjelyd	Dugnad Norsk kulturminnefond
Ta vare på historia om kulturminnet	Aktiv bruk av Kyrkjesletta som kyrkjestad	Kople til messer og arrangement	Kyrkjelyd, historielag ofl.	Dugnad
Formidle historia	Definere målgruppe og delingsmedium	Informasjon på utvalde stader som plakat, brosjyre eller nett	Historielaget Kyrkjelyden	Historielaget

Oppfølgingsansvar

Eigar, Skrautvål kyrkjelyd, Skrautvål historielag

19 Kulturlandskapet på Dalen - eit pilotprosjekt for verdiskaping i stølsområde

Kulturlandskapet på Dalen har vore nytta til husdyrbeiting i mange generasjonar.

Dalen er eit svært gammalt område med stor menneskeleg aktivitet, mange historier og segn. Initiativ til å bruke området som pilot for verdiskaping i stølsområda kjem frå Einar Asbjørnsen som tidlegare gardbrukar og grunneigar. Det er derfor ikkje lagt inn i Temaplan for kulturminne som avgrensa område, men for å sjå på moglegheiter for utvikling og verdiskapinga knytt til dei historiske og biologiske verdiane i området.

Brukshistorikk

Området er eit jordbruks- beiteområde med mange spor etter eldre tids bruk, Dalselva og Dalsfjorden (Steinsetfjorden) har fungert som naturlige sperregjerder. I 1923 hette denne delen av Steinsetfjorden framleis Dalsfjorden. I jernalder var det jarnutvinning og reinfangst her, og spor etter fangstanlegg og jarnvinner finnast framleis. Segna fortel at ein gong stod ei kyrkje på Dalo, like nordafor Steinsetbygda. Kyrkja låg etter ein gamal allfarveg mellom Øystre Slidre og Torpa, som dei kalla «Frugeveien».


På Dalo har Skrautvålsbygdinger og Ranheimsbygdinger støl. Om du slår ein sirkel på 3 km rundt Dalo er det 13 aktive mjølkekvotar, 10 føretak der 8 er på stølen, ein av dei er i Etnedal. Fleire har ammeku og sau. At Dalen er ein gamal stad fortel namnet oss. Gardane her heiter Dalbu, Sørli, Søreng og Nordeng. Stavseng ligg mellom Agnebrok, Brenn og Jyllandbrenn som staven i en kinne. Vidare finn vi Skogen og Skogastølen, Løvås og Lieng.



Figur 241. Gardane på Dalen

Registreringar

På Dalen finnes fortsatt mange kolgroper etter jarnutvinning. På kys og tvers går det stiger til Trollaldalen, Skjenaløk, Grøslie, Ulstølen, Jyllandbrenn, Brenn, Jøsup og kyrkjevegen til Skrautvål. Vidare går Dalsvegen inn i Skrautvål sameige og til nasjonalparken Langsua. Dalen grenser til Etnedal i aust og ligg som ei naturleg forlenging av Steinsetbygda. Steinsetbygda ligg på liste over nasjonalt verdifulle kulturlandskap på grunn av rikt tal raudlisteartar som bakkesøte. Liknande registreringar er gjort i Dalen i samband med kommunale kartleggingar.



Figur 242. Kartet synder registrert naturtyper, artar av nasjonal forvaltingsinteresse (grå prikkar) og raudlisteartar (gule prikkar). Frå Naturbase.no




Figur 243. Registrerte automatisk freda minne i området

Eit av 12 kraftverk ved vassdrag i Etnedal ligger på Dalen ved Dalselva. Det finnst bilete av anlegget hos Vebjørn Bacher.

Objekt til kart

Området ligg i Skrautvål sameige, aust i kommunen mot Etnedal og Steinsetbyda. Lokalitet 18 Kyrkjlesletta i Temaplan for kulturminne ligg nord for Dalen. Det er ikkje sett noko geografisk grense for dette pilotprosjektet.



Figur 244. Det er ikkje sett nokon geografisk grense for pilotprosjektet

Prioritet

Dalen er gjeven prioritet 2

Grunngeving for prioritering

I nasjonale målsettingar for kultur blir det mellom anna lagt vekt på engasjement, bærekraft og mangfald, at alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø og at kulturmiljø skal bidra til bærekraftig utvikling gjennom heiskapeleg samfunnsplanlegging. Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunn for kunnskap, oppleving og bruk.

Dalen er eit område som er særst godt egna til opplevingar og formidling. Ein ny generasjon har take over garden og vil satse på fjellbeite og støldrift. Området er svært rikt på historie og kulturminne. Samstundes er det lett tilgjengeleg og ligg ved foten av Langsua nasjonalpark og i nærleiken av

Valdres høyfjellshotell.

Forslag til forvaltning

Dalen har drive med stølsdrift. Med bakgrunn i initiativ frå ein av dei tidlegare grunneigarane er området lagt inn som «pilot» eller testområde for verdiskaping. I Temaplan for kulturminne er dette området definert som aktuelt område for verdiskaping knytt til stølsdrift og bruken av området frå førhistorisk tid til i dag. Marknad for natur- og kulturbaserte opplevingar ligg mellom anna i Valdres Høyfjellshotell som ligg i nærleiken. Dersom grunneigarane vil, skal det gjennomførast ide-dugnad og mobilisering og utarbeidast ein eigen plan for området som pilot for verdiskaping og stølsdrift – dersom det er interesse for vidare utvikling.

Spesielle omsyn:

På stølen og i kulturlandskapet er det fleire omsyn å ta

Det viktigaste er å ta vare på stølslandskapet. Andre omsyn som bør takast, er:

- Naboskapet i stølsgrenda og området elles
- Beitedyra
- Kulturminna

Bruk:

Stølsdrift og opplevingsturisme

Hovudmål:

Auka verdiskaping i området

Aktuelle tiltak

Mål	Strategi	Aktuelle tiltak	Ansvar	Finansiering
Mobilisere	Skape møteplassar Idéskisse	Invitere grunneigarar og interessantar	Einar Asbjørnsen	Privat dugnad
Vise moglegheiter	Utarbeide bruks- og tiltaksplan	Avdekke behov, potensiale og interesse	Einar Asbjørnsen	Privat dugnad
Aktiverere tiltak	Følgje opp tiltaksplan	Rydde, restaurere, produsere, selje	Einar Asbjørnsen	SMIL, RMP, Norsk Kulturminnefond
Auka kunnskap	Involvere forskings- og kompetansemiljø	Forskning Rettleiing	NIBIO	Forskningsrådet
Formidling	Plan for formidling	Informere på tavler, web og kurs	Alle	Sparebankstiftelsen Unl stiftelsen

Oppfølgingsansvar

Einar Asbjørnsen

DEL 5 OPPFØLGJING OG VIDARE ARBEID I NORD-AURDAL

Oppfølgingsområde

Det er her berre tekne med 19 minne. Minne som ikkje vart med denne gongen, men som bør vurderast ved revisjon er mellom anna:

- *Gravhaugen på Strand*
- *Flatager og Ivarshaugen*
- *Meisdalen gard med steinfjøset*
- *Hjelle gard med kulturlandskap*
- *Skrautvål og kulturlandskap*
- *Gamle vegar og goter (som til dømes på Åbjørstølen)*
- *Bergflagget på Leira*
- *Krigshistorie og krigsminne samt luftvarslingspostar frå mellomkrigstida*

DEL 6 LOVVERK OG VERKEMIDLAR

Lovverk

Innanfor kulturminneforvaltinga gjeld fleire ulike lovverk.

Kulturminnelova

Kulturminnelova har ein klår definisjon av kulturminne:

«Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.» (Kulturminnelova av 9. juni 1978, § 2).

Kulturminnelova omhandlar dei konkrete, fysiske kulturminna som kan sjåast og takast på, og ikkje kulturminne som song, dans og tradisjon.

Automatisk freding

Alle kulturminne som er frå 1536 eller før, og bygningar frå før 1650 er automatisk freda etter kulturminnelova av 9. juni 1978 § 4. Ein har meldeplikt dersom ein skal endre bygningar frå før 1850. Før-reformatoriske minne blir også kalla fornminne. Desse har vi ikkje lov til å fjerne, flytte eller endre utan løyve frå kulturminnemyndigheitene. Med til automatisk freda kulturminne høyrer også eit område rundt den synlege eller kjende ytterkanten av kulturminnet, så langt det er naudsynt for å hindre tiltak (§ 6). Om ikkje anna er bestemt, gjeld ei sikringsone på 5 m.

Vedtaksfreding

Av og til er det naudsynt å freda kulturminne som ikkje er automatisk freda, det vil seie frå nyare tid. Det kan vere bygningar eller andre kulturminne som har spesiell verdi. Desse blir freda med enkeltvedtak, jf. § 15 i kulturminnelova.

Innleveringsplikt

Dersom du gjer eit laust funn som er frå før 1537, er det innleveringsplikt. Det er fordi det dessverre syner seg at slike minne forsvinn frå oppbevaringsstaden etter ei tid. Og med gjenstanden forsvinn eit stykke av vår felles historie. Difor blir alle slike gjenstandar oppbevart i museum eller oldsaksamlingar. Der blir funna arkivert etter gardsnamn, og alle funn får eit arkivnummer. Arkivet er tilgjengeleg på Internett <http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/oslo/hovedkat.html>.

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova regulerer kva inngrep som kan gjerast i samanheng med utbygging, og korleis plantiltak skal utførast. Lova er basert på spegelvendingsprinsippet. Det betyr at inngrep som ikkje står omtala i lova, ikkje er tillatne. Hovudmålsetjinga er å gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar eller om utbygging. Lova skal vere grunnlag for den totale planlegginga og omhandlar tre plantypar:

1. Fylkesplan

Fylkesplanen skal utarbeidast i kvart fylke og gje oversikt over natur- og kulturressursane. Fylkesplanen er retningsgjevande, men ikkje rettsleg bindande.

2. Kommuneplan

I gjeldande plan- og bygningslov vil det seie at kulturminnet eller miljøet blir regulert til omsynssone C (erstattar regulering til spesialområde bevaring i tidlegare plan- og bygningslov). Vern gjennom reguleringsplanen er kommunens fremste moglegheit til å beskytte verneverdige kulturminne og miljø. Kva for omsyn som skal takast, skal definerast i kvart høve.

3. Reguleringsplan

Kommuneplanen er ein oversiktsplan over planlagde tiltak i kommunen. Arealdelen av kommuneplanen er rettsleg bindande og viktig i forvaltningssamanheng. Bandlegging gjennom kommuneplanen har rettsleg verknad i fire år.

Reguleringsplan skal utarbeidast der det er påkravd i arealdelen. Område kan også regulerast til omsynssone i reguleringsplanar. Det inneber ei mildare form for vern enn alternativa i kulturminnelova, men i reguleringsplanar kan det vere krav om utgravingar. Avgjerslene til planutvalet har på den måten stor innverknad på kulturminneforvaltninga i kommunen (plan- og bygningslova 1985).

Skogbrukslova

Eit siktemål i skogbrukslova er at det blir teke vare på miljøverdiar, slik som kulturminna. På dette viset kan også kulturminne frå nyare tid få større merksemd.

Listeføring

Listeført kyrkje

Kyrkjer som er bygd før 1537 og erklært ståande kyrkjer frå 1537–1650, er automatisk freda. I tillegg er eit fåtal kyrkjer vedtaksfreda. Alle dei rundt 300 kyrkjene som er oppført mellom 1650 og 1850, blir betrakta som verneverdige og er derfor listeført. Listeført er også ei rekke verneverdige kyrkjer som er bygd etter 1850. Det er utarbeidd eit eige rundskriv (T-3/2000) som fastset forvaltnings- og sakshandsamingsrutinar for tilhøvet mellom kyrkjeleg myndigheit og Riksantikvaren når det gjeld dei listeførte kyrkjene. Riksantikvaren skal uttale seg før det blir fatta vedtak som inneber inngrep i / endringar av listeførte kyrkjer.

Statleg listeført

I denne kategorien er det bygningar og anlegg som er gjevne verneklasse 2 i det landsomfattande prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar. Desse kulturminna er vurdert til ikkje å ha nasjonal verdi, og ved sal blir det anbefalt at dei blir regulert til omsynssone.

Lokalt listeført

Denne nemninga blir brukt om bygningar, miljø og andre kulturminne som lokal vernemyndigheit (byantikvarane/kommunane) vurderer som verneverdige, sjølv om det ikkje er fatta eit formelt vernevedtak.

Omgrep

I kulturminneforvaltninga blir det nytta ulike omgrep:

Freda kulturminne. Freding er den strengaste forma for vern. Freding inneber at inngrep/endingar på kulturminnet som går utover vanleg vedlikehald, må godkjennast av myndigheitene. Dette kan vere både automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne.

Automatisk freda kulturminne. Alle kulturminne som er frå 1536 eller før, og bygningar frå før 1650 er automatisk freda etter kulturminnelova av 9. juni 1978 § 4. Desse blir også kalla *fornminne*, men blir her berre omtala som automatisk freda kulturminne. Desse har vi ikkje lov til å fjerne, flytte eller endre utan løyve frå kulturminnemyndigheitene. Med til automatisk freda kulturminne høyrer også eit område rundt den synlege eller kjende ytterkanten av kulturminnet så langt det er naudsynt for å hindre tiltak (§ 6). Om ikkje anna er bestemt, gjeld ei sikringssone på 5 meter.

Vedtaksfreda kulturminne. Eit vedtaksfreda kulturminne er freda gjennom særskilt vedtak for kvart enkelt kulturminne.

Verna kulturminne. Eit verna kulturminne kan vere verna med heimel i lov eller gjennom andre verkemiddel (kjelde: www.riksantikvaren.no).

Verneverdig/bevaringsverdig kulturminne. Verneverdig og bevaringsverdig tyder det same. Eit verneverdig eller bevaringsverdig kulturminne er eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig.

Dei mest verneverdige kulturminna er av nasjonal verdi. Det er først og fremst desse som er freda etter kulturminnelova. Kulturminne kan også ha regional eller lokal verdi. Normalt vil det vere kommunane som sikrar vern av slike kulturminne ved hjelp av plan- og bygningslova (kjelde: www.riksantikvaren.no).

Omsynssone bevaring. Dette er ei moglegheit i plan- og bygningslova til å verne objekt og område som har lokal og regional kulturminneverdi. Overordna avgjersler om bevaring i kommunane si arealplanlegging kan vedtakast med heimel i plan- og bygningslova § 11-8 tredje ledd bokstav c) og § 11-9 nummer 7. Føresegner om omsynssone bevaring i reguleringsplanar kan vedtakast med heimel i plan- og bygningslova § 12-5 andre ledd nummer 5 og § 12-7 nummer 6. Ei omsynssone kan også regulere interiør og materialbruk.

Arkeologisk kulturminne. Arkeologiske kulturminne er spor etter menneske som har levd i tidlegare tider. Kunnskapen frå desse kjeldene kan gjere oss betre i stand til å forstå oss sjølve, vår samtid og andre menneske og kulturar.

Nyare tids kulturminne. «Kulturminne frå nyare tid» inkluderer i utgangspunktet alt som ikkje er automatisk freda i medhald av *lov om kulturminner* fram til i dag. I Valdres er dette i praksis ståande bygningar, leivningar og stader knytt til tru/tradisjon som er yngre enn reformasjonen (yngre enn 1537). Dei fleste minna som er registrert i samband med stølsregistreringane, er frå nyare tid.

Kulturmiljø. Dette er område der kulturminna inngår som del av ein større heilskap eller samanheng.

Kulturlandskapselement frå nyare tid. Dette er leivningar som ikkje er automatisk freda, i hovudsak leivningar knytt til jordbruk og seterdrift, slik som rydningsrøyser, steingjerde, fossile åkrar, hustufter, vegfar osb.

Leivningar. Med *leivning* meiner vi fysiske spor som rest av noko som har eksistert. Eit ståande hus er ein bygning, men tufta etter bygningen er ein leivning.

Tilskotordningar

Nedanfor er det sett opp nokre døme på kva det kan søkjast tilskot til, og kvar ein kan søkje. Mange av ordningane kan ha årvisse endringar. Merk at ordningane kan endrast, og at vi her berre har presentert nokre av dei viktigaste i 2017. Fleire av Valdres-kommunane abonnerer på <http://www.tilskuddsportalen.no> der du kan søkje deg fram til aktuelle ordningar.

Statlege tilskotordningar

Nedanfor er det vist til dei viktigaste støtteordningane på statleg nivå. For meir info sjå regjeringas Rundskriv Nr: T-1/16 (for 2017).

Norsk kulturminnefond

Kulturminnefondet er ei statleg tilskotsordning for private eigarar av verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Tilskota er delt inn i:

- istandsetjing, med søknadsfrist 1. november
- strakstiltak (tiltak mellom kr 10 000 og 50 000); støtta går til å hindre vidare forfall før seinare istandsetjing.

Riksantikvaren

Eigarar eller forvaltarar av kulturminne kan søkje om tilskot til tiltak som for eksempel istandsetjing, sikring og skjøtsel. Her finn du informasjon om kva du kan søkje om tilskot til, målgrupper og korleis du kan gå fram for å søkje.

Det kan gjevast tilskot til tiltak innanfor:

- [arkeologiske kulturminne](#)
- [brannsikring av tette trehusmiljø](#)
- [bygningar, ruinar og anlegg frå mellomalderen \(før 1537\)](#)
- [bygningar og anlegg etter 1537](#)
- [fartøy](#)
- [fartøyvernsentera](#)
- [konservering av fast inventar](#)
- [konservering av kyrkjekunst](#)
- [kulturmiljø og kulturlandskap](#)
- [samiske kulturminne og kulturmiljø](#)
- [tekniske og industrielle kulturminne](#)
- [verdiskaping](#)
- [verdsarv](#)

Klima- og miljødirektoratet

Det har vore mogleg å søkje tilskot til truga naturtypar og utvalde naturtypar. Dette gjeld både undersøkingar, utarbeiding av skjøtelsesplanar og tiltak i naturtypar. Slåttemark (natureng) og slåttemyr fell innanfor denne ordninga.

Regionale tilskotsordningar

Både fylkeskommunen og Fylkesmannen har tilskot som kan nyttast til kulturminne. Ordningane hos Fylkesmannen gjeld spesielt kulturlandskap og biologisk mangfald, medan fylkeskommunen gjev støtte til freda bygg.

Oppland fylkeskommune

Kulturarv-avdelinga i Oppland fylkeskommune gjev tilskot til freda bygningar i privat eige. Tilskota er delt inn i:

- forundersøkingar eller arkitektfagleg bistand (ingen søknadsfrist)
- istandsetjing (søknadsfrist 1. november)
- strakstiltak/sikring (ingen søknadsfrist)

Fylkesmannen

Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen administrerer tilskot gjennom RMP (Regional miljøprogram). I Oppland inkluderer det tilskot til seterdrift, beiting og slått på areal med miljøverdi.

Kommunale tilskotsordningar

Alle kommunar har ei eller fleire tilskotsordningar som inkluderer kulturminne.

SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket)

Kommunane har gjennom si eiga SMIL-ordning moglegheit til å gje støtte til verneverdige bygningar. Føremålet med SMIL-midlane er å ivareta natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapa til jordbruket, og å redusere forureininga frå jordbruket utover det som blir forventa gjennom vanleg jordbruksdrift.

Frå Landbruksdirektoratet: «Tilskudd kan gis til foretak der det foregår en tilskuddsberettiget produksjon på landbrukseieendommen, og som oppfyller vilkårene i forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.»

Private tilskotsordningar

Det finst ei rekke private tilskotsordningar og legat. Nokre er lista opp her. På neste side finn du link til fleire. Meir finn du også på <http://www.tilskuddsportalen.no>

Sparebankstiftelsen DnB

Stiftinga gjev støtte innanfor det geografiske virkeområdet sitt. I 2017 gjev ho tilskot til tiltak som aukar forståinga for å ta vare på kulturminne, aukar interessa for historie og bidreg til å ta vare på handverkstradisjonar. Prioriteringane endrar seg over periodar.

UNI-stiftinga

Stiftinga UNI er ei allmenntilgjengelig stifting som skal støtte tiltak som vernar menneske og fortidsminne. Stiftinga sine vedtekter seier det slik: «Stiftelsen UNI er en stiftelse med ideelt formål å fremme allmenntilgjengelig virksomhet innen skade- og miljøvern, for dermed å bidra til en trygg utvikling i det norske samfunnet. Stiftelsens bidrag skal i første rekke være økonomisk støtte til prosjekter og påskjønnelse til institusjoner og enkeltpersoner.» Søknadane blir behandla på styremøte seks gonger i året.

Norsk kulturarv

Norsk kulturarv administrerer ordningane «Ta eit tak» og «Rydd eit kulturminne». «Ta eit tak»-ordninga er finansiert av UNI-stiftinga.

Legat og andre private tilskot


Sjå <http://kulturminnefondet.no/wp-content/uploads/2016/06/4.4-Private-stiftelser-og-fond-ny.pdf>

Del 7 VEDLEGG REGISTRERTE KULTURMINNE

(Eigen tabell og kart)

KJELDER

- Asheim, Torkjell, Karsrud, Bjørn, Aud Karin Klevgård 2001. Leira i Valdres. ISBN 8299612608
- Bosheim, Oddkjell (2010). *Ljøsndalen – stølsveg og saltveg*. Upublisert.
- Dietrichson, Ragnhild (1996). *Gamal byggeskikk i Vestre Slidre*. Vestre Slidre kommune og Valdres folkemuseum
- Feste AS Lillehammer (1998). Stedsanalyse for Fagernes sentrum. Rapport 01.12.1998
- Grønbrekk, Nina Espeseth (2009). Snev av urbanitet. En fortelling om Fagernes som moderne tettsted 1857 – 2007. Masteroppgave, Institutt for kulturstudier og orientalske språk
- Hvattum, Harald (1993). *På gamle vegar i Valdres: Vegbygging, vedlikehald og vegstyring i Valdres fram til slutten av 1800-talet. Vegkulturminne i dag*. Fagernes: Valdres Forlag.
- Hvattum, Harald (2019). Gard og bygd i Nord-Aurdal
- Ilkjær, Jørgen (2000). *Den første Norgeshistorien – Illerupfunnet: Ny innsikt i skandinavisk romertid*. Kulturhistorisk Forlag.
- Iversen, Ingolf (1986). Fageres en minnebok. Paul Dreyers Forlag
- Jahnsen, Jahn Børe (2008). *Mellomalderkyrkjer i Valdres*.
- Jahn Børe Jahnsen (1977). *Mo kyrkjeruin*.
- Kyvik, Gro (2006). *Minne om fortida. Fortidsminne i Vestre Slidre*. Slidre: Vestre Slidre kommune.
- Lindbæck-Larsen, Odd (1971). Kampene i Valdres, Norges forsvarsforening
- Oppland fylkeskommune (2012): *Prioriteringsliste over kulturminner som ønskes tilrettelagt i Oppland Fylke*. BARK
- Ramstad, Morten (2010). *Vikingtidsplassen på Bjørgum, utgravning og formidling*. Årbok for Bergen Museum 2010, s. 56–67.
- Solbrekken, Ingeborg (2018), Gestapos mest ettersøkte Nordmenn
- Thorstensen, Cathrine (2010). Milesteiner i Norge. Vejhistorie, nr. 17, forår 2010.
- Riksantikvaren (2010). *Mo kirkeruin, faktaark*.
- Valdresmusea (2008). Bygdebyen Fagernes



VALDRES
skjerper sansane